Hyllestad kommune

# KU og ROS-analyse

## Kommuneplanen sin arealdel 2026-2038

*Vedteken xx.xx.xx*



# Innhald

INNHALD ...1
1 FØREMÅL MED UTGREIINGANE ...3
2 KONSEKVENSUTGREIING ...4
2.1 Metode for konsekvensutgreiing ...4
2.1.1 VERDIVURDERING ...4
2.1.2 VERDIEN AV OMRÅDET KNYTT TIL MILJØ OG SAMFUNN ...4
2.1.3 OMFANG AV ENDRINGAR ...5
2.1.4 KONSEKVENSAR AV ENDRA AREALBRUK ...5
2.2 Tema i konsekvensutgreiing ...6
2.2.1 DYRKA MARK OG SKOGRESSURSAR ...6
2.2.2 KULTURMINNER OG KULTURLANDSKAP ...6
2.2.3 KLIMAUTSLEPP OG ANNA UREINING ...7
2.2.4 LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR ...7
2.2.5 NATURMANGFALD ...7
2.2.6 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV ...7
2.2.7 TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR ...7
2.2.8 SOSIAL INFRASTRUKTUR ...7
2.2.9 BORN OG UNGE SINE INTERESSER ...7
2.2.10 FOLKEHELSE - REKREASJON OG FRILUFTSLIV ...8
2.3 Samla vurdering ...8
2.4 Utgreiing av alternativ ...8
2.4.1 ANALYSAR OG UTGREIINGAR SOM GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET: ...8
3 RISIKO- OG SÅRBARANALYSE ...10
3.1 Utgangspunkt for vurdering av risikonivå ...10
3.2 Risikomatrikser ...10
3.2.1 LIV OG HELSE ...10
3.2.2 MILJØ / MATERIELLE VERDIAR ...10
3.3 Grad av sannsyn ...10
3.4 Grad av konsekvens ...11
3.4.1 LIV OG HELSE ...11
3.4.2 NATUR OG MILJØ ...11
3.4.3 MATERIELLE VERDIAR ...11
3.5 ROS-analysen ...11
4 AREALSTRATEGI - KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2026-2036 14
5 INNSPEL TIL PLANEN ...15
6 INNSPEL ETTER 1.GANGS HANDSAMING ...54

Høyringsutkast

7 ENDRINGAR I PLAN SOM AVBØTANDE TILTAK ....121
7.1 Oppsummering avgrensing av innspel ....126
8 PLANVASK ....127
9 SAMLA VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET ....129
9.1 Verknad av samla areal ....129
9.2 Samla verknad av kvart utgreiingstema KU og planvask ....129
9.2.1 DYRKA MARK OG JORDVERN ....129
9.2.2 KULTURMINNE ....130
9.2.3 KLIMAGASSUTSLEPP OG ANNA FORUREINING ....130
9.2.4 LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR ....130
9.2.5 NATURMANGFALD ....130
9.2.6 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV ....131
9.2.7 TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR ....131
9.2.8 SOSIAL INFRASTRUKTUR ....131
9.2.9 BARN OG UNGE SINE INTERESSER ....131
9.2.10 STØY ....131
9.2.11 FOLKEHELSE ....131
9.3 Verknad av samla arealbruksendringar ROS ....131
9.4 Samla verknad av kvart utgreiingstema ROS ....132
9.4.1 RAS/SKRED ....132
9.4.2 FLAUM ....133
9.4.3 HAVNIVÅ ....133
9.4.4 HØGSPENT ....133
9.4.5 GRUNNTILHØVE ....133
9.4.6 VIND/EKSTREMVÊR ....133
9.4.7 SAMLOKALISERING ....134
9.4.8 TRAFIKK ....134
9.4.9 BROT INFRASTRUKTUR ....134
9.4.10 RESPONSTID FOR UTRYKKINGSKJØRETØY ....134
10 OPPSUMMERING ....135


Høyringsutkast

# 1 Føremål med utgreiingane

Konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen følgjer som vedlegg til kommuneplanen. Utgreiingane skal avdekke konsekvensar ved framlegga til endra bruk av areal i kommunen og det er viktig at konsekvensane vert teke omsyn til ved vedtak av endringar. I arbeidet med kommuneplanen har alle innspel til ny arealbruk vore utgreidd tidleg i prosessen og avdekka konsekvensar har ført til at innspel anten er endra i utstrekning, eller at andre avbøtande tiltak er innarbeidd i føresegnene til planen.

Føremålet med konsekvensutgreiinga (KU) er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert ivareteke under utarbeiding av planar eller tiltak, når det vert teke stilling til om, og på kva vilkår, tiltak kan gjennomførast. Utgreiinga skal skildre verknadane for kvart einskild område og av dei samla arealbruksendringane i framlegget til ny kommuneplan. Vurderingane skal vere på oversiktsnivå, og det skal gjerast greie for kva som eventuelt må vidare utgreiast i detaljplan. Risiko- og sårbaranalysedelen (ROS) av utgreiinga skal sikre at planen ikkje bygger ny sårbarheit inn i samfunnsoppbygginga og at kjende risikoelement vert teke omsyn til når nye utbyggingsområde vert vurdert.

Høyringsutkast

# 2 Konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiingar § 18, seier at for kommuneplanar kan konsekvensutgreiinga avgrensast til å gjere greie for verknadane planen kan få på eit overordna nivå. Unntak er der det i planen konsekvensutgreiast konkrete tiltak. Konsekvensutgreiinga av kommuneplanen sin arealdel skal berre omfatte dei delane av planen som fastsett rammer for framtidig utbygging og som samtidig inneber endringar av den gjeldande planen. Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader som utbygging av nye område, eller vesentleg endra arealbruk i utbygde område, kan få for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga bør fokusere på korleis viktige miljø- og samfunnsomsyn vert påverka av strategiske val, og korleis dette slår ut for kommunen som heilskap. Arealrekneskapen er eit viktig bidrag når dei samla verknadane skal vurderast. Det skal vidare gjerast greie for kva tilhøve som skal avklarast og utgreiast nærare i påfølgjande reguleringsplanar, jf. plan- og bygningsloven § 11-9 nr. 8.

## 2.1 Metode for konsekvensutgreiing

Konsekvensutreiinga er delt inn i to delar:

Del 1 – vurdera verdi og endringar for kvart einskild område

1. Verdivurdering: Ei vurdering av einskildområda sin verdi
2. Omfang: ei vurdering av endringa/påverknad endringa medfører for kvart einskild område
3. Konsekvens: Ei samla vurdering av verdi og omfang av einskildområde
4. Tilråding

Del 2 – vurdere verknadene av dei samla arealbruksendringane i planframlegget:

1. Vurdere samla verknader etter arealføremål
2. Samla vurdering av kvart utgreiingstema

### 2.1.1 Verdivurdering

Det vert utarbeid ein metode for verdifastsetjing av områda knytt til miljø og samfunn tilpassa lokale tilhøve i Hyllestad. Verdifastsetjinga og vurderingane tek utgangspunkt i eksisterande dokumentasjon i form av regionale og lokale kartleggingar. Verdifastsetjinga skal skje på desse nivå:

- Nasjonale nivå
- Regionale nivå
- Lokalt nivå

### 2.1.2 Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Verdien knytt til miljø og samfunn vert vurdert for kvart einskild område, og vert verdsett ut i frå følgjande skala: L = Liten verdi, M = middels verdi S = Stor verdi.

| Tema | Undertema |
|---|---|
| Born og unge | Leike- og friområde |
| Kulturminne og kulturmiljø | Freda bygg og anlegg, verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, naust og sjøhusmiljø, gardstun, osv. |
| Primærnæring | Landbruket ditt produksjonsgrunnlag: Dyrka jord, beiteland, skogsmark m.m. |
| Rekreasjon og friluftsliv | Badeplassar, turvegar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske, allmenn tilkomst sjø |
| Naturverdiar og biologisk mangfald | Biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag, strandsone, sårbare landskap og landemerke, viktige naturtypar |
| Tema | Undertema |

Høyringsutkast

| | |
|---|---|
| Born og unge | Leike- og friområde |

Område utan kartlagde førekomstar er sett til liten verdi. Der det er kartlagde og kjende verdiar av lokal viktigheit er desse areala vurdert til å vere av liten til middels verdi. Der det finst sjeldne førekomstar, eller særskilte verdiar av regional eller nasjonal viktigheit er desse områda vurdert til å ha stor verdi.

### 2.1.3 Omfang av endringar

Omfanget av endringar skal vurderast og verdsetjast. Dette er ein vurdering av kva konkrete endringar tiltaket kan medføra for dei ulike miljø og område. Omfang av endringar vert vurdert for dei same tema som vert konsekvensutgreidd og skala for omfang er følgjande:

| -2 | -1 | 0 | +1 | +2 |
|---|---|---|---|---|
| Stor negativt omfang | Middels negativt omfang | Lite eller ubetydeleg omfang | Middels positivt omfang | Stor positivt omfang |
| Arealbruken vil øydeleggje for dei aktuelle tema | Arealbruken vil redusera verdien av dei aktuelle tema | Arealbruken har ingen vesentleg innverknad på tema | Arealbruken vil betre verdien for det aktuelle tema | Arealbruken vil i stor grad betre verdien for det aktuelle tema. |

### 2.1.4 Konsekvensar av endra arealbruk

Konsekvensar ved ny/endra arealbruk kjem fram ved ei samanstilling av verdi og omfang: Verdi x omfang = konsekvens.

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert i ein skala frå -4 til +4, frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særskilte konsekvensar er konsekvens satt til 0. Ikkje alle tema er vurderte som relevante for alle områda. Desse er då ikkje talfesta eller omtalt vidare. Dei faglege vurderingane byggjar på kunnskap (utgreiingar, registreringar m.m.) ein har for området pr. i dag.

Konsekvensane for endra arealbruk tek utgangspunkt i relevante nasjonale, regionale og lokale mål for miljø- og samfunnsutviklinga. I tilfelle endra arealbruk får stor nok innverknad på tilgrensande område skal dette også vurderast. Kvart område er avgrensa og vist både på kart, ortofoto og i nokre tilfelle bilete.

| Konsekvens (omfang) av inngrep | Vurdering | | |
|---|---|---|---|
| | Liten verdi | Middels verdi | Stor verdi |
| Stort positivt omfang | + 2<br>Middels positiv konse-kvens | + 3<br>Stor positiv konsekvens | +4<br>Svært stor positiv konsekvens |
| Middels positivt omfang | +1<br>Litt positiv konsekvens | +2<br>Middels positiv konsekvens | +2/+3<br>Middels til stor positiv konsekvens |
| Lite omfang/ubetydeleg | 0<br>Ubetydeleg konsekvens | 0<br>Ubetydeleg konsekvens | -1/0 / 0/+1<br>Lite eller ubetydeleg konsekvens |
| Middels negativt omfang | -1<br>Litt negativ konsekvens | -2<br>Middels negativ konsekvens | -2/3<br>Middels til stor negativ konsekvens |

| | Stort negativt omfang | -2<br>Middels negativ konsekvens | -3<br>Stor negativ konsekvens | -4<br>Svært stor negativ konsekvens |
|---|---|---|---|---|

## 2.2 Tema i konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga vert strukturert på følgjande måte:

| Tema | Undertema | Kunnskapsgrunnlag |
|---|---|---|
| **Miljø** | | |
| Dyrka mark og jordvern | Konsekvensar for landbruksproduksjon og for landbruket sitt produksjonsgrunnlag: dyrka jord, beiteland, skogsmark, m.m. | Fylkesatlas, Gardskart, Kilden, FM, VLFK |
| Kulturminne og kulturlandskap | Freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre busetnad, gardstun, sårbare og verdifulle kulturlandskap. | Askeladden, Gardskart, Kulturminneplan, Kvernsteinsplan, VLFK |
| Klimautslepp og anna ureining | Ny arealbruk sin påverknad på vassførekomstar, fortetting av sentrum. Ureining i grunnen, ureining i vatn, luftforureining, støy | Naturbase, Fylkesatlas, Vannett, VLFK. Klimaprofil Sogn og Fjordane, Norsk klimasenter |
| Landskap og grønstruktur | Konsekvens for sårbare/verdifulle landskap og landemerke, inkl. fjernverknad av ny/endra arealbruk. Inngrep i strandsona | Fylkesatlas, VLFK |
| Naturmangfald | Biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag og strandsone | Naturbasen, Fylkesatlas |
| Nærmiljø og friluftsliv | Helse og miljø. Friluftsområde. Badeplassar, turvegar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske, allmenn tilkomst sjø | Fylkesatlas, VLFK |
| **Samfunn** | | |
| Transport og infrastruktur | Trafikktryggleik, veg, vatn, avlaup, IKT | Fylkesatlas |
| Sosial infrastruktur | Skule og barnehage, aldersheim, omsorgsbustad, offentlege tenester, servicetilbod, heilskapleg pleie og omsorgstenester | Trafikktryggleiksplan, KDP Idrett og fysisk Helse, |
| Barn og unge sine interesser | Leikeområde og oppvekstvilkår | KDP Idrett og fysisk Helse, |
| Støy | Støyområde, konsekvensar for bustader | Fylkesatlas |
| Folkehelse | Trygge oppvekstmiljø, sosioøkonomiske skilnader | Folkehelseprofil, kommuneplan sin samfunnsdel |

### 2.2.1 Dyrka mark og skogressursar

Landbruksområda i kommunen er spreidd rundt i kommunen. I tråd med føringane ifrå samfunnsdelen, så bør utbygging i kommunen gjerast på ein måte der viktige landbruksomsyn vert ivaretekne. Det er eit nasjonalt mål og redusera nedbygginga av dyrka mark.

### 2.2.2 Kulturminner og kulturlandskap

Kulturminner og kulturmiljø er ein del av vår felles kulturelle arv. Befolkningsvekst, utbygging og næringsutbygging fører i nokre tilfelle til konfliktar mellom vern og utviklingsynskje. Det fordrar at kulturminner og kulturmiljø vert ivareteken og vern i tråd med kulturminnemynde si tilråding, dette gjeld både eldre og nyare kulturminne.

### 2.2.3 Klimautslepp og anna ureining

I tråd med dei nasjonale klimamåla og strategiar ifrå samfunnsdelen, så vil Hyllestad kommune gjere sitt for å minske klimautsleppa. Ein stor del av denne utsleppsreduksjonen må i Hyllestad tas ifrå transport. Dette fordrar ein fortetting i sentrum og bygdene i kommunen og tilrettelegging for alternativ transport og kjøretøy på fossil brensel. Utbygging i seg sjølv kan føre til ureining av grunn og luft, eller legge til rette for verksemd som vil gje ureining. Dette må eventuelt skildrast i konsekvensutgreiinga og avbøtande forslag må synast. Med nye tiltak vil det vere viktig å vurdera kva ureining det vil medføre. Dette vil gjelde både ureining i vassførekomstar, luft, støy, etc.

### 2.2.4 Landskap og grønstruktur

Hyllestad kommune har eit kystpreg som er typisk for ytre delar av Sogn og Fjordane med kupert terreng, bratte og skogdekte fjellsider og til dels skrinn jord. Grønstruktur i mindre eller større naturområder rundt tettstadane gjer moglegheit for naturopplevingar og friluftsliv. Når det eventuelt vert lagt ut nye områder til utbygging, er det viktig å sikre grønstruktur i tilknyting til desse områda. Strandsona er ein viktig del av landskapet og verdiane i dette.

### 2.2.5 Naturmangfald

I tråd med nasjonale og regionale føringar, er det viktig å sikre det biologiske mangfaldet. Dette vil omfatta mellom anna viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag og strandsone, viktige naturtypar, artar av forvaltingsmessig interesse etc. Punktet gjeld også naturmangfald i sjø.

### 2.2.6 Nærmiljø og friluftsliv

I planlegginga vil det vere viktig sikre nærmiljøet og friluftslivet. Tema som vert viktige her friluftsområde, badeplassar, turvegar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske og allmenn tilkomst til sjø. Ikkje berre dei einskilde områda, men også samanhengane mellom dei, er sentrale for dei samla verdiane.

### 2.2.7 Transport og infrastruktur

Infrastrukturen er det som bitte bygder og grender saman. Infrastrukturen omfattar for eksempel veger, gangstiar, telefon/internett, straumforsyning, vatn og avlaup og kollektivtransport. I nokon områder er det små endringar som skal til for infrastrukturen vert overbelasta. Hyllestad bør vere ein aktiv pådrivar i klimaarbeidet. I Hyllestad kommune er det per i dag mogleg å pumpe drivstoff til bil på to lokalitetar, men det er ingen hurtigladar for elbil. Hyllestad kommune har lagt til rette for lading for tilsette og besøkande ved offentlege bygningar.

### 2.2.8 Sosial infrastruktur

Hyllestad kommune har ein barne- og ungdomskule og ein barnehage lokalisert i Hyllestad. Dei offentlege tenestene og viktige samfunnsfunksjonar er konsentrert rundt Hyllestad, med unntak av omsorgsheimen lokalisert på Sørbøvåg. Prognoser i kommuneplanen sin samfunnsdel syner at ein stadig støre del av befolkninga vert eldre, og det bør derfor leggjast til rette for utbygging av omsorgsbustader i sentrumsnære områder for å møte denne veksten.

### 2.2.9 Born og unge sine interesser

Barna er framtidas innbyggarar i kommunen. Barnas oppvekstvilkår er avgjerande for deira mogelegheiter for ein trygg oppvekst, fysisk og psykisk helse. Plan- og bygningslova stiller krav for å sikra medverknad i

Høyringsutkast

utarbeidinga av planar. Prognosane presentert i kommuneplanen sin samfunnsdel syner at sjølv med den forventa negative folkeveksten, så må ein rekne med vekst i barnehagetala fram mot 2030. Barn og unges interessa skal derfor vere ein del av konsekvensutgreiinga. Leikeområde, nær-friluftsliv, samlingsstader og område tilrettelagt spesielt for barn og unge er viktig å sikre.

### 2.2.10 Folkehelse - Rekreasjon og friluftsliv

I kommunen er det tilrettelagte stiar for både gåande og rullande. Kommunen har eit felles turkart med nabokommunen Fjaler som syner merkte og mykje brukte stiar i heile kommunen. Det er kort veg til skog, mark og naturopplevingar i kommunen, og det vert viktig at spesielt dei sentrumsnære friluftsområda forvaltast på ein god måte. Lett tilgjengelege rekreasjonsområde er viktig for folkehelsa og er viktig å vurdere i konsekvensutgreiinga. Også tilgang på tenester og godt fungerande sentre, liv i grendene og sosialt samhald er essensielt for folkehelsa.

## 2.3 Samla vurdering

KU-forskrifta krev ei skildring av påverknaden både av dei einskilde utbyggingsområda, kvar for seg, og av dei samla arealbruksendringane i planen. Kravet om ei samla vurdering inneberer eit overordna nivå der langsiktigheit og heilheit bør stå sentralt. Samfunnsdelen legg premissar for kva slags samfunn kommunen ynskjer å utvikla basert på analyser og prognoser for den kommande kommuneplanperioden. Ei samla vurdering bør derfor også ta med det langsiktige perspektivet som ligg til grunn for kommuneplanen sin samfunnsdel.

## 2.4 Utgreiing av alternativ

I rettleiinga til konsekvensutgreiing vert det peika på at utgreiing av alternativ bør stå sentralt i kommuneplanen sin arealdel. I tråd med dette bør konsekvensutgreiing av arealdelen fokusere på korleis viktige miljø- og samfunnsomsyn vert råka av alternative strategiske val som er oppe i planarbeidet. Det første alternativet til ei utbygging av eit område er å ikkje leggje til rette for utbygging. (0-alternativet). Det vil utgjere at det heller ikkje vert lagt til rette for utbygging på alternativ lokalisering, delvis utbygging eller anna utnyttingsgrad eller anna utbyggingsformål. I kvart av forslaga som kjem inn til handsaming vil det vere nødvendig å ta ei kort vurdering av om det er noko alternativ til innspelet. Utgreiing av alternativ er i stor grad gjort tidlegare i prosessen, både gjennom siling av innspel og ved at kommunen sjølve har vurdert ulike areal for å stette trong for nytt byggeland. Særleg for bustadareal har det vore ei grundig føregåande prosess før innspela er vedtekne sendt vidare til KU og ROS-analyse.

### 2.4.1 Analysar og utgreiingar som grunnlag for planarbeidet:

- Overordna ROS-analyse – ferdig januar 2019.
- Bandlegging etter naturskadelova - Ras frå Lifjellet
- Folkehelseoversikt – vert utarbeid i plan prosessen
- Kulturminneplan – vert utarbeida i planprosessen
- Strandsoneanalyse – Skifjorden – utarbeid i sist kommuneplanprosess
- Bu og tomteprosjekt - anno 2005
- Trafikktryggleiksplan – utarbeid i planprosessen
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036

Viss det avdekkast kunnskapshol skal avgjerdsrelevante, nødvendige nye registreringar gjerast. Det vert engasjert eksterne konsulentar for utgreiingar av einskilde deltema der det er aktuelt.

Høyringsutkast

Utgreiingstema har vore:

- Funksjonell strandsone for utvalde område
- Skredfarevurdering for sentrumsområde
- Konsekvensutgreiing for utvalde akvakultur og masseuttak

Høyringsutkast

# 3 Risiko- og sårbaranalyse

ROS-analyser er ein viktig del av kommuneplanarbeidet. Om det det vert føreslegen utbygging i område som det er stor usikkerheit knytt til samfunnstryggleik, og beredskap, skal det avvisast eller stillast krav om sikring før ei eventuell utbygging. Kommuneplanen skal bidra til å redusera talet på hendingar som setter liv, helse, miljø eller materielle verdiar i fare. Planlegginga skal vere med på å redusera skadeomfanget og risiko ved klimaendringar og ekstremvêr. Risiko og sårbaranalysen som er lagt til grunn for arealdelen er den overordna ROS-analysen til Hyllestad kommune.

## 3.1 Utgangspunkt for vurdering av risikonivå

| Nivå | Forklaring |
|---|---|
| Uakseptabel risiko | Risikoreduserande tiltak må i setjast i verk |
| Tolerabel risiko | Risikoreduserande tiltak etter vurdering av kost/nytte |
| Akseptabel risiko | Risikoreduserande tiltak kan gjerast om ønskeleg |

Akseptkriterier for gjennomføring av Hyllestad kommune sin overordna risiko- og sårbaranalyse Risikomatrisa sine fargekodar syner kva som blir vurdert som «uakseptabel» risiko, «tolerabel» risiko og «akseptabel» risiko. Ei hending i raud sone inneberer ein risiko som forpliktar kommunen til å gjennomføre tiltak for å førebyggje risiko og/eller setje i gang beredskapsarbeid for å redusere skadeomfanget. Ved ei hending i gul sone forpliktar kommunen seg til å gjennomføre tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogleg. Ved hendingar i grøn sone skal risikoavbøtande tiltak gjennomførast dersom det er ønskjeleg etter ei vurdering av økonomiske og praktiske tilhøve.

## 3.2 Risikomatrikser

For berekning av risiko er toleranse for risiko knytt til liv og helse noko annleis enn toleranse knyt til miljø og materielle verdiar. Dette gir er noko anna bilete referert i tabellane under.

### 3.2.1 Liv og helse

| Konsekvens /sannsyn | Liten | Middels | Stor | Svært stor | Katastrofal |
|---|---|---|---|---|---|
| Svært lite sannsynleg | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Lite sannsynleg | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| Sannsynleg | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| Ganske sannsynleg | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| Svært sannsynleg | 5 | 10 | 15 | 20 | 25 |

### 3.2.2 Miljø / Materielle verdiar

| Konsekvens /sannsyn | Liten | Middels | Stor | Svært stor | Katastrofal |
|---|---|---|---|---|---|
| Svært lite sannsynleg | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Lite sannsynleg | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| Sannsynleg | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| Ganske sannsynleg | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| Svært sannsynleg | 5 | 10 | 15 | 20 | 25 |

## 3.3 Grad av sannsyn

Framlegg til klassifisering av berekning av sannsynet: Sannsynet blir definert ut frå kor ofte ei uønskt hending er forventa å inntreffe. Sannsynsvurderinga kan gjerast med bakgrunn i historiske data, statistikk, forventa

utvikling i risikobiletet og skjønn.

| Kat. | Forklaring | Tidsintervall (frekvens) | Sannsyn (per år) | Forklaring |
|---|---|---|---|---|
| 5 | Svært sannsynleg | Oftare enn 1 gong i laupet av 10 år | >10 % | Svært høg |
| 4 | Ganske sannsynleg | 1 gong i laupet av 10 til 50 år | 2-10 % | Høg |
| 3 | Sannsynleg | 1 gong i laupet av 50 til 100 år | 1-2 % | Middels |
| 2 | Lite sannsynleg | 1 gong i laupet av 100 til 1000 år | 0,1-1 % | Lav |
| 1 | Svært lite sannsynleg | Sjeldnare enn 1 gong i laupet av 1000 år | < 0,1 % | Svært lite |

## 3.4 Grad av konsekvens

Konsekvens for tre ulike samfunnsverdiar i befolkninga si tryggleik. Alvorsgrad på dei ulike konsekvenstypane er talfesta i verdi 1-5 der 5 er mest alvorleg.

### 3.4.1 Liv og helse

| Kategori | Forklaring | Dødsfall | Skade og sjukdom |
|---|---|---|---|
| 5 | Katastrofal | >10 | >100 |
| 4 | Svært stor | 6-10 | 20-100 |
| 3 | Stor | 3-5 | 6-20 |
| 2 | Middels | 1-2 | 3-5 |
| 1 | Liten | Ingen | 1-2 |

### 3.4.2 Natur og miljø

Skade på naturmiljø talfestast i konsekvenskategori som ein kombinasjon av geografisk utbreiing og varigheit på skade. Utbreiing kan anten vere område i areal eller lengde i eksempel kystlinje.

| Varigheit\geografisk utbreiing | < 0,6 $km^2$ /km | 0,6-6 $km^2$ /km | 6 -60 $km^2$ /km | > 60 $km^2$ /km |
|---|---|---|---|---|
| >10 år | Kat.2 | Kat.3 | Kat.4 | Kat.5 |
| 3-10 år | Kat.1 | Kat.2 | Kat.3 | Kat.4 |

Skade på kulturmiljø talfestast i konsekvenskategori av tap og/eller permanent øydelegging av kulturmiljø/kulturminner ut ifrå fredingsstatus/verneverdi og graden av øydelegging.

| Grad av øydelegging\ Fredingsstatus og Verneverdi. | Verneverdig kulturminner | Verneverdig kulturmiljø | Freda kulturminne | Freda kulturmiljø |
|---|---|---|---|---|
| Omfattande øydelegging | Kat.2 | Kat.3 | Kat.4 | Kat.5 |
| Avgrensa øydelegging | Kat.1 | Kat.2 | Kat.3 | Kat.4 |

### 3.4.3 Materielle verdiar

| Kategori | Økonomisk tap |
|---|---|
| 5 | >1 mrd. kroner |
| 4 | 400 mill. – 1mrd. kroner |
| 3 | 100 – 400 mill. kroner |
| 2 | 20 - 100 mill. kroner |
| 1 | <20 mill. kroner |

## 3.5 ROS-analysen

Først vert det gjeve ein generell gjennomgang av dei ulike hendingane som er vurdert. Etter denne

Høyringsutkast

gjennomgangen vert det utført ein enkel ROS-analyse for temaa av innspela. Konklusjonane derfrå vert henta inn i konsekvensutgreiinga. Dei farane/hendingane som vert vurdert er lista opp i det følgjande.

For område med naturfare registrert som aktsemdområde er sannsyn uavklart. Der områda er omfatta av aktsemdområde må området konkret farevurderast i samband med regulering før eventuell utbygging kan skje dersom nye registreringar konkluderer med at dette er tilrådeleg, eller det vert gjort nødvendige sikringstiltak. Det er generelt lite konkrete faresoneregistreringar i Hyllestad, og i dei fleste tilfelle er aktsemdsonar lagt til grunn for vurderingane.

Ras/skred: Omhandlar registrert fare eller risiko for snø-, jord-, fjell- og flomskred, samt steinsprang kartlagt i databasane til NVE/NGI.

Flaum: Omhandlar registrert fare eller risiko for flaum langs vatn, bekkar og elvar som registrert i NVE sine databaser.

Havnivå: Omhandlar område som ligg til sjø og innanfor sona som kan verte råka av havnivåstigning med stormflo og bølgjepåverknad. Tal frå Kartverket «Sehavnivå» og DSB er lag til grunn, for Hyllestad er verdiar sett til:

| Anbefalte tall frå DSB | Høgde over NN2000 |
|---|---|
| 1000-års returnivå for stormflo (tryggleiksklasse 3 i TEK10/17) med klimapåslag | 228 cm |
| 200-års returnivå for stormflo (tryggleiksklasse 2 i TEK10/17) med klimapåslag | 220 cm |
| 20-års returnivå for stormflo (tryggleiksklasse 1 i TEK10/17) med klimapåslag | 206 cm |

Høgspent: Vurdering av fare for elektromagnetisk stråling særleg knytt til infrastruktur for elektrisitetsforsyning. I planområdet er høgste spenning på overføringsnettet 66 kV. Linjeføring er vurdert opp mot nye arealformål. Høgspent er markert i planområde med omsynssone fare.

Grunntilhøve: Vurdering av fare knytt til naturfare som kvikkleire, ustabil grunn og ev. særleg høye verdiar av radon, samt registrert eller sannsynleg forureining i grunn.

Vind/ekstremvêr: Vurdering av om området ligg eksponert for ekstremvêr, hovudsakleg vind, men også kraftig nedbør.

Samlokalisering: Vurdering av uheldig samlokalisering som kan medføre risiko eller konfliktar, typiske eksemplar er industri eller risikoobjekt i nærleik av bustadområde.

Trafikk: Vurdering av trafikkfare, særskilt merksemd er knytt til registrerte trafikkulykker, men også tilhøve som farlege avkøyrslar, gang- og sykkelveg, fortau, etc. vert vektlagd.

Brot infrastruktur: Fare ved brot på kritisk infrastruktur som veg, men også straum, vass og kommunikasjon. Generelt vert sårbarheit vurdert som høg ved berre ein tilførselsveg inn og ut av området.

Responstid for utrykkingskøyretøy: Vurdering av områdets lokalisering relatert til naudetatar, gjeld primært bustader, institusjonar og næring med særlege risikoaspekt, i noko grad for større område med fritids- og turisme, eller fritidsformål. Brann er lokalisert i Hyllestadsentrum, ambulanse på Lavik i Høyanger, og lensmann i Dale i Fjaler. Beredskap er generelt vurdert som god innanfor 15 minuttars køyretid, som akseptabel innanfor 30 minutt. For mindre sensitive formål er lengre køyretid akseptabelt. For område med dårleg dekning bør lokale beredskapstiltak vurderast før konkrete tiltak vert opna for.

Verknader av framtidige klimaendringar er ikkje handsama for seg, men omtalt under det einskilde temaet der dette er relevant knytt til prognostisert *auke i uønskte naturhendingar, både når det gjeld omfang og frekvens*. Vi peikar her spesielt på ras- og skredfare, flaum, stormflo/havnivåstiging og ev. følgjande brot på

Høyringsutkast

kritisk infrastruktur. Klimaprofil Sogn og Fjordane, oppdatert 2017, konkluderer med følgjande: *Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar. Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa. Faren for jord-, flaum- og sørpeskred aukar som følgje av auka nedbørmengder. Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg. Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren. Truleg lite endring i fare for sterk vind*.

Risiko er vurdert med omsyn til tiltenkt bruk. Eksempelvis med fritidsbruk og turisme, er konsekvensar ved ekstremvêr vurdert lågare då området venteleg er i mindre bruk på årstider med verst ver. Ved vurdering av samla risiko for eit område er høgaste risiko for dei ulike tema vurdert som dimensjonerande. Dette i tråd med ROS-metodikk som tilseier at risiko ikkje kan adderast som sum- verknader av at fleire hendingar skjer samstundes. Det er vidare vurdert avbøtande tiltak som det vurderast som mogeleg og rimeleg å setje krav om, samt restrisiko etter at avbøtande tiltak er gjennomført. Tilråding er gjort basert på restrisiko.

Høyringsutkast

# 4 Arealstrategi - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken juni 2026. I samband med den vart utarbeidd ein arealstrategi som er brukt som vurdering gjennom KU og planvasken. Prinsippa er ei forlenging av mål og strategiar i samfunnsdelen og laga for å lettare gjera vurderingar og prioriteringar, samt sikre mest mogleg lik handsaming av kvart enkelt areal.

### 1. Sentrum- og bygdeutvikling

a) Prioritere bustadbygging innanfor kommunens senter- og bygdestruktur.
b) Legge til rette for høg arealutnytting og byggehøgder i kommunens sentrumsområde, gjennom fortetting og transformasjon.
c) Utbygging i strandsona og langs vassdrag skal i hovudsak ikkje forringe kvalitet og verdiar som råkar ålmenne interesser som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald.

### 2. Stadutvikling

a) Styrke kommunesenter og bygdesenter, som handelssenter og sosiale og kulturelle møteplassar.
b) Bygging av fritidsbustader vil i hovudsak skje ved fortetting knytt til eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar.
c) Opne for avgrensa utbygging i LNF-område med låg konfliktgrad mot nasjonale- og regionale omsyn, med fokus på fortetting og bruk av eksisterande infrastruktur.
d) Sikre areal til samordna utvikling av hamneområde, infrastruktur og transportløysingar på land og til sjøs.

### 3. Natur, miljø og klima

a) Tilpasse arealreservar til framtidige behov. Areal som er satt av eller regulert til utbyggingsføremål som har lagt over lengre tid men ikkje bygd ut skal vurderast tilbakeført. Arealbruk i strid med nasjonale og viktige regionale interesser skal i hovudsak takast ut eller justerast i samband med planvasken.
b) Prioritere transformasjon og fortetting i allereie utbygde områder for å redusere behovet for nye naturinngrep. Det skal gjennomførast eit arealrekneskap som syner konsekvensane av utbygging i arealdelen for å ivareta nasjonale og regionale omsyn. (t.d jordvern, naturmangfald, karbonlagring, kulturminne).
c) Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensar knytt til klimaendringar, samfunnstryggleik og kritisk infrastruktur.
d) Nye utbyggingsområde vil utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere.
e) Innarbeide omsynssoner knytt til vatn og avlaup, i tråd med kommunal VA-hovudplan.

### 4. Næring og verdiskaping

a) Vidareutvikle etablerte næringsområde med vekt på effektiv arealbruk og kvalitet.
b) Sikre eksisterande næringsareal langs sjøen som verker tiltrekkande på bedrifter med vekstpotensial for fleire lokale arbeidsplassar.
c) Vidare kraft - og energiproduksjon skal ta utgangspunkt i dei naturgjevne føresetnadar Hyllestad kommune har. Utbygging av energianlegg på areal som er i konflikt med naturverdiar og viktige landskapsverdiar vert ikkje tillaten.
d) Arbeide for effektive og framtidsretta areal for massehandtering, mineralutvinning og akvakultur.

Høyringsutkast

# 5 Innspel til planen

Det er totalt vurdert 43 konkrete arealinnspel i samband med konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Desse fordel seg på tema slik det kjem fram av tabellen under:

| Føremål | Tal innspel | Namn | Samla dekar |
|---|---|---|---|
| Busetnad | 8 | B1 | 276 |
| Fritidsbustad | 3 | BFR | 103 |
| Fritids- og turistformål | 2 | BFT | 364 |
| Næring | 5 | BN | 116 |
| Småbåthamn | 10 | SB | 152 |
| Hamneområde | 1 | HS | 7 |
| Akvakultur | 11 | VA | 1600 |
| Råstoffutvinning (utviding av eksisterande) | 1 | BRU | 48 |
| Andre typar anlegg | 4 | NAU, VF | 23 |
| Bygningar og anlegg | 1 | BKB | 172 |
| Tilbakeføring av areal frå forsvaret | 1 | L | 1200 |

*Tabell 1: Oversyn innspel*



*Figur 1: Kartskisse over innspel*

## 1. B8 Bustadbygging Heggebøen, Leirvik

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 17 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustadområde |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Jordbruk |
| **Forslagsstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Kupert jordbruksområde sentralt i Heggebøen, det største bustadområdet i kommunen. Kort gang – og sykkelavstand til butikk og andre servicetilbod. Utviding av regulert område.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ca. 13 daa fulldyrka mark, 3 daa overflatedyrka, 2 daa produktiv skog. Stor verdi. | -2 | -4 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ingen registreringar. Rest av landbrukslandskap inneklemd mellom bustader og skog. Liten verdi | | |
| Klimautslepp og anna forureining | Fortetting i etablert og sentralt senter er vurdert som positivt. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Landskap og grønstruktur | Forlenging av eksisterande busetnad på noko som oppfattast som restareal. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar. | | |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen registreringar. | | |
| Transport og infrastruktur | Godt knytt til vegnettet, G/S-vegnett og busshaldeplass. Middels verdi. | +1 | +2 |
| Sosial infrastruktur | Butikkar, kro/hotell, men inga sosial infrastruktur inærområdet. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar av bruk. Vurdert positivt med etablering i etab-lert bustadområde. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Støy | Ingen spesiell eksponering for vegtrafikkstøy, noko støy frå skips-verft. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Egna fortettingsområde med gode burekreasjonskvalitetar. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Negative konsekvensar er knytt først og fremst til jordvern, men jordbruksarealet er inneklemd og ikkje ein samanhengande del av større jordbruksområde. Omdisponering er problematisk, men må vegast opp mot fortetting i sentre. Området eigner seg elles svært godt for fortetting med bustader. Matjord bør ivaretakast ved ut-bygging. | **+2** | **+1** |
| **Fagleg tilråding** | Området eigner seg for bustadfortetting ved trong for etablering, men bør ikkje omdisponerast med mindre det er nødvendig. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek*



Området ligg som landbruksområde klemd inn mellom bustadområde, veg og fjell.

*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*




Området ligg delvis innanfor aktsemdområde snøskred og steinsprang (NGI)

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Gjennomført skredfarekartlegging anno 2025 og området er friskmeldt. | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Området ligg innanfor aktsemdssone for kvikkleire. Synleg fjell i dagen fleire plas-sar. | 3/ Usikker | 6 | | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest | 2 | 4 | | 4 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Brot infrastruktur | To vegar ut og inn til området | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | Kort vei for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Liten konflikt med nemnte tema, men usikkerheit knytt til grunnførehald krev nærmare utredning. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Avklaring av grunnførehald og avklaring knytt til utkøyrsle. | | | | |
| Rest risiko | Med avbøtande tiltak vert restrisiko vurdert som ak-septabel. | | | | |
| Tilråding | Tilrådeleg å bygge ut med krav om farekartlegging skred og ev. sikring før tiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området eigner seg objektivt sett godt for bustadbygging, men omsyn til jordvern gjer at det ikkje bør opnast for utbygging dersom det finst alternativ med lågare konfliktgrad. Sett i høve til arealføringar frå samfunnsdelen om fortetting av eksisterande bustadområde i kommunen, vert området vurdert som ein god forsterking av dette. | | | | |
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd med teken med i arealdelen, med noko avgrensing av planområde i nord, for å dempe konfliktar knytt til landbruksomsyn. | | | | |

## 2. B6 Bustadbygging, Hyllestad sentrum

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 63 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustad |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Skoglandskap |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Kupert skogsterreng som flatar ut på toppen av planområdet. Vert ei utviding av gjeldande reguleringsplan. Kort gang – og sykkelavstand til butikk og andre servicetilbod







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Området har skog av særs høg bonitet. Liten verdi | -1 | -1 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som vidareutvikling av allereie etablert bustadområde, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Fortetting i etablert og sentralt senter er vurdert som positivt. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Landskap og grønstruktur | Eksponert for fjernverknad, men i forlenging av eksisterande buområde i sentrum. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar i eller nært området, Liten verdi | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særskilt bruk registrert, området ligg i tilknyting til turveg og område for aktivitet. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Området ligg godt kopla til vegnett, og sentrum med kollektivsamband. fortetting aukar passasjergrunnlag og høve til investering i sambanda. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Området ligg kopla til Hyllestad sentrum med bibliotek, samfunnshus, skule, idrettsanlegg, m.m. Stor verdi. | +1 | +2 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registrert bruk i området. Fortetting i etablert bu-miljø er generelt positivt for barn og unge. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Ingen trafikkstøy registrert eller prognostisert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Området ligg godt til for nærfriluftsliv og tett på sentrum med gode kvalitetar. Fortetting kan gi auka kvalitetar. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Veleigna for bustadutbygging kring sentrum. Området ligg relativt solvendt og eignar seg for fortetting i sentrum. Utvikling av området vil medføre lite tap av kvalitetar. Fortetting i området har potensiale for å tilføre nye og forsterke eksisterande kvalitetar. | **+2** | **+3** |
| **Fagleg tilråding** | Området eigner seg for bustadfortetting. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*







Området ligg som sør-vestvendt skogsområde.

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ytterkant av planområdet ligg innanfor aktsemdsone for snøskred og jord- og flaumskred. Store delar av dette området er friskmeldt gjennom skredfarevurdering gjennomført anno 2025. | 3/usikker | 6 | 6 | 6 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Havnivå | Området ligg over grense. | | | | |
| Høgspent | Går vest og aust for området men, planavgrensing trekt vekk frå området. | | | | |
| Grunntilhøve | Truleg lausmasser, grunnforhold bør kontrollerast før tiltak. | 2 | 4 | | 4 |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg relativt god skjerma, men noko høgt i terrenget. | 3 | 3 | | 3 |
| Uheldig samlokalisering | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Trafikk | Ein trafikkulykke frå 2000 registrert i kryss med hovudveg. Ikkje gang- og sykkelveg. | 3 | 6 | | |
| Brot infrastruktur | Tett på sentrum, lite sårbart | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | Svært kort veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse. | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Grunnlag for risiko for delar av planområde innanfor aktsemdssone og usikkerheit knytt til grunnførehald. Med tanke på storleik for utbyggingsområde så vil skadepotensiale vere stort. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Krav om grunnundersøkingar og skredfarevurdering for områder utanfor allereie kartlagt område. Regulering bør vidare vurdere rekkefølgjekrav til trafikksikring. | | | | |
| Rest risiko | Storleik på utbygging vil avgjere om det er tilstrekkeleg realitet i rekkefølgjekrav til trafikksikring. | | | | |
| Tilråding | Området er tilrådeleg å bygge ut med oppfølging av avbøtande tiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området eigner seg objektivt sett godt for bustadbygging. Låg konfliktgrad og risiko. Fortetting i sentrum bør vere ein viktig strategi. | | | | |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen som bustadområde. | | | | |

## 3. B3 Bustadbygging, Salbu, Sørbøvåg

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 29 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustad |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Skogsterreng og bustad |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Delvis slakt markterreng, med noko jordbruk i den vestlege delen. Vert ei utviding av gjeldande reguleringsplan. Kort gang – og sykkelavstand til butikk og andre servicetilbod. (Øvste felt på kartskissene).







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Flekkar av overflatedyrka mark på ca 10 dekar totalt, med busetnad, innmarksbeite og skogsområde imellom. Liten verdi og omfang. | -1 | -2 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som fortetting av allereie etablert bustadområde, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna foruriening | Fortetting i etablert senter avgrensar transporttrong. Liten verdi. | 1 | 2 |
| Landskap og grønstruktur | Landskapet kjem fram som eit typisk lokalt landbruks og bustadområde. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Registrert ål i tilgrensande vassdrag, ikkje noko registrert i sjølve området. Truleg lokalt viltliv - hjort. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Nær tilgang til turløype «Folkestien» og fortetting av etablert bustadområde. | 1 | 2 |
| Transport og infrastruktur | Veg gjennom området registrert som potensiell flaskehals må løysast i regulering, god tilkomst aust i området med busshaldeplass. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Sosial infrastruktur | Sentrum med idrett, kyrkje og bedehus i Sørbøvåg. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Barn og unge sine interesser | Tilgrensande turområde og leikeplass i nærleiken. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Støy | Noko støy langs veg, av lite konsekvens for mogleg utnytting. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ingen særlege verdiar registrert, men gode bu- og rekreasjonsmogelegheiter i området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Området har noko konflikt med jordvern og kulturminne, men fungerer godt som fortetting og vidareutvikling av busetnad på Salbu. | **2** | **4** |

| | |
|---|---|
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd som bustad i kommuneplanen sin arealdel. |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek*




*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*



## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Havnivå | Ikkje relevant. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Grunntilhøve | Delar av områder ligg innanfor aktsemdssone for kvikkleire. Spor av fjell i dagen fleire plassar innanfor planområdet. | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg noko eksponert frå vest/sørvast. | 3 | 3 | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Trafikk | Dels smal veg, ingen ulykker registrert. Naudsynt å krysse fylkesveg for tilgang til busshaldeplass. | 3 | 6 | | |
| Brot infrastruktur | To veger inn mot området, ikkje spesiell sårbart. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | Relativt kort utrykkingstid brannvesen, lengre for ambulanse. | NA | Vurdert som akseptabel beredskapsdekning. | | |
| Samla vurdering | Totalt sett har planområdet lite knytt opp mot risiko, men har behov for avklaring knytt til trafikk og grunntilhøve. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Tilrettelegging for gang- og sykkelveg til busstopp og avklaring knytt til grunntilhøve. | | | | |
| Rest risiko | Akseptabel med avbøtande tiltak. | | | | |
| Tilråding | Med avbøtande tiltak vert tiltaket som bustad tilrådd i kommuneplanen sin arealdel. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Samla sett så har området lite konfliktar sett opp mot tema i KU og ROS. Området eignar seg som fortetting til Sørbøvåg sentrum og støttar opp om mål i kommunal samfunnsdel. | | | | |
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd som bustad i kommuneplanen sin arealdel. | | | | |

## 4. B4 Bustadbygging, Salbu

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 29 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustad |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Utmark, skog, beite |
| **Forslagstillar** | Åfjorden eigedom AS |

**Skildring av området:** Kupert jordbruksområde sentralt på Salbu. Kort gang – og sykkelavstand til butikk og andre servicetilbod. Utviding av regulert område.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Landbruk: Overflatedyrka: 3 daa, innmarksbeite: 5 daa, produktiv skog 6 daa, Liten verdi. | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som fortetting av allereie etablert bustadområde, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Fortetting i etablert senter avgrensar transporttrong. Liten verdi. | +1 | +2 |
| Landskap og grønstruktur | Landskapet ligg i strandsona grensande mot landbruksområde, klemt inne mellom bustader. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar av verdi. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særlege registreringar av verdi. Lite tilgjengeleg område. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Vassmiljø | Den økologiske tilstanden er registrert som moderat, og kjemisk tilstand registrert som dårleg. | Liten | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Registrert rekefiskefelt (historisk lite brukt, meir brukt til krepsfiske) i Lifjorden, like nord for uttaket. Registrert låssettingsplass i Kjevika like aust for uttaket. Registrert oppvekst-/beiteområde for reker innerst i Lifjorden. Liten til middels verdi. | Middels | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Det er registrert noko trafikk til/frå området. Farleisareal til bileia «Losnosen» registrert eit stykke inn i Lisundet. Navigasjonsinstallasjonar registrert ved Svartneset sør for området og ved utløpet til Lifjorden nord for området. | Liten | |
| Arealbruk på land, | Arealet er i AR5 hovudsakeleg registrert som open fastmark, i | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| folkehelse | tillegg til barskog og noko fulldyrka jord i nord og nordaust. Det ligg ein fritidsbustad nordvest for uttaket som kan få negative verknader i form av støy, støv og annan forureining frå anlegget. Bustadene på Risnes, nordvest for uttaket, vil bli påverka av støy frå anlegget, i tillegg til negative visuelle verknader. Stor verdi. | | |
| Infrastruktur | Det er etablert tilkomstveg til masseuttaket (kommunalveg Sognesjøvegen). Det er og etablert ei kai mot Listraumen for uttransport av massar. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ikkje registrert verdiar. | | |
| Klimagass | Ei utviding av uttaksområdet vil medføre auka klimagassutslepp, hovudsakeleg knytt til anleggsmaskinar og transport av massar frå uttaket. | Middels | |
| Samla vurdering | Ei utviding av masseuttaket vil få store negative verknader, særleg for friluftsliv- og landskapsverdiar, som fylgje av landskapsinngrep, auka støy- og støvpåverknad, samt visuelle nær- og fjernverknader. I tillegg vil vidare drift føre til auka utslepp av klimagassar. Tiltaket vil medføre vesentleg reduksjon/tap av verdi eller funksjon. | | |

## ROS-analyse

**Flyfoto**



**Fare- og aktsemdområde NVE**



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare i eller tilgrensande området. Registrert aktsemdområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og flaum. | Middels | Middels | |
| Støy og forureining | Drift i uttaket genererer støy, som kan påverke både friluftslivsverdiar, rekreasjon-/friluftslivsaktivitet på sjøen og omkringliggande busetnad. Støv og annan forureining, som t.d. sprengingspartiklar, kan føre til forureining av fjorden og naturområde på land. | Middels | Middels | |
| Skog- og lyngbrann | Aktivitet i anlegget kan føre til skog-/lyngbrann som kan spreiast til omkringliggande område. | Middels | Middels | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Støy og annan forureining vil ha negative verknader for friluftsliv og eksisterande fritidsbustad, samt for ferdsle i fjorden. Hendingar i/tilgrensande planområdet kan medføre betydelege skadar eller midlertidig bortfall av funksjonar. | | | |
| Fagleg tilråding | Som fylgje av dei negative verknadene utvidinga av masseuttaket vil få for både naturverdiar på land og i sjø, friluftsliv- og rekreasjonsverdiar og landskapsverdiar, auka klimagassutslepp samt negative verknader for busette i området (i form av både støy, støv og negative visuelle verknader) tilrådast ikkje uttaket utvida. | | | |

## 17. VA1 - Akvakulturanlegg – Skorpa (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| Gjeldande formål | Vassareal for allmenn fleirbruk. |
| Noverande bruk | Ferdsel og kystnært fiske. |
| Forslagstillar | Næringsaktør akvakultur. |

**Skildring:** Lokalitetsforslaget ligg i Åfjorden i eit ope fjordlandskap, utan tekniske inngrep, omkransa av låge avrunda fjell. Sjøbotnen heller bratt frå strandsona og ned til botnen på djupne ca. -315 m i vestre del, og blir grunnare inn mot Byrneset. Det er registrert gode ankringsforhold. Landsida består av bratte svaberg og lite vegetasjon. Øya Skorpa er ubygd.

Lokalisering




Innspel




### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Naturmangfald, sjø og land | Hettemåke registrert, kritisk trua.<br>Registrert hotspots for trua artar (sopp, lav, insekt og edderkoppdyr) (Miljødirektoratet, 2025).<br>Låg verdi. | Låg | |
| Friluftsliv, strandsone, nær-miljø | Åfjorden er kartlagt som utfartsområde med stor brukarfrekvens småbåtliv, fiske, padling. Stor verdi. Landområdet er registrert med liten bruk, vanskeleg tilkomst. Inngrepsfri øy. Middels verdi. | Middels | |
| Landskap | Ålfjorden er del av registrert kulturlandskap av nasjonal interesse. Landskapet er heilskapleg og har stor variasjons-rikdom og har svært stor verdi. I Åfjorden ligg det i dag 4 anlegg for matfisk (laks/sjøaure) og eitt anlegg for algeproduksjon. Samla sett med tillegg av ev. ny lokalitet (forslag Skiveneset), vil omfanget auke til stort. Stor verdi. | Stor | |
| Kulturminne | Ålfjorden i KULA-rapport registrert med kultur-minne av nasjonal interesse. Kvernsteins-brota i Hyllestad er Nord-Europas største steinbrot-landskap frå yngre jernalder og mellomalder. Dei er på UNESCO si tentative verdsarvliste. Svært stor verdi. | Middels | |
| Vassmiljø | Kjemisk tilstand for kyst-vatn er registrert som god, og økologisk tilstand svært god.<br>Lokalitetsområdet er registrert som del av særleg verdifullt og sårbart område (SVO) i Norskehavet. Atlanterhavsvatn møter kyststraumar og gjev svært næringsrike forhold (Fiskeridirektoratet og Havforskings instituttet). Sjøområde med svært stor verdi.<br>Høyrer til produksjons-område P4, i 2024 raudt område med nedjustert kapasitet pga. lakselus. Avstand til anlegget i Portevika ca. 1 km og ca. 4 km til anlegget Klubbent. Ikkje kjend sjøstraumforhold m.o.t. smitteproblematikk, tilrådde avstandar (Mattilsynet) er i intervall mellom 2,5-5 km.<br>Stor verdi. | Stor | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Registrert område for garn- og linefiske. Middels verdi. | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Kjem i konflikt med kvit sektor frå fyrlyktene på Sakrisskjeret og Smilla. Ein del båttrafikk går gjennom det smale Storakersundet. Middels verdi. | Middels | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Ingen konflikt. | | |
| Infrastruktur | Ingen. All tilkomst må skje via båt, og det må leggast ut fôrflåte med diesel-aggregat. | Middels | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen konflikt. | | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift vil generere klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Etablering av oppdretts-anlegg er vurdert å gje stor negativ konsekvens for natur og miljø. Lokaliteten er del av registrert SVO-område, i tillegg til nasjonal verdi som kultur-landskap. Vil gje vesentleg reduksjon/tap av verdi og funksjon. | | |

## ROS-analyse

Flyfoto



Fare- og aktsemdområde NVE



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Aktsemdområde stein-sprang, snø-skred, jord- og flaumskred, faresone for store fjellskred (tsunami). | Stor | Middels | |
| Støy og forureining | Støy har lite betydning, ingen busetnad. Kan ha betydning for fiskehelse, stressfaktor jf. rapport Havforskingsinstituttet (28.2.25). Utslepp og fôrrestar, miljøgift (notimpregnering, kopar). Fare for rømming, uhell ved brønnbåt, lakselus, fiskesjukdomar. Kan få stor konsekvens for SVO-området. | Stor | Stor | |
| Skog- og lyngbrann | Lite vegetasjon. | Låg | Låg | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Negativ m.o.t. naturfare, og utslepp i eit registrert SVO-område. Arealet bør ikkje byggast ut utan avklaringar/tiltak. | | | |
| Fagleg tilråding | Området blir ikkje tilrådd lagt ut til akvakulturformål som fylgje av at tiltaket er vurdert å ville få stor negativ verknad for fjord-/kulturlandskap av nasjonal verdi og negativ natur- og miljøpåverknad. Foreslått vidareført som ferdsel- og friluftsområde, med omsynssone natur og landskap. | | | |

## 18. VA2 Akvakulturanlegg – Skiveneset (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| Gjeldande formål | Vassareal for allmenn fleirbruk. |
| Noverande bruk | Ferdsel og kystnært fiske. |
| Forslagstillar | Næringsaktør akvakultur. |

**Skildring:** Lokalitetsforslaget ligg i yste delen av Åfjorden i eit ope fjordlandskap. Strandsona har få tekniske inngrep. Sjøbotnen heller forholdsvis bratt frå strandsona og ned til botn på djupne ca. -370 m. Det er registrert dårlege ankringsforhold. Landsida består av bratte svaberg og blandingsskog. Spreidd busetnad aust for foreslått lokalitet.

**Lokalisering**




**Innspel**



### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald, sjø og land** | Registrert hotspots for trua artar (Miljødirektoratet, 2025). Stortareforekomst i grensa mot aust, registrert som viktig. Registrert naturskog på land. Middels verdi. | Middels | |
| **Friluftsliv, strandsone, nærmiljø** | Åfjorden er kartlagt som utfartsområde med stor brukarfrekvens småbåtliv, fiske, padling. Landområdet er ikkje registrert med verdi, men kan ha kvalitetar som knyter seg til t.d. Ospevika og Merkingsvika. Middels verdi. Ein hytteeigedom nordaust for lokalitetsforslaget. Mange anlegg i fjorden, kan gje negativ verknad for fritidsfiske og opplevingsverdi for småbåtutfart. Område med stor verdi. | Middels/ stor | |
| **Landskap** | Ålfjorden er del av registrert kulturlandskap av nasjonal interesse. Landskapet er heilskapleg, har stor variasjonsrikdom og har svært stor verdi.<br>I Åfjorden ligg det i dag fire anlegg for matfisk (laks/sjøaure) og eitt anlegg for algeproduksjon. Samla sett med tillegg av ev. ein ny lokalitet, vil omfang auke opp mot stort. Stor verdi. | Stor | |
| **Kulturminne** | Ålfjorden i KULA -rapport registrert med kulturminne av nasjonal interesse. Kvernsteinsbrota i Hyllestad er Nord-Europas største steinbrot-landskap frå yngre jernalder og mellomalder. Svært stor verdi. Ved Borsholmen i aust er det registrert kultur-minne knytt til laksenotimpregnering/-reinsing – Blåsteinskar. Stor verdi. | Middels | |
| **Vassmiljø** | Kjemisk tilstand for kystvatn er registrert som god, og økologisk tilstand svært god. Lokalitetsområdet er registrert som del av særleg verdifullt og sårbart område (SVO) i Norskehavet. Atlanterhavsvatn møter kyst-straumar og gjev svært næringsrike forhold. Fiskeridirektoratet og Havforskingsinstituttet. Sjøområde med svært stor verdi. Høyrer til produksjons-område P4, i 2024 raudt område med nedjustert kapasitet pga. lakselus. Avstand til anlegget i Portevika ca. 3 km og ca. 3,9 km til anlegget Elveneset. Ikkje kjend sjøstraumforhold m.o.t. smitteproblematikk, tilrådde avstandar intervall mellom 2,5-5 km. Stor verdi. | Stor | |
| **Fiskeriinteresser/-** | Lokalitetsområdet er registrert som aktiv fiskeplass regional og lokal | Stor | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| ressursar | bruk, makrellfiske med snurpe-/ringnot. Registrert område for reketrål (lite brukt), og for garn- og linefiske. Stor verdi. | | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Kjem i konflikt med kvit sektor frå fyr-lyktene på Sakrisskjeret og Smilla. Båttrafikk til Eide og Sørbøvågen, og til oppdrettsanlegga i fjorden. Middels verdi. | Middels | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Landområdet omfattar ubygd, skogkledd utmark. Ukjent bruk av strandsona, svaberg og små viker. Liten verdi. | Låg | |
| Infrastruktur | Smal kommunal veg, ingen tilrettelagt tilkomst til sjøen. Ingen vass- og avløpssystem. Privat utslepp til sjø. Energi 22 kV-linje. Ev. basere seg på sjøtransport og fôrflåte med dieselaggregat. Middels verdi. | Middels | |
| Barn og unge sine interesser | Spreidd busetnad, nokre gardstun. Ingen registrerte aktivitetar. Manglar kartlegging. Låg verdi. | Låg | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift vil generere klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Etablering av oppdrettsanlegg er vurdert å gje stor negativ konsekvens for natur og miljø. Lokaliteten er del av registrert SVO-område, i tillegg til nasjonal verdi som kulturlandskap. Vil gje vesentleg reduksjon/tap av verdi og funksjon. | | |

## ROS-analyse

Flyfoto



Fare- og aktsemdområde NVE



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Deler av området ligg i aktsemdsone for jord- og flaumskred, snøskred, og fare-område for tsunami frå store fjellskred. Strandsona vert råka av havnivåstigning og stormflo. | Storø | Middels | |
| Støy og forureining | Belysning, støy frå fôringsrøyr og -flåte, utslepp og fôrrestar, miljøgift (notimpregnering, kopar). Fare for rømming, uhell ved brønnbåt, lakselus. Kan få stor konsekvens då lokalitetsområdet er registrert som del av særleg verdifullt og sårbart område (SVO) i Norskehavet [3]. | Middels | Stor | |
| Skog- og lyngbrann | Landområdet er del av gamal skog, blandings- og barskog. Lite brann-potensial (DSB-kart). | Låg | Liten | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Negativ m.o.t. naturfare og utslepp i eit registrert SVO-område. Bør ikkje byggast ut utan avklaringar/tiltak. | | | |

## 19. Tilbakeføring av areal frå forsvaret

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 1200 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | LNF-område |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område - Bandlagt av forsvaret |
| **Noverande bruk av området** | Skoglandskap |
| **Forslagstillar** | Henning Nesje |

**Skildring av området:** Område tidligare nytta av forsvaret. Bruk av området vart lagt ned i 2005.






### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | | |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Deler av militæranlegget er vurdert verneverdig i regional kontekst. Middels verdi | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Ikkje relevant | | |
| Landskap og grønstruktur | Vanlig førekommande landskap, kupert kystskog. Liten verdi | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar. Liten verdi | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Lokalt viktig friluftsområde i sjø/strandsone. Liten verdi | +1 | +1 |
| Transport og infrastruktur | Etabler infrastruktur. Liten verdi | 0 | 0 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar | 0 | 0 |
| Støy | Ingen registrerte støykjelder | 0 | 0 |
| Folkehelse | Området vert opna for friluftsliv | | |
| Samla vurdering | Oppheving av bandlegging for forsvarsføremål har positiv konsekvens | +1 | +1 |
| **Fagleg tilråding** | Anbefalt teke inn i kommuneplanen | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*



Større kystskogsområde, med areal for næring og fritids- og turistformål i, FT1 og N3




Avgrensa område med aktsemd skred

**ROS-analyse**

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Nokre aktsemdområde skred, ikkje relevant for føremålet | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Ikkje registrert risiko for føremålet | | | | |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Brot infrastruktur | Ikkje registrert risiko for føremålet | | | | |
| Responstid utrykking | Ikkje relevant | | | | |
| Samla vurdering | Område har lite risikoelement generelt og ingen som er relevant for føremålet. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Det er føreset at blindgjengarfare er avklart av forsvaret før avhending til sivilt føremål, det bør likevel utvisast aktsemd ved eventuelle tiltak i sjø grunna fare for dumpa ammunisjon etter krigen. | | | | |
| Rest risiko | | | | | |
| Tilråding | Oppheving av bandlegging for forsvarsføremål inneber ikkje risiko. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Positiv konsekvens og låg risiko. | | | | |
| **Tilråding** | Anbefalt teke inn i kommuneplanen | | | | |

# 6 Innspel etter 1.gangs handsaming

Etter høyringstida har det komen inn x tal innspel. Innspela har er vurdert opp mot den nye kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken 2026.

Tabell med nye innspel

| Namn | Føremål | Areal |
|---|---|---|
| 4 | | |
| | | |

Høyringsutkast

## 1. B5 – Hyllestad sentrum - Bustad

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 25 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustad |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Bustad |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Areal i kommunesentrum. Eit kupert område som omfattar tunet på gardsbruk 79/3. Består av bebygd areal med to fråskilde tomter til bustad og fritidsføremål og våningshus på hovudbruket. Arealet består elles av tett lauvskog utan vesentleg verdi.





### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Området ligg hovudsakleg på område registrert som lauvskog av høg bonitet. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminner eller kulturmiljø i det aktuelle området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna foreureining | Området består ikkje av myr. Det er ikkje kjennskap til at området består av foreureina grunn. Området ligg sentrumsnært, og det er gåavstand til skule, barnehage, butikk, helsetenester mm. Liten verdi. | +2 | +2 |
| Landskap og grønstruktur | Kupert lauvskogsområde med nærleik til etablert bustad i området. Middels gode solforhold, men naturleg kring sentrumsområde. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar i eller nært området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særskilt bruk registrert, området ligg i tilknyting til turveg og område for aktivitet. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Transport og infrastruktur | Området har ingen kommunale VA-leidningar. Det er kun opparbeidd veg til eksisterande busetnad. Ei vidare fortetting i område kan medføre endra vegtrase. Det går ei høgspentlinje tvers gjennom området som må leggast i grøft ved vidare fortetting. Middels verdi. | -2 | -2 |
| Sosial infrastruktur | Området ligg i gåavstand til offentlege tenester (barnehage, skule, idrettshall/idrettsbane, butikk, helsetenester). Stor verdi. | +2 | +4 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Fortetting i etablert bustadmiljø er generelt positivt for barn og unge. Liten verdi. | +2 | +2 |
| Støy | Ingen utfordringar registrert. Området ligg tett på fylkesveg, men utanfor støysonene til Statens vegvesen. Tiltaket vil ikkje auke støynivå. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Folkehelse | Området har liten verdi i seg sjølve for temaet folkehelse. Vurdert positivt å oppretthalde busetnad i etablerte grender. Gåavstand til idrettsbane og idrettshall med treningssenter. Gode turmoglegheiter både mot Kolgrovheia og kvernsteinsbrota mot Brukelia. Mogleg | +2 | +2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | å sykle/gå til skule/jobb. Stort positivt omfang. Liten verdi. | | |
| Samla vurdering | Veleigna for bustadutbygging kring sentrum. Området har middels gode solforhold, men er tett på sentrum og støttar opp om fortetting av sentrum. Utvikling av området vil medføre lite tap av kvalitetar. Fortetting i området har potensiale for å tilføre nye og forsterke eksisterande kvalitetar. | +8 | +10 |
| **Fagleg tilråding** | Området eigner seg for bustadfortetting ved trong for etablering. Bidreg til busetnad i ei sentrumsnær etablert grend. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek*



Området ligg i nordleg vendt med medium gode solforhold.

*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*




I hovudsak ikkje nokon fareregisteringar innanfor område, utanom ein liten del nord i området. Høgspentlinje tvers gjennom området.

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Delar av arealet vest ligg innanfor aktsemdssone for snø, jord- og flaumskred. | 3/ usikkert | 6 | 6 | 6 |
| Flaum | Liten del innanfor området i nord. Området ligg her oppå ein skrent, så aktsemdssona er vurdert som ikkje reell i dette området. | 1 | 1 | | 1 |
| Havnivå | Området ligg over grense. | | | | |
| Høgspent | Går igjennom området og delar det i to. Må liggjast i grunnen for etablering av området. | 3 | 3 | 1 | 1 |
| Grunntilhøve | Truleg tynt lag med lausmassar over fjell, grunnforhold bør kontrollerast før tiltak | 1 | 1 | | 1 |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg relativt godt skjerma. Utsett for vind frå vest og sørvest. Ikkje utsett for stormflo | 3 | 3 | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ein trafikkulykke frå 2000 registrert i kryss med hovudveg. (Vegkart) Gang og sykkelveg. Trafikkert veg (700 ÅDT) | 2 | 4 | | |
| Brot infrastruktur | Tett på sentrum, lite sårbart | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | Svært kort vei for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Potenisell risiko knytt til skredfare, høgspent og trafikk. Naudsynt med avklaring til desse før utbygging. | | | | |

| | |
|---|---|
| Avbøtande tiltak | Skredfarekartlegging av område innanfor aktsemdssone, leggje høgspent i bakken og utbetring av avkøyrsle til fylkesveg. |
| Rest risiko | Storleik på utbygging vil avgjere om det er tilstrekkeleg realitet i rekkefølgjekrav til trafikksikring. |
| Tilråding | Området er tilrådeleg å bygge ut med oppfølging av avbøtande tiltak. |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området eigner seg objektivt sett godt for bustadbygging. Låg konfliktgrad og risiko.<br>Området ligg relativt nærme kommunesentrum, med barnehage, skule, idrettsbane/hall, legekontor og andre off. tenester. |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen som bustadområde. |

Høyringsutkast

## 2. B9 – Bustad – Heggebøen, Leirvik

| | |
|---|---|
| Storleik | 85 daa |
| Framlegg til nytt arealføremål | Bustadområde |
| Gjeldande arealføremål | LNF-område |
| Noverande bruk av området | Busetnad |
| Forslagstillar | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Kupert bustadområde sentralt i Heggebøen, det største bustadområdet i kommunen. Kort gang- og sykkelavstand til butikk, og andre servicetilbod. Utviding av tilgrensande regulerte bustadområde.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ca 25. daa produktiv skog, med resterande areal ombygd. Liten verdi og omfang. | -1 | -1 |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ingen registreringar. Rest av landbrukslandskap inneklemd mellom bustader og skog. Liten verdi | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Fortetting i etablert og sentralt senter er vurdert som positivt. Liten verdi | +1 | +1 |
| Landskap og grønstruktur | Forlenging av eksisterande busetnad på noko som oppfattast som restareal. Liten verdi | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar i eller nært området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særskilt bruk registrert, området ligg i tilknyting til turveg og område for aktivitet. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Transport og infrastruktur | Godt knytt til vegnettet, G/S-vegnett og busshaldeplass. Middels verdi | +1 | +2 |
| Sosial infrastruktur | Butikkar, kro/hotell, men inga sosial infrastruktur i nærområdet. Liten verdi | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar av bruk. Vurdert positivt med etablering i etab-lert bustadområde. Liten verdi | +1 | +1 |
| Støy | Ingen spesiell eksponering for vegtrafikkstøy, noko støy frå skipsverft. Liten verdi | 0 | 0 |
| Folkehelse | Egna fortettingsområde med gode bu-rekreasjonskvalitetar. Liten verdi | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Veleigna for bustadutbygging på Heggebøen. Området ligg relativt solvendt og eignar seg for fortetting i sentrum. Utvikling avområ-det vil medføre lite tap av kvalitetar. Fortetting i området har po-tensiale for å tilføre nye og forsterke eksisterande kvalitetar. | **+4** | **+5** |
| **Fagleg tilråding** | Teken med i kommuneplanen som eksisterande bustad. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Skredfarevurdering – Sunnfjord Geo Senter*




Området ligg i sørvendt med gode solforhold.




Ingen registreringar av fare i sjølve området.

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Aktsemd kvikkleire | 3/usikker | 6 | 3 | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest | 2 | 4 | | 4 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Brot infrastruktur | To vegar ut og inn i området | 3 | 3 | | |
| Responstid utryk-king | Kort veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Ingen særleg risiko og sårbarheiter utover kvikklei-reskred. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Kvikkleireskredfare må vurderast før utbygging, og ev. sikring gjennomførast. | | | | |
| Rest risiko | Føresett at sikker byggegrunn vert dokumentert. | | | | |
| Tilråding | Tilrådeleg å bygge ut med krav om dokumentasjon på sikker byggegrunn. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området har få konfliktar knytt til KU og ROS. Området vert vurdert positivt for forsterking av og fortetting av Heggebøområdet. | | | | |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd som bustadområde i arealdelen. | | | | |

## 3. B15 – Bustad – Nesvegen, Hyllestad

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 64 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bustadområde - Eksisterande |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | Busetnad |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Kupert eksisterande bustadområde i ytterkant av kommunesenter og blant dei større i fortettingsområda i kommunen. Kort gang- og sykkelavstand til butikk, og andre servicetilbod





### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konsekvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Flekkar av overflatedyrka mark på ca 14 dekar totalt, med busetnad og skogsområde imellom. Liten verdi og omfang. | -1 | -2 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som fortetting av allereie etablert bustadområde, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna foureining | Fortetting av etablert bustadfelt er vurdert som positivt. Liten verdi | +1 | +2 |
| Landskap og grønstruktur | Forlenging av eksisterande busetnad av noko som oppfattast som restareal. Liten verdi | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar i eller nært området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særskilt bruk registrert, området ligg i tilknyting til turveg og område for aktivitet. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Transport og infrastruktur | Godt knytt til vegnettet, G/S-vegnett gjennom svartedalen og busshaldeplass. Middels verdi | +1 | +2 |
| Sosial infrastruktur | Tett knytt til Hyllestad sentrum og sosiale funksjonar i nærområdet. Liten verdi og omfang. | +1 | +1 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar av bruk. Vurdert positivt med etablering i etablert bustadområde. Liten verdi | +1 | +1 |
| Støy | Ingen spesiell eksponering for vegtrafikkstøy. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Egna fortettingsområde med gode bu-rekreasjonskvalitetar. Liten verdi | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Veleigna for bustadutbygging på Nes. Området ligg relativt solvendt og eignar seg for fortetting ært knytt til sentrum. Utvikling av området vil medføre lite tap av kvalitetar. Fortetting i området har potensiale for å tilføre nye og forsterke eksisterande kvalitetar. | **+4** | **+5** |
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd teken med kommuneplanen som eksisterande bustadfelt. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *NVE Atlas – Aktsemdssoner for området*




Området ligg sørvendt med gode solforhold.




Oppslag syner potensiale for konflikt.

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Aktsemdssone for snø og jord- og flaumskred i ytterkant av felt i aust. Veldig liten del av området er utsett. | 3/usikker | 3 | | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Aktsemd kvikkleire. Fleire synlege områder med fjell i dagen og området ligg i lausmassekart med kategori bart fjell. | 3/usikker | 6 | 3 | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest | 2 | 4 | | 4 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ikkje registrert risiko, men området ligg tett knytt til fylkesveg med potensiale for utforkøyring. | 2 | 4 | | 4 |
| Brot infrastruktur | To vegar ut og inn i området | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | Kort veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som særs god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Ingen særlege risiko og sårbarheiter utover grunntilhøve og potensiell skredfare i austleg ytterkant. Med synleg fjell i dagen, vert denne vurdert som låg dei fleste plassar. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Skredfarevurdering innanfor områder i aktsemdsoner og tilført byggegrense mot fylkesveg. | | | | |
| Rest risiko | Føresett at sikker byggegrunn vert dokumentert. | | | | |
| Tilråding | Vert tilført i kommuneplanen som eksisterande bustadfelt. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Samla sett så har området lite konfliktar sett opp mot tema i KU og ROS. Området eignar seg som fortetting til Hyllestad sentrum og støttar opp om mål i kommunal samfunnsdel. | | | | |
| **Tilråding** | Areal vert tilført som bustad i kommuneplanen. | | | | |

## 4. B5 – Bustad – Einevollen, Hyllestad

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 9 dekar |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Framtidig bustad – utviding av eksisterande bustadområde. |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område og bustad. |
| **Noverande bruk av området** | Bustad- og friområde. |
| **Forslagstillar** | |

**Skildring av området:** Utviding av eksisterande bustadområde for framtidig busetnad. Kupert område i ytterkant av kommunesenter og blant dei større fortettingsområda i kommunen. Kort gang- og sykkelavstand til butikk, og andre servicetilbod.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Område dekka av skog med høg bonitet og innmarksbeite. Liten verdi | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som utviding av allereie etablert bustadområde, men vil ha ein viss grad negativ verknad. Liten verdi | -1 | -2 |
| Klimautslepp og anna forureining | Fortetting av etablert bustadfelt er vurdert som positivt. Liten verdi | +1 | +1 |
| Landskap og grønstruktur | Utviding av bustadområde vil føre til nedbygging av ope og uberørt kulturlandskap. Liten verdi. | -1 | -2 |
| Naturmangfald | Ingen registreringar i eller nært området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen særskilt bruk registrert, området ligg i tilknyting til turveg og område for aktivitet. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Transport og infrastruktur | Godt knytt til vegnettet, G/S-vegnett gjennom svartedalen og busshaldeplass. Middels verdi | +1 | +2 |
| Sosial infrastruktur | Tett knytt til Hyllestad sentrum og sosiale funksjonar i nærområdet. Liten verdi og omfang. | +1 | +1 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar av bruk. Vurdert positivt med utviding av allereie etablert bustadområde. Liten verdi | +1 | +1 |
| Støy | Ingen spesiell eksponering for vegtrafikkstøy. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Egna fortettingsområde med gode bu-rekreasjonskvalitetar. Liten verdi | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Veleigna for vidare bustadutbygging på Einevollen. Området ligg relativt solvendt og eignar seg for fortetting ært knytt til sentrum. Utvikling av området vil medføre lite tap av kvalitetar og fortetting i området har potensiale for å tilføre nye og forsterke eksisterande kvalitetar. | +4 | +3 |
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd teken med kommuneplanen som framtidig bustadfelt. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *NVE Atlas – Aktsemdssoner for området*






## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
|---|---|---|---|---|---|
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje relevant. | | | | |
| Grunntilhøve | Området ligg utanfor aktsemdsone for kvikkleire. Ligg lausmassekart som bart fjell. | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest | 2 | 4 | | 4 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ingen registrert ulykke i området. | 2 | 4 | | 4 |
| Brot infrastruktur | Nært Hyllestad sentrum, men sårbar for brot på infrastruktur, med bere 1 tilførselsveg. | 3 | 6 | | |
| Responstid utryk-king | 5 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Ingen særlege risiko og sårbarheiter utover brot på infrastruktur. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Alternativ rute transport på sjø ved brot på veg. | | | | |
| Rest risiko | Akseptabel restrisiko. | | | | |
| Tilråding | Vert tilført i kommuneplanen som framtidig bustadfelt. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Samla sett så har området lite konfliktar sett opp mot tema i KU og ROS. Området eignar seg som framtidig utviding og fortetting av bustad til Hyllestad sentrum og støttar opp om mål i kommunal samfunnsdel. | | | | |
| **Tilråding** | Areal vert tilført som framtidig bustad i kommuneplanen. | | | | |

## 5. BN6 - Næringsareal, Langemyra

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 12 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Næring |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | LNF-område |
| **Forslagstillar** | Bjarne Andre Lekva |

**Skildring av området:** Delvis kupert skogsområde. Nært knytt til fylkesveg.






### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Grunnlendt skogsområde, liten verdi. | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men delar av om området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området ligg i ytterkant av sona og vil få liten negativ konsekvens for dette landskapet. Liten verdi | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Området ligg 3,5 km frå Hyllestad sentrum. Godt knytt til vegnett. | 0 | 0 |
| Landskap og grønstruktur | Skogsområde nært knytt til fylkesveg. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen særlege verdiar registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen registreringar. Liten verdi | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Plassert rett inntil fylkesveg, nært knytt til Hyllestad sentrum. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar. Liten verdi | 0 | 0 |
| Støy | Noko vegtrafikk og støy, men langt til næraste busetting. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Lite konflikt med nemnte tema, og området egnar seg for næring med å nytte areal som I dag er prega av kupert skogsterreng og ligg nært knytt til etablert fylkesveg. | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Arealet vert tilført i kommuneplanen som næring. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *NVE Atlas – Aktsemdssoner for området*




Området ligg sørvendt med gode solforhold.




Oppslag syner potensiale for konflikt.

## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Aktsemd kvikkleire | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest, men relativt godt skjerma. | 3 | 3 | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ei registrert ulukke, men eit godt over-siktleg område for avkøyrsle. | 3 | 3 | | 3 |
| Brot infrastruktur | Nært Hyllestad sentrum, men sårbar for brot på infrastruktur, med bere 1 tilførselsveg. | 3 | 6 | | |
| Responstid utryk-king | Kort veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som akseptabel beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Ingen særlege konfliktar utanom brot på infrastruk-tur, men har moglegheit for alternativ transport på sjø om naudsynt. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Alternativ transport via sjø i Hyllestadfjorden eller frå Risnes. | | | | |
| Rest risiko | Lite risiko. Sårbarheit vil vere noko avhengig av type verksemd. | | | | |
| Tilråding | Tilrådd teken inn i kommuneplanen som næringsområde. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Areal vert tilrådd i kommuneplanen sin arealdel som næring. | | | | |
| **Tilråding** | Areal vert tilrådd i kommuneplanen sin arealdel som næring. | | | | |

## 6. BN7 - Næringsareal, Bjørnestad

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 10 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Næring |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-område |
| **Noverande bruk av området** | LNF-område |
| **Forslagstillar** | Halvor Bjørnestad |

**Skildring av området:** Kupert innmarksbeite. Nært knytt til fylkesveg.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Kupert innmarksbeite av lite omfang og verdi. | 0 | 0 |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Området ligg 6 km frå næraste tettstad. Godt knytt til vegnett. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Innmarksbeite prega av attgroing. Få bustader etablert i struktur. Middels Verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingen særlege verdiar registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingen registreringar. Liten verdi | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Plassert rett inntil fylkesveg, midt I mellom Sørbøvåg og Lutelandet. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen registreringar. Liten verdi | 0 | 0 |
| Støy | Noko vegtrafikk og støy. Liten verdi | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Området egnar seg for næring med å nytte areal som I dag er prega av attgroing, og er ikkje eigna for tradisjonelt landbruk. | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Arealet vert tilført i kommuneplanen som næring. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og aktsemd kartlag frå Atlas.nve.no*







## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Området ligg over grense | | | | |
| Høgspent | Går sør for området men i tilstrekkeleg avstand (70m +) | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot sørvest | 2 | 4 | | 4 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Ingen trafikkulykker registrert på Bjørnestad (Vegkart), men 2 mindre ulykker på strekninga langs Skifjorden. Ikkje gang- og sykkelveg. Lite trafikert veg (ÅDT 250). Smal veg med låg fart. | 3 | 3 | | |
| Brot infrastruktur | To vegar ut og inn i området | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 20 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Liten risiko innanfor alle tema og lite behov for avbøtande tiltak. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Ikkje naudsynt. | | | | |
| Rest risiko | Vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Vert tilført i kommuneplanen. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Samla sett lite konfliktar i KU, der området er eit attgrodd innmarksbeite og lite konfliktar knytt til ROS. Området stettar arealstrategi frå samfunnsdel om tilrettelegging for næring. | | | | |
| **Tilråding** | Tilrådd teken med som næringsareal i kommuneplanen sin arealdel. | | | | |

## 7. SB4 – Langevågen – Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 7 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Vassareal for ålmenn fleirbruk |
| **Noverande bruk av området** | Vassareal for ålment friluftsliv |
| **Forslagstillar** | Dag Ove Myklebust |

**Skildring av området:** Området har strandområde delvis med svaberg. LNF-område med tilhøyrande naust i området.





### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | | |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ingen registreringar. Noko eldre landbrukslandskap prega av nyare inngrep og fritidsbruk. Liten verdi | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Skjerma bukt i landskap av vanleg førekomst med eksisterande inn-grep. Liten verdi | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Det er registrert førekomstar av tareskog rett i utkant av planlagt område. Førekomst er modellert og ikkje kvalitetssjekka. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Område med verdi for lokalt badeliv. Liten verdi | -1 | -1 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur. Områda ligg relativt nær fylkesveg, og areal vil ha moglegheit til å sikre tilstrekkeleg med parkeringsareal. Liten verdi. | 1 | 1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Li-ten verdi | 0 | 0 |
| Støy | Ingen støykjelder registrert. Liten verdi | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant | | |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg kan vere betre enn mange ulike brygger etc. som sperrar av større område i Skifjorden. Skal tiltaket realiserast bør det gjerast som eit samla tiltak. | **-1** | **-1** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek*

*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*







## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Relativt skjerma bukt | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Smale vegar inn mot området. | 2 | 4 | | |
| Brot infrastruktur | Vegnett er dekka frå både begge sider. Liten risiko. | 2 | 4 | | |
| Responstid utrykking | 20 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som tilstrekkeleg beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | | | | | |
| Avbøtande tiltak | Vurdering av reell skredfare langs fylkesvegen. Fjellsikring ved behov. Godt vegvedlikehald og brøyting/strøing/salting vinterstid. | | | | |
| Rest risiko | Det vil framleis vere ein liten restrisiko etter avbøtande tiltak er gjennomført, då det er umogleg å gardere seg heilt mot skred. | | 4 | | |
| Tilråding | Området er tilrådeleg å bygge ut med oppfølging av avbøtande tiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg vil vere betre enn mange ulike bryggar og vil bidrege til å vidareutvikle allereie eksisterande anlegg. Lite konflikt knytt til ROS. | | | | |
| **Tilråding** | Tilrådd teken med i arealdelen som småbåthamn. | | | | |

## 8. SB5 – Bordvika - Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 8 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Vassareal for almenn fleirbruk |
| **Noverande bruk av området** | Friområde |
| **Forslagstillar** | Dag Ove Myklebust |

**Skildring av området:** Området har strandområde delvis med strand/svaberg. Området opparbeida med flytebrygge og kai i dag.





### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Skjerma bukt i landskap av vanleg førekomst med eksisterande inngrep. Liten verdi | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Det er registrert førekomstar av tareskog delvis innanfor den austlege delen av planlagt område. Bør avgrense planområde til å gjelde utanfor dette området. Førekomst er modellert og ikkje kvalitetssjekka. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Området ligg inne i område for allment friluftsliv i kommuneplanen sin arealdel. Området er i dag nytta til rekreasjon knytt til båttrafikk, og tiltaket vert vurdert til å vere av middels verdi. | +2 | +4 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur. Områda ligg relativt nær fylkesveg, og areal vil ha moglegheit til å sikre tilstrekkeleg med parkeringsareal. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Liten verdi. | | 0 |
| Støy | Ingen utfordringar registrert. Tiltaket vil ikkje auke støynivå. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ingen ting særleg registrert. Vurdert positivt å bidra til samla småbåtområde i etablerte grender. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg kan vere betre enn mange ulike brygger etc. som sperrar av bukta. Skal tiltaket realiserast bør det gjerast som eit samla tiltak. | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. | | |

Flyfoto med innspelsområdet med raud strek

Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no







| ROS-analyse | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Relativt skjerma bukt | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Smale vegar inn mot området. | 2 | 4 | | |
| Brot infrastruktur | Vegnett er dekka frå både begge sider. Liten risiko. | 2 | 4 | | |
| Responstid utryk-king | 30 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som tilstrekkeleg beredskaps-dekning | | |
| Samla vurdering | | | | | |
| Avbøtande tiltak | Vurdering av reell skredfare langs fylkesvegen. Fjellsikring ved behov. Godt vegvedlikehald og brøyting/strøing/salting vinterstid. | | | | |
| Rest risiko | Det vil framleis vere ein liten restrisiko etter avbø-tande tiltak er gjennomført, då det er umogleg å gardere seg heilt mot skred. | | 4 | | 3 |
| Tilråding | Området er tilrådeleg å bygge ut med oppfølging av avbøtande tiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg vil vere betre enn mange enkeltståande flytebrygger gjennom Skifjorden. Lite konflikt med ROS. | | | | |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd teken med som småbåthamn i arealdelen. | | | | |

## 9. SB6 – Øyjordsvågen - Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 3,5 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone |
| **Noverande bruk av området** | Friområde |
| **Forslagstillar** | Bjarne Andre Lekva |

**Skildring av området:** Området har kuperte strandområde og svaberg. Området opparbeida med flytebrygge i dag.






### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ombygd areal og sjøareal. Liten verdi | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen spesielle verdiar registrert. Landbrukslandskap i strandsona med eksisterande inngrep. Liten verdi | -1 | -1 |
| Naturmangfald | Ingen spesielle verdiar registrert. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Potensiale for samlokalisering av småbåtar i felles anlegg vurdert som positivt. | 1 | 1 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur. Områda ligg relativt nær fylkesveg, og areal vil ha moglegheit til å sikre tilstrekkeleg med parkeringsareal. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Liten verdi | | 0 |
| Støy | Ingen utfordringar registrert. Tiltaket vil ikkje auke støynivå av stor grad. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg kan vere betre enn mange ulike brygger etc. som sperrar av bukta. Skal tiltaket realiserast bør det gjerast som eit samla tiltak. | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*







## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Aktsemdsone for snøskred og jordskred | 3/usikker | | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Risiko vurdert som låg då landområdet er bratt opp frå sjølinje. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Landområdet ligg aktsemdssone for kvikkleire. Fjell og berg i dagen. Vurdert som liten risiko. | 3 | | | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot Sørvest, men godt skjerma inne i fjorden. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Smale vegar inn mot området, elles ikkje registrert særleg risiko. | 3 | 3 | | |
| Brot infrastruktur | 1 veg inn til området, men god tilgang til sjøtransport. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 20 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Småbåthamn er utan fast opphald og med avgrensa materielle verdiar. Skredfarevurdering må gjennomførast. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Gjennomføring av skredfarevurdering for avklaring av reell fare. | | | | |
| Rest risiko | Restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Området kan takast inn i kommuneplan med krav om farevurdering skred og eventuelle nødvendige sikringstiltak | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg vil vere betre enn mange ulike brygger etc. som sperrar av bukta. Skal tiltaket realiserast bør det gjerast som eit samla tiltak. | | | | |
| **Tilråding** | Området takast inn i kommuneplanen som småbåthamn med krav om skredfarevurdering. | | | | |

## 10. SB7 – Hatlem - Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 18 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNF |
| **Noverande bruk av området** | Friområde |
| **Forslagstillar** | Jan Åge Solstad |

**Skildring av området:** Området har kuperte strandområde og svaberg. Området er ikkje opparbeida i dag.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Registrert overflatedyrka mark i nordleg del av planområdet. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen spesielle verdiar registrert. Landbrukslandskap i strandsona med eksisterande inngrep. Åfjorden har få småbåtanlegg, og etablering av anlegg vil motverke enkeltvis nedbygging av strandsona. | 1 | 1 |
| Naturmangfald | Registrert tarefelt i austleg del av planområdet, Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Potensiale for samlokalisering av småbåtar i felles anlegg vurdert som positivt. | 2 | 2 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur. Områda ligg relativt nær fylkesveg, og areal vil ha moglegheit til å sikre tilstrekkeleg med parkeringsareal. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Ingen utfordringar registrert. Tiltaket vil ikkje auke støynivå av stor grad. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg kan vere betre enn mange enkeltvise småbåt anlegg. Delvis konflikt med naturmangfald og landbruksomsyn. Tilpassing av planområdet knytt til naturmangfald og landbruk vil dempe konfliktpotensiale. | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. | | |

*Flyfoto av innspelsområdet* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*





## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
|---|---|---|---|---|---|
| Ras/skred | Aktsemdsone for snøskred og jordskred. Området ligg innanfor tsunamifare knytt til fjellskred frå Lifjellet. | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Risiko vurdert som låg då landområdet er bratt opp frå sjølinje. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Landområdet ligg i aktsemdssone for kvikkleire. Fjell og berg i dagen. Vurdert som liten risiko. | 3 | | | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot Sørvest. Avskjerma førehald knytt til holmen «runnane» med planområdet. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Planområdet ligg tett på fylkesveg, og potensiale for ulykker. Gode siktførehald dempar konfliktførehald. | 3 | 3 | | |
| Brot infrastruktur | 2 vegar inn til området, men god tilgang til sjøtransport. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 10 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Småbåthamn er utan fast opphald og med avgrensa materielle verdiar. Skredfarevurdering og krav til sikker byggegrunn knytt til naturfare er naudsynt. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Krav om skredfarevurdering knytt til jord- og flaumskred. Dokumentasjon på sikker byggegrunn for grunnførehald og tiltak skal prosjekterast og fundamenterast med tilstrekkeleg robustheit mot bølgjepåkjenning, erosjon og overskylling frå sjø. | | | | |
| Rest risiko | Det vil framleis vere ein liten restrisiko etter avbøtande tiltak er gjennomført, men etter gjennomføring av tiltaka vert risikoen vurdert som akseptabel for tiltaket | | | | |
| Tilråding | Området kan takast inn i kommuneplan med krav om farevurdering skred og ev. nødvendige sikringstiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv, men konflikt potensiale med naturmangfald, landbruk og naturfare. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg som kan handtere konflikt knytt til naturfare vert vurdert som positivt, og veg opp for konflikt knytt til landbruk og naturmangfald. | | | | |

| | |
|---|---|
| **Tilråding** | Området takast inn i kommuneplanen med krav om skredfarevurdering, og tilpassing av planområde i aust for minst mogleg konflikt med naturmangfald. |

Høyringsutkast

## 11. SB8 – Lifjorden - Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 3 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNF |
| **Noverande bruk av området** | Friområde |
| **Forslagstillar** | Gaute Lundeland |

**Skildring av området:** Området har kuperte strandområde og svaberg. Området er delvis opparbeidd med flytebrygge og naust i dag.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | 0 | 0 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna foreureining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen spesielle verdiar registrert. Landbrukslandskap i strandsona med eksisterande inngrep. Lifjorden har få småbåtanlegg, og etablering av anlegg vil motverke enkeltvis nedbygging av strandsona. Liten verdi. | 1 | 1 |
| Naturmangfald | Ingen registrering i området. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Potensiale for samlokalisering av småbåtar i felles anlegg vurdert som positivt. Liten verdi. | 1 | 1 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur, med flytebrygge, naust og noko tilgjengeleg areal til parkering. Liten verdi | 1 | 1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Store friareal tilgjengeleg. Liten verdi | 0 | 0 |
| Støy | Ingen utfordringar registrert. Tiltaket vil ikkje auke støynivå av stor grad. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg kan vere betre enn mange enkeltvise småbåt anlegg. | **1** | **1** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*






| ROS-analyse | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Aktsemdsone for snøskred og jord- og flaumskred. | 3/usikker | | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Risiko vurdert som låg då landområdet er bratt opp frå sjølinje. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Landområdet ligg aktsemdssone for kvikkleire. Fjell og berg i dagen. Vurdert som liten risiko. | 3 | | | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot Sørvest, men godt skjerma inne i fjorden. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Smale vegar inn mot området, elles ikkje registrert særleg risiko. | 3 | 3 | | |
| Brot infrastruktur | 1 veg inn til området, men god tilgang til sjøtransport. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 20 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Småbåthamn er utan fast opphald og med avgrensa materielle verdiar. Skredfarevurdering må gjennomførast. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Gjennomføring av skredfarevurdering for avklaring av reell fare. | | | | |
| Rest risiko | | | | | |
| Tilråding | Området kan takast inn i kommuneplan med krav om farevurdering skred og ev. nødvendige sikringstiltak | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg vil vere betre enn mange ulike brygger etc. som sperrar av bukta. Skal tiltaket realiserast bør det gjerast som eit samla tiltak. | | | | |
| **Tilråding** | Området takast inn i kommuneplanen med krav om skredfarevurdering. | | | | |

## 12. SB9 – Sørbøvåg - Småbåthamn

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 37 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Småbåthamn |
| **Gjeldande arealføremål** | Hamneområde, Friområde og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNF |
| **Noverande bruk av området** | Hamneområde og friområde |
| **Forslagstillar** | Åfjorden båtlag og Roar Nordbø |

**Skildring av området:** Hamneområdet i Sørbøvåg med kombinasjon av naust, småtbåthamn og friområde.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant. Området kjem delvis innanfor låssettingsområde og aktive reiskap i austleg del. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna foruréining | Potensiell lokal ureining frå småbåthamn. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen spesielle verdiar registrert. Landbrukslandskap i strandsona med eksisterande inngrep. Åfjorden har få småbåtanlegg, og vidare-utvikling av eksisterande anlegg vert vurdert som forebyggande for stykkevis utbygging. | 1 | 1 |
| Naturmangfald | Ulike registreringar av gråmåke, grønnfink, granmeis gråspurv heilt aust i utkanten av planområdet. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Potensiale for samlokalisering av småbåtar i felles anlegg vurdert som positivt. Liten verdi. | 2 | 2 |
| Transport og infrastruktur | Etablert infrastruktur, med småtbåtanlegg, naust og parkeringsplass i dag. | 1 | 1 |
| Sosial infrastruktur | Etablering av felles småbåthamn i sentrumsområde bidreg til å gjere båtliv meir tilgjengeleg for ålmenta. Liten verdi. | 1 | 1 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen interesser registrert i området. Sørbøvåg har ein stor del med opparbeida og tilgjengeleg friareal, og tiltaket vert ikkje vurdert å vere i konflikt med desse områda. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Ein utviding av småbåthamna i Sørbøvåg sentrum vil auke båtfre-kvens og støy for tilgrensande bustadar. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med havbruk, strandsone, støy og friluftsliv. Ge-visten med å samle eksisterande flytebrygger i eit fellesanlegg vert vurdert betre enn mange enkeltvise småbåtanlegg. Det er delvis konflikt med fiske og låssettingplassar, men dette vert vur-dert om handterbart i ein reguleringsprosess. | 0 | 0 |

| | |
|---|---|
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan med krav om berre eit samla anlegg, lokalisert til minst mogleg sjenanse for anna bruk av strandsona. |

*Flyfoto med innspelsområdet*




*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*



## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Aktsemdsone for snøskred og jordskred. Området friskmeldt gjennom skredfarevurdering gjort for Sørbøvåg sentrum anno 2025. | | | 3 | 3 |
| Flaum | Området ligg innanfor farekart for tsunamiflodbølgje knytt til fjellskred frå Lifjellet. | 3 | 3 | 3 | 6 |
| Havnivå | Risiko vurdert som låg då landområdet er bratt opp frå sjølinje. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Landområdet ligg i aktsemdssone for kvikkleire. Fjell og berg i dagen. Vurdert som liten risiko. | 3/usikker | 3 | 3 | 6 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot Sørvest, men godt skjerma inne i fjorden. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Utfordrande avkøyrsle frå fylkesveg, og vil bli auka ved trafikk knytt til småbåthamn. | 3 | 6 | | |
| Brot infrastruktur | 2 vegar inn til området, men god tilgang til sjøtransport. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 15 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Småbåthamn er utan fast opphald og med avgrensa materielle verdiar. Skredfarevurdering må gjennomførast. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Rekkjefølgjekrav knytt til avkøyrsle og dokumentasjon på sikker byggegrunn for grunnførehald og tiltak skal prosjekterast og fundamenterast med tilstrekkeleg robustheit mot bølgjepåkjenning, erosjon og overskylling frå sjø. | | | | |
| Rest risiko | Med tilrådde tiltak vert restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |

| | |
|---|---|
| Tilråding | Området kan takast inn i kommuneplan med krav om farevurdering skred og ev. nødvendige sikringstiltak. |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med havbruk, strandsone og støy og behov for naudsynte tiltak for å få akseptabel restrisiko. Gevinsten med å vidareutvikle allereie eksisterande småbåtanlegg vert likevel vekta tungt, og utbetring av småbåtanlegg vil heve sikkerheit knytt til fare frå tsunamibølge |
| **Tilråding** | Vert tilrådd teken med i arealdel som småbåtanlegg, med tilrådde avbøtande tiltak. |

Høyringsutkast

## 13. HS3 – Sørbøvåg - Hamneområde

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 7 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Hamneområde i sjø |
| **Gjeldande arealføremål** | Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og friområde. |
| **Noverande bruk av området** | Næringsverksemd og hamn |
| **Forslagstillar** | Finio AS |

**Skildring av området:** Hamneområde kring næringsområde for maritim verksemd.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant. Området kjem delvis innanfor låssettingsområde og aktive reiskap i austleg del. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell auka lokal ureining frå hamneområde og næringsverk-semd. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen spesielle verdiar registrert. Landbrukslandskap i strandsona med eksisterande inngrep. Åfjorden har få hamneanlegg, og vidare-utvikling av eksisterande vert vurdert som forebyggande mot stykke-vis utbygging. | 2 | 3 |
| Naturmangfald | Området kjem delvis i konflikt med tarefelt i sørleg del av planom-rådet. Middels verdi. | -2 | -3 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Området er tilknytt næringsområde og ikkje naturleg tilgjengeleg for ålmenta. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Området er i dag etablert med infrastruktur, molo og slipp tilhøy-rande næring. Ligg tett etablert i sentrum av Sørbøvåg relativt sent-ralt i kommunen. | 2 | 3 |
| Sosial infrastruktur | Området er i dag etablert for næring, og vert rekna som ei vidareut-vikling av området. Liten verdi | 1 | 1 |
| Barn og unge sine interesser | Området er tilknytt næringsområde og ikkje naturleg tilgjengeleg for ålmenta. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Ein utviding av hamneområdet i Sørbøvåg sentrum vil auke båtfre-kvens og støy for tilgrensande bustadar. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med havbruk, naturmangfald, støy og utslepp. Spesielt konflikta mot naturmangfald er stor, men planområdet ligg knytt til næringsområde med tilgjengeleg infrastruktur og alle-reie etablert hamneområde. | **-1** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Tilrådd teken med som hamneområde i kommuneplanen sin arealdel. Sjølv med negativ verdi, så vert prinsippa i arealstrategien med å nytte eksisterande infrastruktur, vidareutvikle etab-lerte næringsområde og sikre hamneområde vekta tungt. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet*




*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*



## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko. Området rundt er friskmeldt gjennom skredfarevurdering gjort for Sørbøvåg sentrum anno 2025. | | | | |
| Flaum | Området ligg innanfor farekart for tsunamiflodbølgje knytt til fjellskred frå Lifjellet. | 3 | 3 | 3 | 6 |
| Havnivå | Risiko vurdert som låg då landområdet er bratt opp frå sjølinje. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Landområdet ligg i aktsemdssone for kvikkleire. Fjell og berg i dagen. Vurdert som liten risiko. | 3/usikker | 3 | 3 | 6 |
| Vind/ekstremvêr | Ligg noko eksponert mot Sørvest, men godt skjerma inne i fjorden. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Avkøyrsle i dag rekna som god, men auka trafikk på land og til sjøs aukar potensiale for ulykker. | 3 | 6 | | |
| Brot infrastruktur | 2 vegar inn til området, men god tilgang til sjøtransport. | 3 | 3 | | |
| Responstid utrykking | 15 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Hamneområdet vil auke aktivitet og trafikk i området, og vil auke farepotensiale knytt til flodbølge, grunntilhøve og trafikk. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Rekkjefølgjekrav knytt til avkøyrsle og dokumentasjon på sikker byggegrunn for grunnførehald og tiltak skal prosjekterast og fundamenterast med tilstrekkeleg robustheit mot bølgjepåkjenning, erosjon og overskylling frå sjø. | | | | |
| Rest risiko | Med tilrådde tiltak vert restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Området kan takast inn i kommuneplan med krav om farevurdering skred og ev. nødvendige sikringstiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med havbruk, naturmangfald, støy, utslepp og behov for naudsynte tiltak for å få akseptabel restrisiko. Gevinsten med å vidareutvikle allereie eksisterande hamneanlegg vert likevel vekta tungt, og utbetring av hamneområde vil heve sikkerheit knytt til fare frå | | | | |

| | |
|---|---|
| | tsunamibølge. |
| **Tilråding** | Vert tilrådd teken med i arealdel som hamneområde, med tilrådde avbøtande tiltak. |

Høyringsutkast

## 14. NAU3 - Naust – Nedre Heggebøen

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 6 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Naust |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF |
| **Noverande bruk av området** | Fri- og naustområde |
| **Forslagstillar** | Christer Systad, eigar gbnr 100/2 |

**Skildring av området:** Naustområde ca 5 min til Leirvik sentrum. Nært knytt til bustadfelt i området.





### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | | |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ingen registreringar. Nokre naust i område, der fortetting vil vere sett på som positivt. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå naust. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Landskap og grønstruktur | Skjerma bukt i landskap av vanleg førekomst med eksisterande inngrep. Liten verdi. Fortetting av naustsamfunn vil vere sett på som positivt for strandsone i området i sin heilhet. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Naturmangfald | Ulike innslag av måse er registrert 150 m sør for området. Regist-rert som sårbar. Truleg liten innverknad på lokalitet. God avstand til registrerte fiskeinteresser. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Område med verdi for lokalt badeliv. Liten verdi | -1 | -1 |
| Transport og infrastruktur | Området ligg knytt til eksisterande vegnett, med positiv verdi for samling av naustområder i området. Liten verdi. | 1 | 1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Truleg noko verdi for lokalsamfunn. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Ingen støykjelder registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant. | | |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone, landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande naust i eit naustsamfunn kan vere betre enn mange ulike naust etc. som sperrar for ferdsel i strandsona. | **+1** | **+1** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan. Naustsamfunn vil stimulere til samlokalisering av naust mot enkelt-plassering av naust. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*







## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Området friskmeldt gjennom skredfarevurdering for området anno 2025. | | | | |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko | 1 | | | 3 |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Relativt skjerma bukt | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Trafikk | Planområdet ligg inn til trafikkområde, og potensiale for trafikkale ulykker vert vurdert som auka. | 2 | 4 | | |
| Brot infrastruktur | Vegnett er dekka frå både begge sider. Liten risiko. | 2 | 4 | | |
| Responstid utrykking | 10 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse. | NA | Vurdert som god beredskapsdekning | | |
| Samla vurdering | Naustområde er utan fast opphald og med avgrensa materielle verdiar. | | | | |
| Avbøtande tiltak | For å dempe farepotensial, vert det tilrådd å trekke planområdet lengre vekk frå fylkesveg. | | | | |
| Rest risiko | Det vil framleis vere ein liten restrisiko etter avbøtande tiltak er gjennomført, men området vil reknast som sikkert til tiltenkt bruk. | | | | |
| Tilråding | Området er tilrådeleg å bygge ut med oppfølging av avbøtande tiltak. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Avgrensa konflikt med strandsone. landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande naustområde i eit fellesanlegg vil vere betre enn mange ulike naust etc. som sperrar av bukta. Med avbøtande tiltak vert naustområdet rekna som eit positivt for området. | | | | |
| Tilråding | Området takast inn i kommuneplanen med ny avgrensing i tråd med avbøtande tiltak. | | | | |

Ny avgrensing



Høyringsutkast

## 15. NAU3 - Naust – Buavika

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 4,5 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Naust |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF |
| **Noverande bruk av området** | Fri- og naustområde |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Naustområde ca 5 min til Hyllestad sentrum. Nært knytt til bustadfelt i området.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant | | |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som fortetting av allereie etablert naustområde, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell lokal ureining frå naust. Liten verdi | 0 | 0 |
| Landskap og grønstruktur | Skjerma bukt i landskap av vanleg førekomst med eksisterande inngrep. Liten verdi. Fortetting av naustsamfunn vil vere sett på som positivt for strandsone i området i sin heilheit. | +1 | +1 |
| Naturmangfald | Ingen registrering innanfor planområdet, men området ligg tilgrensande låsettingsplass og gytefelt for torsk. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Område med verdi for lokalt badeliv. Liten verdi | -1 | -1 |
| Transport og infrastruktur | Området ligg knytt til eksisterande vegnett. Liten verdi. | +1 | +1 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant | | |
| Barn og unge sine interesser | Området er kupert og lite framkommeleg for ålmenta. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Naustområde kan medføre noko auka støy, men truleg lite meir enn det er i dag. Liten verdi | 0 | 0 |
| Folkehelse | Ikkje relevant | | |
| Samla vurdering | Avgrensa konflikt med strandsone, landskap og friluftsliv. Å samle eksisterande naust i eit naustsamfunn kan vere betre enn mange ulike naust etc. som sperrar for ferdsel i strandsona | **0** | **0** |
| **Fagleg tilråding** | Takast inn i kommuneplan. Naustsamfunn vil stimulere til samlokalisering av naust Buavika og tilgrensande område. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*





## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Austleg del av planområdet ligg innanfor aktsemdsone for jord- og flaumskred. Heile området ligg innanfor sone for tsunamifare frå ras i frå Lifjellet. | 3 | 3 | | 6 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko | | | | |
| Havnivå | Naustområde ligg naturleg i sjølinje, men har liten konflikt då terreng i hovudsak ligg godt over havnivågrense. | 1 | | | 3 |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Grunntilhøve | Noko konflikt med grunntilhøve i austleg del av planområdet. Konflikpotensiale likevel vurdert som låg, då fjell i dag er synleg i stor del av området. | 1 | | | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Relativt skjerma bukt, og ligg godt skjerma frå dei fleste vindretningar. | 3 | | | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje registrert risiko. | | | | |
| Trafikk | Smale vegar inn og kring området. | 2 | 4 | | |
| Brot infrastruktur | Vegnett er dekka frå både begge sider. Liten risiko. | 2 | 4 | | |
| Responstid utrykking | 5 min veg for brannvesen, noko lengre for ambulanse. | NA | Vurdert som god beredskapsdekning. | | |
| Samla vurdering | Området har konflikt med jord- og flaumskred og grunntilhøve i austleg del. Hovudtyngd av planområdet ligg i konflikt med flodbølge frå ras i Lifjellet. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Krav om skredfarevurdering knytt til jord- og flaumskred. Dokumentasjon på sikker byggegrunn for grunnførehald og tiltak skal prosjekterast og fundamenterast med tilstrekkeleg robustheit mot bølgjepåkjenning, erosjon og overskylling frå sjø. | | | | |
| Rest risiko | Det vil framleis vere ein liten restrisiko etter avbøtande tiltak er gjennomført, men etter gjennomføring av tiltaka vert risikoen vurdert som akseptabel for tiltaket. | | | | |
| Tilråding | Området vert tilrådd teken med i arealdelen. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området har avgrensa konfliktar med landskap, strandsone og friluftsliv, samt konflikt mot tsunamifare. Samstundes så vert det vurdert positivt med forsterking av eit allereie etablert naustområde. Med klare føringar knytt til sikker byggegrunn, så vert arealet vurdert tilrådd. | | | | |
| **Tilråding** | Arealet tilrådd som naust i kommuneplanen sin arealdel. | | | | |

Høyringsutkast

## 16. VF1 – Andre typar anlegg (vassforsyningsanlegg), Foss

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 1 dekar |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Teknisk infrastruktur - Drikkevatn |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-føremål |
| **Noverande bruk av området** | Landbruksområde |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Landbruksområde tett inntil fylkesveg og Fosselva. Planområdet er tenkt til opparbeiding av borehol og pumpehus som nytt vassverk for Leirvik.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ca 1/2 av planområdet ligg innanfor fulldyrka jord, mens restande del ligg i kupert skogsterreng. Stor verdi | -2 | -3 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ingenting registrert i planområdet. Nokre arkeologiske minne av kvernsteinbru aust for planområdet. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Ingen nærleik til myrterreng og området ligg sentralt knytt til vedlikehald og minst mogleg utslepp frå transport. | 0 | 0 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen kjente registrering av landskapsverdi. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingenting registrert. Registrert naturbeitemark, gråspett, granmeis og storskarv eit stykke utanfor planområdet. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingenting registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Drikkevassforsyning er ein kritisk samfunnsfunksjon, samfunnstryggleik og beredskap. Tiltaket vil bidra til å sikre stabil og langsiktig tilgang på reint drikkevatn for innbyggjarane og styrke kommunen si vassforsyning | 4 | 4 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant for tema. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen spesiell bruk registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Kan verte noko støy frå pumpehus, kort avstand til etablert busetnad. | -1 | -1 |
| Folkehelse | Området har svært stor verdi for folkehelsa fordi det skal nyttast til kommunal drikkevassforsyning. Tiltaket vil bidra til sikker tilgang på reint drikkevatn, redusere sårbarheit i vassforsyninga og styrkje helse og livskvalitet for innbyggjarane. | 4 | 4 |
| Samla vurdering | Området har konflikt med landbruk, støy, og naturmangfald. Spesielt området inn på fulldyrka jord er konfliktfullt, men samfunnsnytta for eit nytt vassverk for Leirvik vert vurdert som særs viktig for både folkehelse og infrastruktur. | **4** | **3** |
| **Fagleg tilråding** | Området vert vurdert som særs viktig for å sikre ei god og stabil vassforsyning til innbyggarane i tida framover. Vert tilrådd teken med i planen. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek*




*Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*




## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Ikkje registrert risiko innanfor planområdet. | | | | |
| Flaum | Planområdet ligg innanfor aktsemdssone for flaum og planområdet ligg frå 0 til 5 meter over elvebredd. | 3/usikker | 4 | 3 | 6 |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko for tiltaket. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Grunntilhøve | Området ligg innanfor aktsemdssone for kvikkleire. Lite fjell i dagen å spore, men området ligg i område med forvitringsmateriale og kvikkleirefare vert vurdert som låg. | 3/usikker | 3 | 3 | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Godt lukka område og ligg godt skjerma frå dei fleste vindretningar. | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje relevant | | | | |
| Trafikk | Ingen trafikkulykker registrert på Foss (Vegkart), men 2 ulykker på strekninga frå Leirvik til Staurdalen. Ikkje gang- og sykkelveg. Trafikkert veg (ÅDT 600). Breiare veg med høg fart. | 3 | 4 | 3 | 6 |
| Brot infrastruktur | Ligg nært til fylkesveg med tilgang frå fleire sider. | | | | |
| Responstid utrykking | Planområdet ligg 5 frå sentrum og 20 min ambulanse. | NA | Vurdert som god beredskapsdekning. | | |
| Samla vurdering | Området ligg innanfor aktsemdsone for kvikkleire, flaum og nært inntil fylkesveg. Det er noko usikkerheit knytt til grunntilhøve, men reknast som trygg. | | | | |
| Avbøtande tiltak | For å senke risiko for flaum og trafikk, så bør tiltak trekkast i tilstrekkeleg høgd og distanse vekk frå veg og elvestryk. Dette senkar risikoen betrakteleg og vil bidrege til at restrisikoen vert senka til akseptabelt nivå. | | | | |
| Rest risiko | Med tilrådde avbøtande tiltak vert restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Ved avbøtande tiltak inneber tiltaket ikkje risiko av vesentleg karakter og kan takast inn i plan. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området har motstridane konfliktar mellom jordvern og naturfare, der dei avbøtande tiltaka med å trekke planområdet vekk frå elvebredd, kjem i konflikt med jordvernet. Det vert likevel vurdert at samfunnsnytta med ein ny og sikker offentleg vasskjelde vektar tyngre, og tiltaket vert tilrådd. | | | | |

| | |
|---|---|
| Tilråding | Området vert tilrådd teken med arealdelen som det ligg føre. |

Høyringsutkast

## 17. BKB5 – Bygningar og anlegg, Nes

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 5 dekar |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Bygningar og anlegg |
| **Gjeldande arealføremål** | LNF-føremål |
| **Noverande bruk av området** | Stallområde |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Landbruksområde knytt til stalldrift tett inntil fylkesveg og spreidd bustadområde.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ca 1 dekar med overflatedyrka og resterande del ombygd og disponert om. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ikkje registrert kulturminne i nærleiken, men området ligg innanfor kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, sone 10 Åfjorden. Området bidreg i hovudsak som fortetting av allereie etablert ombygd område, og vil i liten grad ha negativ verknad. Liten verdi | -1 | -1 |
| Klimautslepp og anna foureining | Ingen nærleik til myrterreng og området ligg sentralt knytt til vedlikehald, infrastruktur og sentrum I tråd med prinsipp i arealstrategi med å nytte allereie ombygd areal. Middels verdi. | 1 | 2 |
| Landskap og grønstruktur | Ingen kjente registrering av landskapsverdi. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Naturmangfald | Ingenting registrert. | 0 | 0 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingenting registrert. Liten verdi | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Området har tidlegare vore nytta til stallområde, men det er ikkje vore aktiv drift på lengre tid. Området ligg tett knytt til fylkesveg og tilgjengeleg infrastruktur. Middels verdi. | 2 | 3 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant for tema. | 0 | 0 |
| Barn og unge sine interesser | Ingen spesiell bruk registrert, men tett på bustadområde. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Støy | Potensiale for auke støy og kort avstand til etablert busetnad. | -1 | -1 |
| Folkehelse | Liten påverknad knytt til folkehelse. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Samla vurdering | Området har delvis konflikt med jordvern, kulturminne og støy. Landbruksområdet er av lite omfang og vekta positivt at tiltaket i hovudsak gjeld omdisponering av eit allereie ombygd areal med tilgjengeleg infrastruktur. | **-1** | **1** |
| **Fagleg tilråding** | Området vert tilrådd inn i arealdelen som bygning og anlegg. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet med raud strek* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*







## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Austleg del av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for snøskred og jord- og flaumskred. | 3/usikker | 3 | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko for tiltaket. | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko for tiltaket. | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko. Høgspent ligg 20 m utanfor planområdet. | | | | |
| Grunntilhøve | Området ligg innanfor aktsemdssone for kvikkleire. Lite fjell i dagen å spore, men området ligg i område med forvitringsmateriale og kvikkleirefare vert vurdert som låg. | 3/usikker | 3 | 3 | 3 |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg i relativt skjerma dalstrøket, og lite utsett for ekstremvær. | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Samlokalisering | Ikkje relevant | | | | |
| Trafikk | Ingen trafikkulykker registrert i området, (Vegkart), men 2 ulykker på strekninga frå Hyllestad til Rønset siste 20 åra. Ikkje gang- og sykkelveg. Trafikkert veg (ÅDT 400). Planområdet nært knytt til fylkesveg. | 3 | 4 | 3 | 6 |
| Brot infrastruktur | Ligg nært til fylkesveg med tilgang frå fleire sider. | | | | |
| Responstid utrykking | Planområdet ligg 5 frå sentrum og 20 min ambulanse. | NA | Vurdert som god beredskapsdekning. | | |
| Samla vurdering | Området ligg innanfor aktsemdsone for skred, kvikkleire og nært inntil fylkesveg. | | | | |
| Avbøtande tiltak | For å senke risiko knytt til ras og trafikk, så bør tiltak trekkast vekk frå veg og reell skredfare må avklarast. Dette senkar risikoen betrakteleg og vil bidrege til at restrisikoen vert senka til akseptabelt nivå. | | | | |
| Rest risiko | Med tilrådde avbøtande tiltak vert restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Ved avbøtande tiltak inneber tiltaket ikkje risiko av vesentleg karakter og kan takast inn i plan. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Området har konfliktar med KU og naturfare, men har med avbøtande tiltak så vert konfliktgraden vurdert som låg. I tråd med føringar i arealstrategien så vert tiltaket tilrådd. | | | | |

| | |
|---|---|
| **Tilråding** | Området vert tilrådd teken med arealdelen som bygning og anlegg. |

Høyringsutkast

## 18. VA2 - Akvakulturanlegg – Skiveneset

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 159 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Akvakultur |
| **Gjeldande arealføremål** | Område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske |
| **Noverande bruk av området** | Sjøområde |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området:** Justering av innspelt areal til akvakultur frå Firda Seafood AS.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant for tema | | |
| Kulturminne og kul-turlandskap | Ingenting registrert i sjø. To gravrøyser registrert på land nordvest for området. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell botnureining, høg påverknad av vassmassane, men djupt ytre fjordområde med god resipientkapasitet. God økologisk tilstand i vassførekomst Sognefjorden, miljømål: god tilstand. Noko tett på eksisterande anlegg gir smittefare. Liten verdi. | -2 | -3 |
| Landskap og grønstruktur | Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Ligg innanfor sone 10 – Hyllestad. Verdien går hovudsakleg på kvernsteins-landskapet i Hyllestad, langs Åfjorden. Området i sjø vil få liten ne-gativ konsekvens for dette landskapet. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Naturmangfald | Ingenting registrert. Ikkje nasjonal laksefjord eller viktige elvar tett ved, mindre anadrome vassdrag med utløp i Åfjorden. Men poten-siell trussel med sjukdom og rømming. Registrert tareskogføre-komstar nord for området. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingenting registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Utanom registrerte farleier. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant for tema. | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen spesiell bruk registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Kan verte noko støy frå anlegget, Lang avstand til nærast busetnad. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Folkehelse | Ikkje relevant for tema. | | |
| Samla vurdering | Negativ konsekvens knytt til ureining, landskap, fiskeriinteresser og naturmangfald. | **-5** | **-6** |
| **Fagleg tilråding** | Området kan eigne seg for akvakultur. Konfliktbiletet er relativt lågt. Sett på bakgrunn av, og under føresetnad av, at tiltaket inneber flytting av eksisterande anlegg ut i fjorden, vert det anbefalt teke med i planen. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*






## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Område er registrert med tsunamifare i sjø. | 1 | 2 | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg i ytre fjordstrok og relativt eksponert. | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Samlokalisering | Noko tett ved eksisterande anlegg med smittefare. | NA | | 6 | |
| Trafikk | Ligg utanfor registrert farlei | | | | |
| Brot infrastruktur | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Responstid utryk-king | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Samla vurdering | Området har avgrensa konflikt med tsunamifare og vær og vind, men elles lite knytt til naturfare. | | | | |
| Avbøtande tiltak | Fortøyingar og konstruksjonar tilpassa ver og potensiell tsunami og kraftig ver må følgje som pålegg i konsesjon. | | | | |
| Rest risiko | Restrisiko vurdert som akseptabel. | | | | |
| Tilråding | Tiltaket inneber ikkje risiko av vesentleg karakter og kan takast inn i plan. Gjennom konsesjon må det sikrast tilbørleg sikring av anlegget mot påkjenningar. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Planområdet har konflikt med ulike tema som utslepp, landskap, naturmangfald og fiskeriinte-resser. Området kan tilførast under føresetnad av at tiltaket inneber flytting av eksisterande anlegg ut i fjorden. | | | | |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd teken med som akvakultur i arealdelen. | | | | |

## 19. VA 3 - Akvakulturanlegg - Borsholmen

| | |
|---|---|
| **Storleik** | 392 daa |
| **Framlegg til nytt arealføremål** | Akvakultur |
| **Gjeldande arealføremål** | Område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske |
| **Noverande bruk av området** | Sjøområde |
| **Forslagstillar** | Hyllestad kommune |

**Skildring av området**: Justering av innspelt areal til akvakultur frå Firda Seafood AS.







### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Dyrka mark og jordvern | Ikkje relevant for tema. | | |
| Kulturminne og kulturlandskap | Ingenting registrert i sjø. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Klimautslepp og anna forureining | Potensiell botnureining, høg påverknad av vassmassane, men djupt ytre fjordområde med god resipientkapasitet. God økologisk tilstand i vassførekomst Sognefjorden, miljømål: god tilstand. Noko tett på eksisterande anlegg gir smittefare. Liten verdi. | -2 | -3 |
| Landskap og grønstruktur | Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Ligg innanfor sone 10 – Hyllestad. Verdien går hovudsakleg på kvernsteinslandskapet i Hyllestad, langs Åfjorden. Området i sjø vil få liten negativ konsekvens for dette landskapet.Liten verdi. | -1 | -1 |
| Naturmangfald | Ingenting registrert. Ikkje nasjonal laksefjord eller viktige elvar tett ved, mindre anadrome vassdrag med utløp i Åfjorden. Men potensiell trussel med sjukdom og rømming. Registrert mindre tareskogførekomstar vest og aust for området. Liten verdi. | -1 | -1 |
| Nærmiljø og friluftsliv | Ingenting registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Transport og infrastruktur | Utanom registrerte farleier. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Sosial infrastruktur | Ikkje relevant for tema. | | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen spesiell bruk registrert. Liten verdi. | 0 | 0 |
| Støy | Kan verte noko støy frå anlegget, kort avstand til etablert busetnad. Middels verdi. | -2 | -2 |
| Folkehelse | Ikkje relevant for tema. | | |
| Samla vurdering | Negativ konsekvens knytt til ureining, landskap, fiskeriinteresser, naturmangfald og støy. Vanskeleg å sjå andre avbøtande tiltak utover dei som vil følgje av konsesjon. Stillegåande fòringsmaskin. | **-6** | **-7** |
| **Fagleg tilråding** | Området kan eigne seg for akvakultur. Konfliktbiletet er relativt lågt. Sett på bakgrunn av, og under føresetnad av, at tiltaket inneber flytting av eksisterande anlegg ut i fjorden, vert det anbefalt teke med i planen. | | |

*Flyfoto med innspelsområdet* *Fare- og vernekartlag frå Atlas.nve.no*





## ROS-analyse

| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Liv og helse | Miljø | Materielle verdiar |
| Ras/skred | Område er registrert med tsunamifare i sjø. | 1 | 2 | 3 | 3 |
| Flaum | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Havnivå | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Høgspent | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Grunntilhøve | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Vind/ekstremvêr | Området ligg i ytre fjordstrok og relativt eksponert. | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Samlokalisering | Noko tett ved eksisterande anlegg med smittefare. | NA | | 6 | |
| Trafikk | Ligg utanfor registrert farlei. | | | | |
| Brot infrastruktur | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Responstid utrykking | Ikkje registrert risiko for tiltaket | | | | |
| Samla vurdering | | | | | |
| Avbøtande tiltak | Fortøyingar og konstruksjonar tilpassa ver og potensiell tsunami og kraftig ver må følgje som pålegg i konsesjon. | | | | |
| Rest risiko | | | | | |
| Tilråding | Tiltaket inneber ikkje risiko av vesentleg karakter og kan takast inn i plan. Gjennom konsesjon må det sikrast tilbørleg sikring av anlegget mot påkjenningar. | | | | |
| **Samla vurdering ROS og KU** | Planområdet har konflikt med ulike tema som utslepp, landskap, naturmangfald og fiskeriinteresser. Området kan tilførast under føresetnad av at tiltaket inneber flytting av eksisterande anlegg ut i fjorden. | | | | |
| **Tilråding** | Området vert tilrådd teken med som akvakultur i arealdelen. | | | | |

## 20. Ny akvakulturlokalitet: Sætevika (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| Gjeldande formål | Vassareal for allmenn fleirbruk. |
| Noverande bruk | Sjøareal, ferdsel. |
| Forslagstillar | Næringsaktør akvakultur. |

**Skildring:** Området er prega av eit ope fjordlandskap utan tekniske inngrep. Bratt helling av sjøbotn, stor djupne, dels vanskelege ankringsforhold. Det nære landområdet er spreidd bygd med gardstun og dyrkamark. Turist- og friluftsinteresser knytt til Sætevik og Nesje kystfort. Fiske og utfart.

**Lokalisering**




**Innspel**



### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Naturmangfald, sjø og land | Sognefjorden ytre er registrert med stor verdi [8]. Tareskogbelte langs land, verdi viktig. Hornkorallar, raudlista NT, blautdyr ansvarsart, reirskjell på fjell (sårbar og verdifull), svamphage, raudlista botndyr. Registrert hotspots for trua artar. Stor verdi. | Stor | |
| Friluftsliv, strandsone, nær-miljø | Nesje er registrert viktig friluftsområde, kystfort kulturminne og vandring langs strandlinje med flott utsikt. Utfartsområde. Småbåtliv, fiske og padling. Middels verdi. | Middels | |
| Landskap | Marint fjordlandskap - ope landskap, utan tekniske installasjonar. Negativ visuell verknad av merdar, fôrflåte og fortøyingar og lyssetting medfører industrielt preg i det marine landskapet. Sætevika-Stallen er registrert som regionalt viktig kulturlandskap. Middels verdi. | Middels | |
| Kulturminne | Potensielle område i sjø, ytre Sognefjord registrert med stor verdi [8]. Det er registrert mange SEFRAK-bygg i Sætevika og Sågnes samt Nesje fort. Middels verdi. | Middels | |
| Vassmiljø | Arealet ligg i terskel-område i fjorden med høgt biologisk mangfald. Tre elvar har utlaup i fjorden, ingen er registrert som lakseførande, usikkert m.o.t. sjøaure – ingen kjend registrering. Sognefjorden ytre har moderat økologisk tilstand. Sognefjorden høyrer til produksjons-område P4, i 2024 raudt område med nedjustert kapasitet pga. lakselus. Middels verdi. | Middels | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Det er registrert fiske med line, garn og teiner i området. Middels verdi. | Middels | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjo-nar | Hovud- og bilei. Cruise, transport og gods-/ nyttetrafikk. 80% innanfor farleisarealet, navigasjonsinnretningar/ sektorliner, sektorlys. Middels verdi. | Stor | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Det er sett av areal til fritids- og turismeformål, Nesje Fort med ferie, fiske og fritid (tidlegare bandlagt område for forsvaret). Spreidd bygd område med gardstun. Negativ visuell verknad og potensiell støysjenanse. Middels verdi. | Middels | |
| Infrastruktur | Mangelfullt. Smal kommunal veg, energi 22 kV, private avlaup (septik). Baserer seg hovudsakleg på sjøtransport, fôrflåte med dieselaggregat. Liten verdi. | Liten | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Barn og unge sine interesser | Ingen kjende eller registrerte interesser, utover fritidsbåtaktivitet. Strandsone med svaberg, og mindre viker som kan få redusert bruksverdi. Liten verdi. | Liten | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift vil generere klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Etablering av oppdrettsanlegg er vurdert å gje middels og stor negativ konsekvens for dei fleste tema. Sjøarealet er del av kandidatområde for marint vern. Vil kunne gje vesentleg reduksjon/tap av verdi eller funksjon. | | |

## ROS-analyse

**Flyfoto**



**Fare- og aktsemdområde NVE**



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Påverkast i liten grad av jord- og flaumskred, då anlegget ligg i sjø eit stykke unna strandsona. | Liten | Låg | |
| Støy og foreureining | Belysning, støy frå fôringsrøyr og -flåte, utslepp og fôr-restar, men god djupne, miljøgift (notimpregnering, kopar). Fare for rømming, uhell ved brønnbåt, lakselus, fiskesjukdomar. | Middels | Middels | |
| Skog- og lyngbrann | Ikkje relevant. | | | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Negativt m.o.t. utslepp i eit område med marint biologisk mangfald av svært stor verdi. Støyulemper, og lyssjenanse for nærområdet. Tiltak krev nærare utgreiing eller avbøtande tiltak. | | | |
| Fagleg tilråding: | Området blir ikkje tilrådd lagt ut til akvakulturformål som fylgje av negativ verknad for naturmiljø, frilufts- og turisme. Foreslått vidareført som ferdsel- og friluftlivsområde. | | | |

## 21. VA6, Akvakultur, Storlia (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| Gjeldande formål | Vassareal for allmenn fleirbruk. Arealet er ikkje regulert. |
| Noverande bruk | Oppdrettsanlegg og ferdsel. |
| Forslagstillar | Næringsaktør. |

**Skildring:** Lokaliteten ligg i midtre del av Åfjorden, på sørsida mot Hyllestad/Lifjellet. Anlegget ligg skjerma aust for Ønaholmane, og inn mot Lifjellet/Rørneset. Forslaget inneber ei utviding av anlegget om lag 150 m mot aust. Fjordlandskapet er opent og utan tekniske inngrep utover eksisterande oppdrettsanlegg. Lokaliteten er plassert over ein rygg med tynt usamanhengande sedimentdekke over berg. Botnen heller mot nordaust i nordre del av anleggsona og mot sør i sørleg del. Djupna under anlegget varierer mellom ca. -80 til -200 moh. Etablerte fortøyingar går nordover til midt i fjorden og ca. 1 km aust for anlegget. Tiltakshavar skriv at ei utviding av lokaliteten føreset at akvakulturareal sør/sørvest for Ønaholmane vert redusert.

**Lokalisering**




**Innspel**



### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konsekvens* |
|---|---|---|---|
| Naturmangfald, sjø og land | Anlegget ligg ca. 0,5 km frå Ønaholmane naturreservat (sjøfugl). Rundt holmane er det registrert ein større førekomst av stortare, registrert som viktig. Registrert lokalt viktig gyte- og beiteområde rundt holmane og midt i fjorden. Tre ansvarsarter er registrert i sjøen. Registrert sjøaure i Salbuelva, ca. 2 km nordvest for anlegget. Naturverdiane kring anlegget er vurdert å vere store. | Stor | |
| Friluftsliv, strandsone, nærmiljø | Åfjorden er kartlagt som utfartsområde med stor bruksfrekvens (småbåtliv, fiske, padling). Lifjellet er kartlagt som svært viktig friluftsområde, men strandsona i det aktuelle området er bratt og utilgjengeleg. Friluftslivsverdiane vurderast å vere middels. | Middels | |
| Landskap | Er i NiN kartlagt som «relativt opent fjordlandskap med busetnad/infrastruktur». Hyllestadfjorden skapar eit relativt lukka landskapsrom, med slakare landskapsformar for nord, aust og vest, og Lifjellet med brattare fjellsider mot sør. Anlegget ligg innanfor registrert *kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KULA-område)* «Hyllestad», med landskapsverdiar knytt til fjordlandskapet. I nærleiken av anlegget ligg det tre akvakulturanlegg, som påverkar landskapsbiletet i fjorden. Ei utviding av anlegget vil føre til ytterlegare negative visuelle verknader. Landskapsverdiane vurderast som store. | Stor | |
| Kulturminne | Anlegget ligg innanfor registrert *kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse* (KULA-område) «Hyllestad», med kulturverdiar særleg knytt til kvernsteinsproduksjon. Kulturminneverdiane vurderast som store. | Stor | |
| Vassmiljø | Den økologiske tilstanden er registrert som særs god, og kjemisk tilstand registrert som god. Ligg innanfor produksjonsområde P4 – Nordhordland til Stad, som er rekna som område med redusert | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | produksjonskapasitet som fylgje av uakseptabel påverknad av lakselus på villaks. Avstanden til akvakulturanlegget Elveneset er ca. 3 km, til Hatlem Ø ca. 3,3 km og til Lauvholmsgrunnen ca. 2 km. | | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Registrert område for garn- og linefiske. Registrert lite brukt reketrålefelt. Registrert sjøaure i Salbuelva ved Sørbøvågen. Middels verdi. | Middels | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Ikkje registrert hovud- eller bilei. Forholdsvis stor båttrafikk til Sørbøvågen, og mellom anlegget og Hatlem, og anlegget Elveneset-Hatlem. | Liten | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Ingen verdi. | | |
| Infrastruktur | All tilkomst må skje via båt. Det er lagt ut fôrflåte, truleg med dieselaggregat, elles ingen infrastruktur. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ingen verdi. | | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift vil generere klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Auka aktivitet og produksjon vil ha middels negativ verknad for marint natur- og vassmiljø, og for KULA-område. Det ligg i dag 4 oppdrettsanlegg i Åfjorden, derav tre lakseoppdrett som alle søkjer om utviding. Dersom det blir opna for utviding av alle anlegga, vil dette gje stor negativ konsekvens. Endring av arealutstrekning, med fjerning rundt sjølve Ønaholmane er vurdert å gi positiv verknad. Tiltaket vil kunne føre til delvis reduksjon/forringing. | | |

## ROS-analyse

**Flyfoto**



**Fare- og aktsemdområde NVE**



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Registrert to ustabile fjellparti frå Lifjellet, med fare for flodbølgjer; Lifjellet aust og Lifjellet vest. Lifjellet vest er klassifisert med middels faregrad og Lifjellet aust er klassifisert med låg faregrad. I tillegg registrert aktsemdsone for jord- og flaumskred og snøskred. | Stor | Middels | |
| Støy og foreureining | Det ligg ikkje bustader i nærleiken av området som kan påverkast av forureinande aktivitet i anlegget. Støy kan påverke fiskehelse som fylgje av støy frå båttrafikk og støy frå fôrflåte. Forureining kan førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter (notimpregnering, kopar) og fôrrestar, i tillegg til uhell ved brønnbåt. Fare for rømming, | Stor | Stor | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. Klimaendringar varmar opp sjøen, reduserer utskiftinga av botnvatn og gjev mindre oksygen i fjordane. Dette gjer fjordane meir sårbare for belastning frå oppdrett. | | | |
| **Skog- og lyngbrann** | Ikkje relevant. | | | |
| **Avbøtande tiltak** | Ingen. | | | |
| **Samla vurdering** | Skredfaren er vurdert å vere reell, og kan føre til skade på anlegg og forureining av sjøvatnet. Fiskehelse og andre naturverdiar kan påverkast negativt av støy og annan forureining frå anlegget. Arealet bør ikkje byggast ut utan nærare avklaringar/tiltak. | | | |
| **Fagleg tilråding:** | Som fylgje av uklarheit kring omfanget av auka biomasse vil det vere usikkerheiter knytt til vurderingane som er gjort. Med bakgrunn i dette, samt negativ påverknad på særleg naturverdiar, vert anlegget ikkje tilrådd utvida. | | | |

Høyringsutkast

## 22. VA 13, Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet: Bekksneset (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande formål** | Avsett til akvakulturområde i gjeldande KPA, samt noko vassareal for allmenn fleirbruk. Arealet er ikkje regulert. |
| **Noverande bruk** | Oppdrettsanlegg for laks, aure og regnbogeaure, samt ferdsle. |
| **Forslagstillar** | Mowi ASA. |

**Skildring:** Lokaliteten ligg ved Bekksneset, like sør for Brennsdal, i ytste del av Sognefjorden. Det er i dag etablert eit anlegg innanfor avgrensinga, som driv oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Havbotnen heller mot vest, og har djupne under anlegget mellom -200 og -300 moh. Innspelet inneber ei justering av eksisterande avgrensing, slik at formålet strekk seg noko lenger mot sørvest og vert avgrensa noko i sør. Arealmessig vil den ønska arealendringa medføre ei marginal auke i areal avsett til akvakultur.

**Lokalisering**




**Innspel**




### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konsekvens* |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald, sjø og land** | Arealet ligg innanfor foreslått naturvernområde «Sognefjorden marine verneområde». Registrerte raudlisteartar innanfor området: *hettemåke* (kritisk trua, registrert 2013), *gråmåke* (trua, 2014), *fiskemåke* (trua, 2013), *svartand* (trua, 2013), *havelle* (nær trua, 2024), *grønfink* (trua, 2021), *ærfugl* (trua, 2013-2025), *storskarv* (nær trua, 2013-2018). Større tareskogførekomst registrert ved Stavsneset (viktig). Registrert hotspots for trua artar (karplanter, sopp, lav og insekt og edderkoppdyr). Registrert gyteområde for torsk (lokalt viktig). Bøelva, som har utløp i enden av Bøfjorden, er registrert som lakseførande elv. Naturmangfaldsverdiane er vurdert som store. | Stor | |
| **Friluftsliv, strandsone, nærmiljø** | Registrert «potensielt tilgjengeleg strandsone» tilgrensande området i aust. Det ligg nokre naust langs stranda. Friluftslivsverdiane er vurdert som små. | Liten | |
| **Landskap** | Er i NiN kartlagt som «relativt opent fjordlandskap med busetnad/infrastruktur». Landskapet er prega av stor vertikal kontrast mellom djup fjord og høge fjell, med variert vegetasjon og stor visuell romkjensle. Lokaliteten ligg utanfor Bekksneset, som vender ut i Sognefjorden. Anlegget vil vere godt synleg både for busetnaden i nærleiken, samt for båttrafikk som går i Sognefjorden. Landskapsverdiane er vurdert som middels. | Middels | |
| **Kulturminne** | Nausta tilgrensande anlegget er registrert i SEFRAK-registeret. Verdiar knytt til kulturminne/kulturmiljø er vurdert som små. | Liten | |
| **Vassmiljø** | Økologisk tilstand registrert som moderat, kjemisk tilstand registrert som dårleg. Anlegget ligg innanfor produksjonsområde P4 – Nordhordland til Stad; område med redusert produksjonskapasitet som fylgje av uakseptabel påverknad av lakselus på villaks. Avstand til akvakulturanlegget Tveit: om lag 4,5 | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | km i luftline, til Hjartholm om lag 5,4 km og til Indre Oppedal om lag 9,6 km. | | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Fiske med garn, teine og line og krok, registrert nær anlegget. Middels verdi. | Middels | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Arealet ligg delvis innanfor farleisareal for hovudleia gjennom Sognefjorden og bileia inn Bøfjorden. Stor båttrafikk inn/ut Sognefjorden, samt registrert ein del trafikk inn til oppdretts-anlegget. Etablert ei lanterne søraust for oppdrettsanlegget, på sørsida av Bekksneset. Fortøyingsliner til eksisterande akvakultur-anlegg går nordover til Vesleneset, eit lite stykke sør for Bekksneset og vestover om lag 2,7 og 3,4 km. | Middels | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Det ligg fleire bustader på neset like aust for anlegget, og forutan oppdretts-anlegget og fylkesvegen, er det få tekniske inngrep i området. Anlegget vil gje negative visuelle verknader for personar som bur/ferdast i området, i tillegg til at støy, ljosforureining og negativ påverknad på natur og miljø vil føre til negative konsekvensar for folkehelsa. | Middels | |
| Infrastruktur | Fylkesveg 607 ligg like vest for arealet. Tilkomst til anlegget via båt. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ikkje registrert interesser. | | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift generer klimagass-utslepp, i tillegg til at fôrrestar. Ei utviding av anlegge t vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Arealet ligg innanfor føreslått naturvernområde, men det er elles registrert få verdiar knytt til natur og friluftsliv. Tiltaket vil gje negative visuelle verknader for både eksisterande bustader og båttrafikk i fjorden, i tillegg til at anlegget vil ha negative verknader for folkehelse som følgje av støy-, og ljosforureining. Vil kunne påverke vasskvaliteten negativt, i tillegg til at risikoen for spreiing av sjukdomar og lakselus er til stades. Utvidinga av arealet er relativt liten, og tiltaket vurderast derfor å kunne gje delvis reduksjon eller forringing av verdiane. | | |

## ROS-analyse

Flyfoto



Fare- og aktsemdområde NVE



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare tilgrensande anlegget. Registrert aktsemdområde for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred aust for anlegget. Kan potensielt føre til skade på anlegg og forureining av vatn viss skreda går ut i fjorden. | Middels | Middels | |
| Støy og forureining | Det ligg bustader like aust for anlegget, som kan påverkast av aktivitet i | Stor | Stor | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | anlegget både i form av støy, ljosforureining og forureining av natur og miljø. Støy kan og påverke fiskehelsa som fylgje av båttrafikk og drift av fôrflåte. Forureining kan vidare førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter og fôrrestar, i tillegg til uhell ved brønnbåt. Fare for rømming, lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. Klimaendringar varmar opp sjøen, reduserer utskiftinga av botnvatn og gjev mindre oksygen i fjordane. Dette gjer fjordane meir sårbare for belastning frå oppdrett. | | | |
| **Skog- og lyngbrann** | Ikkje relevant. | | | |
| **Avbøtande tiltak** | Ingen. | | | |
| **Samla vurdering** | Støy frå anlegget kan påverke eksisterande bustader, i tillegg til at det kan påverke fiskehelse. Drift i anlegget kan føre til forureining av vatn, rømming av fisk, fiskesjukdommar mv. Registrert aktsemdsoner for skred tilgrensande anlegget, kan potensielt føre til skade på anlegg og forureining av vatn. | | | |
| **Fagleg tilråding:** | Tiltaket ligg i føreslått naturvernområde, og vil truleg medføre negative konsekvensar for landskap, folkehelse og vassmiljø, mellom anna gjennom støy, ljosforureining og risiko for spreiing av sjukdom og rømming av fisk. I tillegg kan skredfare i området utgjere ein risiko for både anlegg og miljø. Den ønska arealendringa er likevel hovudsakeleg ei justering og ikkje ei utviding, slik at tiltaket kan tilrådast. | | | |

Høyring

## 23. VA 11– Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet: Skredstivika (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| Gjeldande formål | Avsett til noverande og framtidig akvakulturområde i gjeldande KPA. Arealet er ikkje regulert. |
| Noverande bruk | Oppdrettsanlegg for laks, aure og regnbogeaure, samt ferdsle. |
| Forslagstillar | Mowi. |

**Skildring:** Arealet ligg i Skredstivika, på sørsida av Hyllestad i Losnosen. Innanfor formålet noverande oppdrettsanlegg er det er etablert eit anlegg for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Ca. 1,5 km til Risnes og Risnesøyna som er registeret som viktig friluftsområde. Innspelet inneber ei justering av formåla avsett i gjeldande KPA, slik at arealet vert trekt noko lenger ut i fjorden og avgrensa betydeleg i nordvest.

**Lokalisering**




**Innspel**




### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| Naturmangfald, sjø og land | Forutan ei registrering av *pigghå* (sårbar) frå 1998, er det ikkje registrert naturtypar eller raudlisteartar innanfor området. Grensar mot INON-område på land. Liten verdi. | Lite | |
| Friluftsliv, strandsone, nær-miljø | Grensar mot kartlagt friluftslivsområde «Lifjell» på land. Friluftslivsområdet er skildra som «særleg viktig kvalitetsområde» og «særs viktig friluftslivsområde». «Potensielt tilgjengeleg strandsone» registrert langs strandsona. Området ligg på sørsida av Lifjellet, med bratte skråningar og utilgjengeleg strandsone, men ca 1,5 km lenger vest er det registrert viktig friluftsområde på Risnes og på Risnesøyna. Aktivitet knytt til båtutfart, fiske og rekreasjon. Middels verdi | Middels | |
| Landskap | Arealet er i NiN kartlagt som «nedskore fjordlandskap». Arealet ligg ved foten av Lifjell (777 moh.), med Tollesundet mot nordvest og Sognefjorden mot sør. Det er bratte fjellsider opp mot Lifjell, med lite vegetasjon og mykje skredmateriale. Fjorden er relativt smal, og anlegget vil gje negative visuelle verknader for omkring-liggande område. Middels verdi. | Middels | |
| Kulturminne | Ikkje registrert verdiar. | | |
| Vassmiljø | Den økologiske tilstanden er registrert som moderat, medan den kjemiske tilstanden er registrert som dårleg. Vidare utbygging vil kunne påverke vasskvaliteten negativt. Liten/middels verdi. | Middels | |
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Ikkje registrert verdiar. | | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjo-nar | Arealet ligg tilgrensande farleisarealet til bileia Gudvangen-Kvannhovden/ Årdalstangen-Kvannhovden. Det går moderat til stor trafikk gjennom sundet, i tillegg til at det går ein del trafikk til/frå anlegget. Fortøyingsliner går både sør og vest i fjorden (4 stk.), om lag 1,1-1,6 km. Middels verdi. | Lite | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Arealet på land er i AR5 registrert som open fastmark, i tillegg til noko lauvskog. Det er ikkje busetnad eller andre bygningar/anlegg i | Lite | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | området. Arealet er bratt og utilgjengeleg, med mykje skredmateriale, og det er lite sannsynleg med menneskeleg ferdsle i området. Liten verdi. | | |
| Infrastruktur | Det er ikkje etablert infrastruktur på land. Tilkomst til anlegget er via fjorden. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ikkje registrert verdiar. | | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift generer klimagassutslepp, i tillegg til at fôringsrestar. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagass-utslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Det er ikkje registreringar av sårbar natur eller raudlisteartar innanfor elle tilgrensande området som er vurdert å ha betydning, og som fylgje av at arealet på land er særs bratt og utilgjengeleg, er det vurdert å ikkje ha spesiell verdi for friluftsliv. Det er derimot knytt store verdiar til landskap og landskapsverknad, i tillegg til at ei vidare utbygging av anlegget inneber ein risiko for forureining og annan negativ påverknad på natur og vasskvalitet både innanfor og tilgrensande området. I høve areal avsett i gjeldande KPA vil endringa medføre ein vesentleg reduksjon av areal, men utvidinga av eksisterande anlegg vil kunne medføre ei vesentleg auke i biomasseproduksjon og slik medføre ei vesentleg auke i negative verknader. Tiltaket er vurdert å ville medføre delvis reduksjon eller forringing av dei aktuelle verdiane. | | |

## ROS-analyse

**Flyfoto**



**Fare- og aktsemdområde NVE**



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare i eller tilgrensande området. Registrert aktsemdsone for snøskred, steinsprang, flaum og jord- og flaumskred som heilt/delvis går ut i fjorden. | Middels | Liten | |
| Støy og forureining | Det ligg ikkje bustader tilgrensande området som kan påverkast av forureinande aktivitet i anlegget. Støy kan påverke fiskehelse som fylgje av støy frå båttrafikk og støy frå fôrflåte. Forureining kan førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter (notimpregnering, kopar) og fôrrestar, i tillegg til uhell ved brønnbåt. Fare for rømming, lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. | Middels | Middels | |
| Skog- og lyngbrann | Det er spreidd skog tilgrensande området mot aust/nordaust, men det er vurdert å vere liten risiko for spreiing til skog ved ein eventuell brann i anlegget. | Liten | Liten | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Skredaktivitet og/eller flaum frå Lifjellet kan føre til skade på anlegget. Drift i anlegget kan føre til forureining av vatn, rømming av fisk, fiskesjukdomar mv. Tiltaket krev nærare utgreiing eller | | | |

| | |
|---|---|
| | avbøtande tiltak. |
| **Fagleg tilråding:** | Anlegget kan tilrådast justert/utvida, med føresetnad om at tilgrensande areal vert tatt ut av KPA. Bør vurdere verknadene av potensiell skredfare. |

Høyringsutkast

## 24. VA12 – Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet: Tveit (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande formål** | Akvakulturområde (noverande) og vassareal for allmenn fleirbruk. Arealet er ikkje regulert. |
| **Noverande bruk** | Oppdrettsanlegg for laks, aure og regnbogeaure, samt ferdsel. |
| **Forslagstillar** | Mowi ASA. |

**Skildring:** Lokaliteten ligg i Bøfjorden, ein kort sidearm til Sognefjorden. Anlegget ligg like nord for Stavsneset. Forslaget inneber er justering av eksisterande avgrensing, slik at formålet vert strekt utover i fjorden og vert avgrensa noko mot nord. Det ligg bustader like aust for anlegget/området. Fv. 607 går like aust for området. Botnen heller svakt mot vest, med djupner under anlegget kring -74 moh. til -155 moh.

**Lokalisering**




**Innspel**




### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konsekvens* |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald, sjø og land** | Arealet ligg innanfor foreslått naturvernområde «Sognefjorden marine verneområde». Registreringar av raudlisteartar innanfor området: *hettemåke* (kritisk trua, registrert 2013), *gråmåke* (trua, 2014), *fiskemåke* (trua, 2013), *svartand* (trua, 2013), *havelle* (nær trua, 2024), *grønfink* (trua, 2021), *ærfugl* (trua, 2013-2025), *storskarv* (nær trua, 2013-2018). Registrert hotspots for trua artar (karplantar, sopp, lav og insekt og edderkoppdyr). Registrert gyteområde for torsk (lokalt viktig). Registrert større tareskogforekomst ved Stavsneset (viktig). Bøelva, med utløp i enden av Bøfjørden, er registrert som lakesførande elv. Tveitselva har utløp nær oppdretts-anlegget, men ikkje registrert i lakseregisteret. Naturverdiane i området er vurdert å vere særs store. | Stor | |
| **Friluftsliv, strandsone, nærmiljø** | Ligg i si heilheit innanfor kartlagt friluftslivsområde «Bøfjorden» registrert som *strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag (småbåtliv, fiske og padling)*. «Potensiell tilgjengeleg strandsone» registrert langs kystlina. Friluftslivsverdiane er vurdert som store. | Stor | |
| **Landskap** | Registrert som «relativt open fjordlandskap med busetnad/infrastruktur» i NiN. Anlegget ligg i innløpet til Bøfjorden, på eit punkt der fjorden smalnar betydeleg. Landskapet er småskala, og landskapsrommet er meir lukka med åsformasjonar og spreidd busetnad langs fjorden. Landskapsverdiane er vurdert som middels. | Middels | |
| **Kulturminne** | Ikkje registrert spesielle verdiar. | | |
| **Vassmiljø** | Den økologiske tilstanden er registrert som moderat, medan den kjemiske tilstanden er registrert som dårleg. Ligg innanfor produksjonsområde P4 – Nordhordland til Stad, som er rekna som område med redusert produksjonskapasitet som fylgje av uakseptabel påverknad av lakselus på villaks. Avstand til akvakulturanlegget Bekksneset: om lag 4,4 km i luftline, til Hjartholm om lag 8,4 km. Middels verdi. | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fiskeriinteresser/-ressursar | Registrert fiskeplassar for aktive reiskap nord for anlegget, fiskeplassar for passive reiskap sør for anlegget (i nærleiken av anlegget «Hjartholm», i tillegg til at det er registrert låssettingsplass nord for området. Registrert gytefelt for torsk tilgrensande området mot nord. Større tareskogførekomst med verdien viktig er registrert utanfor Stavsneset. Fiskeriinteressene-/ressursane er vurdert som middels. | Middels | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjo-nar | Arealet ligg tilgrensande farleisarealet Gudvangen-Kvannhovden/Årdalstangen-Kvannhovden. Leia er kategorisert som ei bilei, og har moderat trafikk gjennom sundet. Det går mindre trafikk inn Bøfjorden, men det er registrert ein del trafikk til/frå anlegget. Fortøyingsliner går om lag 450-670 m ut i fjorden, mot nord, sør og vest. | Liten | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Anlegget ligg like utanfor eit område med spreidd busetnad og naustmiljø. Busetnaden ligg i ei liside, med utsikt mot fjorden og oppdrettsanlegget. Busetnaden ligg tett på fjorden og anlegget, og ei utviding vil ha negative nær- og fjernverknader for eksisterande busetnad, samt for opplevinga av landskapet både frå sjøen og frå fylkesvegen. Støy frå anlegget vil og kunne påverke både etablert busetnad og friluftsliv-/rekreasjonsaktivitetar i nærleiken. Middels verdi. | Stor | |
| Infrastruktur | Fylkesveg 607 ligg aust for anlegget. Elles tilkomst til anlegget frå båt. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Registrert «potensielt tilgjengeleg strandsone». Fylkesvegen er ei barriere. Liten verdi. | Liten | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift generer klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | I tillegg til at området ligg innanfor foreslått naturvernområde, er det både registrert raudlisteartar innanfor området og større tareskogførekomst tilgrensande området, samt gytefelt for torsk. Området ligg innanfor verdsett viktig friluftslivsområde, og har landskapsverdiar knytt til fjordlandskapet. Tiltaket vil gje negative visuelle verknader for både eksisterande bustader og båttrafikk i fjorden, i tillegg til at anlegget vil ha negative verknader for folkehelse som fylgje av støy-, og ljosforureining. Vil kunne påverke vasskvaliteten negativt, i tillegg til at risikoen for spreiing av sjukdomar og lakselus er til stades. Arealet vil auke i høve gjeldande areal avsett i KPA. Tiltaket vil medføre vesentleg reduksjon/tap av verdi eller funksjon. | | |

## ROS-analyse

Flyfoto



Fare- og aktsemdområde NVE



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare. Registrert aktsemdområde for flaum, snøs-kred, jord- og flaumskred og steinsprang. | Middels | Liten | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Støy og forureining** | Det ligg fleire bustader tilgrensande området mot nordaust, som kan påverkast av aktivitet i anlegget. Støy kan påverke fiskehelse som fylgje av støy frå båttrafikk og støy frå fôrflåte. Forureining kan førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter (notimpregnering, kopar) og fôr-restar, i tillegg til uhell ved brønn-båt. Fare for rømming, lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. | Middels | Middels | |
| **Skog- og lyngbrann** | Det er spreidd skog tilgrensande området mot aust, men det er vurdert å vere liten risiko for spreiing til skog ved ein eventuell brann i anlegget. | Liten | Låg | |
| **Avbøtande tiltak** | Ingen. | | | |
| **Samla vurdering** | Støy frå anlegget kan påverke eksisterande bustader, i tillegg til at det kan påverke fiskehelse. Drift i anlegget kan føre til forureining av vatn, rømming av fisk, fiskesjukdommar mv. Registrert aktsemdsoner for skred tilgrensande anlegget, kan potensielt føre til skade på anlegg og forureining av vatn. Tiltaket krev nærare utgreiing eller avbøtande tiltak. | | | |
| **Fagleg tilråding:** | Tiltaket ligg i eit sårbart område med raudlisteartar, tareskog og gytefelt for torsk. Det kan gje negative verknader på landskap, friluftsliv, bustader og fritidsbåttrafikk. Skredfare i området kan og skade anlegget og føre til forureining. Tiltaket inneber ei lita auke areal i forhold til gjeldande kommuneplan, og utviding kan tilrådast dersom tilgrensande areal vert tatt ut av planen. Ny vurdering av lokaliteten m.o.t verknader for dei aktuelle tema bør utgreiast nærare før nytt utsett av fisk etter at dagens er slakta ut. | | | |

Høyring

## 25. VA5 - Ny akvakulturlokalitet: Elveneset (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande formål** | Akvakulturområde (noverande) og vassareal for allmenn fleirbruk. Arealet er ikkje regulert. |
| **Noverande bruk** | Oppdrettsanlegg for laks, aure og regnbogeaure, samt ferdsel |
| **Forslagstillar** | Firda seafood group as. |

**Skildring:** Lokaliteten ligg på sørsida av Åfjorden, like nord for Lifjellet. Forslaget inneber er justering av eksisterande avgrensing, slik at formålet vert strekt utover i fjorden og vesentleg redusert mot vest. Det ligg ikkje busetnad i nærleiken av anlegget, men det ligg spreidd busetnad på motsett side av fjorden. Botnen heller svakt mot vest, med djupner under anlegget kring -74 moh. til -155 moh.

**Lokalisering**




**Innspel**



### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konsekvens* |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald, sjø og land** | Ikkje registrert naturvernområde innanfor området, men det er gjort registreringar av ansvarsartar. Tilgrensande i aust ligg Ønaholmane naturreservat med verneplan for sjøfugl. Ønaholmane er registrert som INON-område, i tillegg til at det er registrert større tareskogførekomstar kring holmane. Registrert INON-område på land sør for oppdrettsanlegget. Registrert hotspots for trua artar (sopp, lav, insekt og edderkoppdyr). Stor verdi. | Middels | |
| **Friluftsliv, strandsone, nærmiljø** | Åfjorden registrert som kartlagt friluftslivsområde «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Lifjellet i sør registrert som «særleg kvalitetsområde» og «særs viktig friluftslivsområde». Mange anlegg i nærleiken (5 stk.), påverkar opplevingsverdien. Middels verdi. | Middels | |
| **Landskap** | Registrert som «relativt opent fjordlandskap med busetnad/infrastruktur» i NiN. Anlegget ligg i ein relativt smal fjordarm, med bratte fjellsider mot sør og eit meir opent, småskala fjord-landskap mot nord, vest og søraust. Anlegget ligg innanfor kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KULA-område) «Hyllestad», registrert som fylgje av fjordlandskapet. Stor verdi. | Middels | |
| **Kulturminne** | Anlegget ligg innanfor kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KULA-område) «Hyllestad», med kulturminneverdiane særleg knytt til kvernsteins-produksjon. Stor verdi. | Middels | |
| **Vassmiljø** | Den økologiske tilstanden er registrert som særs god, og kjemisk tilstand er registrert som god. Ligg innanfor produksjonsområde P4 – Nordhordland til Stad, som er rekna som område med redusert produksjons-kapasitet som fylgje av uakseptabel påverknad av lakselus på villaks. Avstanden til akvakultur-anlegget Storlia er 3,3 km, til Hatlem Ø 7 km og til Lauv-holmgrunnen 6 km. Det er eitt elveutløp innanfor området, men Ikkje registrert i lakseelv-registeret. Middels verdi. | Middels | |
| **Fiskeriinteresser/-ressursar** | Registrert fleire område for fiskeplassar med aktive reiskap i Åfjorden. Låssettingsplass registrert i Sørbøvågen nordvest for området. To rekefelt registrert tett ved anlegget.<br>Registrert oppvekst-/beiteområde for brosme, lange, pigghå, torsk, | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | hyse, sei, lyr og breiflabb i fjorden. Registrert gyteområde for hyse, lyr, sei og torsk i området kring Ønaholmane og ved Smilleneset. Gytefelt for torsk registrert innerst i fjorden. Stor verdi. | | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Ikkje registrert farleisareal i Åfjorden. Anlegget ligg innanfor kvit sektor frå fyrlykt på Smilleneset. Det er registrert moderat båttrafikk inn fjorden, det meste går til dei etablerte akvakulturanlegga samt inn til Sørbøvågen. Registrert ni fortøyingsliner, som går både nord, sør, aust og vest i fjorden, om lag 560 m på det lengste. | Liten | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Arealet på land er i AR5 registrert som lauvskog og open fastmark. Terrenget er bratt, og det er ikkje busetnad eller andre bygningar/anlegg i området. Det er heller ikkje registrert turstiar eller andre indikasjonar på menneskeleg aktivitet i området. Liten verdi. | Liten | |
| Infrastruktur | Tilkomst til anlegget berre via båt. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ikkje registrert verdiar. | | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift generer klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Akvakulturanlegget vil kunne medføre negativ påverknad på naturverdiane på og omkring Ønaholmane, samt for friluftslivsinteressane, særleg i fjorden. Anlegget kan få negative visuelle nær- og fjernverknader for ferdsle i fjorden, i tillegg til at aktiviteten er i konflikt med KULA-verdiane, den økologiske og kjemiske tilstanden i fjorden og registrerte oppvekst/beiteområde og gyteområde. Tiltaket vil kunne medføre vesentleg reduksjon/tap av verdi eller funksjon. | | |

ROS-analyse

Flyfoto



Fare- og aktsemdområde NVE



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare. Registrert aktsemdområde for flaum, snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang . | Middels | Middels | |
| Støy og forureining | Det ligg ikkje bustader i nærleiken. Støy kan påverke fiskehelse som fylgje av støy frå båttrafikk og støy frå fôrflåte. Forureining kan førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter (notimpregnering, kopar) og fôrrestar, i tillegg til uhell ved brønnbåt. Fare for rømming, lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. | Middels | Middels | |
| Skog- og lyngbrann | Det er spreidd skog tilgrensande området mot sør, men det er vurdert å vere liten risiko for spreiing til skog ved ein eventuell brann i anlegget. | Liten | Liten | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |

| | |
|---|---|
| Samla vurdering | Skredaktivitet og/eller flaum frå Lifjellet kan føre til skade på anlegget. Drift i anlegget kan føre til forureining av vatn, rømming av fisk, fiskesjukdomar mv. Kan medføre betydelege skader eller midlertidig bortfall av funksjonar. |
| **Fagleg tilråding:** | Akvakulturanlegget kan gje fleire negative konsekvensar, spesielt for naturverdiane kring Øna-holmane, men og for miljøtilstanden i fjorden, og for viktige gyte- og oppvekstområde. Tiltaket vil gje negative visuelle verknader for ferdsel i fjorden, og vil vere i konflikt med KULA-verdiar. I tillegg kan skredgenererte flodbølgjer frå Lifjellet føre til skade på anlegget og forureine fjorden. Arealet vert redusert i høve avgrensinga i gjeldande kommuneplan, men ei utviding av anlegget vil ha såpass store negative verknader at tiltaket tilrådast ikkje utvida. Usikkerheit m.o.t medføre auka biomasse. |

Høyringsutkast

## 26. VA10 – Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet: Hatlem (KU utført av Nordplan AS)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande formål** | Akvakulturområde (noverande). Arealet er ikkje regulert. |
| **Noverande bruk** | Oppdrettsanlegg laks, aure og regnbogeaure, samt ferdsel. |
| **Forslagstillar** | Firda Sjøfarmer as. |

**Skildring:** Lokaliteten ligg i Åfjorden, i innløpet til Sørefjorden. Det har vært eit mindre anlegg på lokaliteten tidlegare. Langs Åfjordvegen nord for området ligg det spreidd busetnad. Botnen heller svakt mot vest, med djupner under området frå strandsona og ned til om lag -90 moh. Forslaget inneber ein reduksjon av eksisterande avgrensing (gjeldande KPA), slik at formålet vert redusert både mot nordvest og søraust.

**Lokalisering**




**Innspel**




### Konsekvensvurdering

| *Tema* | *Verdi* | *Omfang* | *Konse-kvens* |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald, sjø og land** | Ikkje registrert naturtypar eller raudlista artar innanfor området, men det er registrert to naturreservat i nærleiken: «Ønaholmane» aust for området og «Rønset» søraust for området. Like søraust for området, nordvest for området og kring Ønaholmane, er det registrert større førekomstar av stortareskog med verdien *viktig*. Registrert hotspots for trua artar (karplantar, sopp, lav, insekt og edderkoppdyr og fuglar). Store verdiar. | Middels | |
| **Friluftsliv, strandsone, nærmiljø** | Ligg innanfor kartlagt viktig friluftslivsområde «Åfjorden». Ligg og delvis innanfor/tilgrensande kartlagt viktig friluftslivs-område «Hatlemstranda». Friluftslivsområda vurderast å ha middels verdi. | Middels | |
| **Landskap** | Registrert som «relativt opent fjordlandskap med busetnad/infrastruktur» i NiN. Anlegget ligg i ein relativt smal fjordarm, med småskala landskap mot nord og brattare fjellsider mot sør (Lifjellet). På nordsida av fjorden er det spreidd busetnad. Anlegget ligg innanfor kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KULA-område) «Hyllestad», registrert som fylgje av fjordlandskapet og kulturminneverdiane knytt til særleg kvernsteinsproduksjon. Stor verdi. | Middels | |
| **Kulturminne** | Anlegget ligg innanfor kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KULA-område) «Hyllestad», registrert som fylgje av fjordlandskapet og kulturminneverdiane knytt til særleg kvernsteinsproduksjon. Stor verdi. | Stor | |
| **Vassmiljø** | Den økologiske tilstanden er registrert som særs god, og kjemisk tilstand registrert som god. Ligg innanfor produksjonsområde P4 – Nordhordland til Stad, som er rekna som område med redusert produksjons-kapasitet som fylgje av uakseptabel påverknad av lakselus på villaks. Avstanden til akvakultur-anlegget Hatlem Ø er 1,4 km, til Lauvholmgrunnen 2,7 km, og Storlia 2,8 km. Middels verdi. | Middels | |
| **Fiskeriinteresser/-** | Registrert fleire oppvekst /beiteområde for torsk, hyse, lyr, | Middels | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| ressursar | breiflabb, brosme, lange og pigghå både søraust, vest, og sørvest for området. I tillegg er det registrert gyteområde for hyse, lyr, sei og torsk nordvest for området. Middels verdi. | | |
| Skipstrafikk/ Kystverksinstallasjonar | Ikkje registrert farleisareal i Åfjorden. Anlegget ligg innanfor kvit sektor frå fyrlykt på Smilleneset. Det er registrert moderat båttrafikk inn fjorden, det meste går til dei etablerte akvakulturanlegga samt inn til Sørbøvågen. | Liten | |
| Arealbruk på land, folkehelse | Tilgrensande landareal består av spreidd busetnad, fylkesveg 607 og areal som i AR5 er registrert som dyrkamark og skog, i tillegg til næringsbygningar/-anlegg tilknytt oppdrettsanlegget. Ei utviding av anlegget vil gje negative visuelle verknader, negativ støypåverknad og ljosforureining for dei som bur i området. Dette vil påverke folkehelsa negativt. | Middels | |
| Infrastruktur | Anlegget har tilkomst via fylkesveg 607, samt via båt for anlegg i sjø. | Liten | |
| Barn og unge sine interesser | Ikkje registrert spesielle verdiar utover friluftslivverdiar. | Liten | |
| Klimagass | Transport av fisk og fôr, fôringssystem og øvrig båtdrift generer klimagassutslepp, i tillegg til at fôrproduksjon har store utslepp. Ei utviding av anlegget vil medføre auka klimagassutslepp. | Middels | |
| Samla vurdering | Akvakulturanlegget vil kunne ha negativ påverknad på naturverdiane på og omkring Ønaholmane, samt for friluftslivsinteressane, særleg i fjorden. Anlegget vil få negative visuelle nær- og fjernverknader for eksisterande bustader, og ferdsle i fjorden, i tillegg til at aktiviteten er i konflikt med KULA-verdiane, den økologiske og kjemiske tilstanden i fjorden og registrerte oppvekst/beiteområde og gyteområde. Tiltaket vil kunne medføre vesentleg reduksjon/tap av verdi eller funksjon. | | |

## ROS-analyse

**Flyfoto**



**Fare- og aktsemdområde NVE**



| *Tema* | *Skildring* | *Sannsyn* | *Konsekvens* | *Risiko* |
|---|---|---|---|---|
| Naturfare (skred, erosjon, flaum) | Det er ikkje utgreidd reell skredfare. Registrert aktsemdområde for flaum, jord- og flaumskred og snøskred . | Middels | Middels | |
| Støy og forureining | Det ligg bustader tilgrensande området som kan påverkast av forureinande aktivitet i anlegget. Støy kan påverke fiskehelse som fylgje av støy frå båttrafikk og støy frå fôrflåte. Forureining kan førekoma som fylgje av utslepp av miljøgifter (notimpregnering, kopar) og fôrrestar, i tillegg til uhell ved brønnbåt. Fare for røming, lakselus og fiskesjukdomar kan og utgjere ein risiko for forureining. | Middels | Middels | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Skog- og lyngbrann | Det er spreidd skog grensande til området i nord, men det er vurdert å vere liten risiko for spreiing til skog ved ein eventuell brann i anlegget. | Liten | Låg | |
| Avbøtande tiltak | Ingen. | | | |
| Samla vurdering | Støy frå anlegget kan påverke eksisterande bustader, i tillegg til at det kan påverke fiskehelse. Drift i anlegget kan føre til forureining av vatn, rømming av fisk, fiskesjukdommar mv. Registrert aktsemdsoner for skred tilgrensande anlegget, kan potensielt føre til skade på anlegg og forureining av vatn. Krev nærare utgreiing eller avbøtande tiltak. | | | |
| Fagleg tilråding: | Forslaget inneber ein reduksjon av eksisterande arealavgrensing i KPA, slik at formålet vert redusert både mot nordvest og søraust. Sjølv med reduksjon vil tiltaket ha negativ verknad på nåverande naturverdiar og friluftsliv på og kring Ønaholmane, og det vil gje negative visuelle verknader for bustadene i nærleiken, samt for ferdsel på fjorden. Tiltaket vil vere i konflikt med KULA-verdiane. Området ligg tett på anlegg som er i drift. Med bakgrunn i dette tilrår ein at heile området takast ut av kommuneplanen. | | | |

Høyringsutkast

# 7 Endringar i plan som avbøtande tiltak

På bakgrunn av KU og ROS er fleire av område justert noko i utstrekning og storleik. 11 av innspela er monaleg redusert i omfang for å redusere negative konsekvensar og risiko før dei er teke inn i planen. Dette gjeld:

**B8 , Bustad, Heggebøen**
Arealet er snevra inn og planområdet er redusert frå 17 til 10 dekar. Konfliktgrad med landbruksomsyn er redusert, samstundes som planområdet bidreg til fortetting i planområdet. Negative konsekvensar vert redusert og området er anbefalt teken inn i planen.




*Figur 2: Gult område vert vidareført og grønt areal vert tilbakeført*

**B3, Bustad, Salbu**
Arealet er snevra inn og planområdet er redusert frå 29 til 19 dekar. Konfliktgrad med strandsone og naturfare er redusert, samstundes som planområdet bidreg til fortetting i planområdet. Negative konsekvensar vert redusert og området er anbefalt teken inn i planen.




*Figur 3: Gult område vert vidareført og grønt areal vert tilbakeført.*

**BN5 Næringsareal, Staurdalen**

Arealet er innsnevra og trekt lenger vekk frå vatn og vassdrag. Byggegrense i føresegnene på 20 meter til vatn/vassdrag gjelder uansett, men for å tydelegare sikre at også mindre tiltak vert halde utanfor vassdragssona, også i høve til flaum, er området avgrensa frå ca. 22 til ca. 16 daa. Negative konsekvensar og risiko vert redusert og området er anbefalt teke inn i planen.



**BFR 21 Fritidsbustad, Berge**

Arealet er redusert i nordaust slik at SEFRAK-bygg (markert i biletet under) og fylldyrka mark vert liggande utanfor området. Området som vart mest dekka av aktsemdområde for skred er teke ut og ein bekk vert i stor grad liggande utanfor området. Reduksjonen er frå ca. 39 til ca. 21 daa. Negative konsekvensar og risiko vert vesentleg redusert og området er anbefalt teke inn i planen.



**BFT2 – Turistverksemd, Nesje**

Arealet er innsnevra og trekt lenger vekk frå strandsona i tråd med funksjonell byggegrense, der byggegrense

går i formålsgrense. Småbåthamn er tilført eksisterande båthamn og arealet totalt avgrensa frå 261 daa til 186 daa. Negative konsekvensar og konflikt med strandsone er vesentleg redusert og området vert tilrådd teken med i planen.




*Figur 4: BTF2 vidareført, L16 teken ut, SB10 tilført.*

## BFR 12,13 og 14 - Fritidsbustad, Risneshaugane

Arealet er redusert slik at naturtype kystlynghei (skravert) vert liggande utanfor området. I tillegg er bratt og eksponert areal i sørvest mot Sognefjorden teke ut av framlegget. Reduksjonen er frå ca. 48 til ca. 26 daa, samt eksisterande hyttefelt redusert med 22 dekar. Negative konsekvensar og risiko vert vesentleg redusert og området er anbefalt teke inn i planen.




*Figur 5: BFR 14 vidareført, BFR 13 tilført, og L15 teken ut.*

### VA1, Akvakulturanlegg, Skorpa i Ytre Åfjorden

Arealet er flytta lenger nord og redusert noko i omfang. Området vert med dette trekt lenger vekk i frå eksisterande anlegg i søraust for å avgrense smitterisiko. Justeringa er også med på å trekke området meir vekk i frå ferdsel gjennom Storaker sundet. Negative konsekvensar vert redusert og området er anbefalt teke inn i planen. Området vert trekt lenger frå land for unngå konflikt med skredfare og strandsone. Med avbøtande tiltak vert lokalitet tilrådd teken med.



*Figur 6: Raud strek opprinneleg forslag. Lyseblå farge vert tilbakeført og mørk rosa syner utviding.*

### VA5, Akvakultur, Elvelia

Planområdet vert trekt vekk frå land for å dempe konflikt med skredfare og strandsone. Området vert utvida i nord inntil aktivt fiskeområde og i minst mogleg konflikt med kvit sone. Arealmessig vert lokaliteten redusert med 910 dekar og meir tilpassa området. Med avbøtande tiltak så vert lokalitet tilrådd teken med.



*Figur 7: Raud strek opprinneleg plangrense. Lyseblått areal tilbakeført og mørk rosa syner utviding.*

### VA 11, Akvakultur, Skredsteinsvik

Planområdet vert trekt vekk frå land for å dempe konflikt med strandsone og skredfare. Planområdet vert redusert med 529 dekar.  Med avbøtande tiltak vert lokalitet tilrådd teken med.



*Figur 8: Raud strek syner planforslag, lyseblå syner tilbakeføring og mørkerosa syner utviding.*

## VA 12, Akvakultur, Tveit

Planområdet vert trekt vekk frå land for å dempe konflikt med støy til strandsone og skredfare. Utvidinga i vest er også trekt inn noko for å senke potensiell konflikt med farled. Arealet vert total redusert med 8 dekar. Med avbøtande tiltak vert lokalitet tilrådd teken med.



*Figur 9: Raud strek syner planforslag, lyseblå syner tilbakeføring og mørkerosa syner utviding.*

**VA 13, Akvakultur, Bekksneset,**

Planområdet vert trekt vekk frå land for å dempe konflikt med støy til strandsone og skredfare. Arealet vert total redusert med 76 dekar. Med avbøtande tiltak vert lokalitet tilrådd teken med.



*Figur 10: Raud strek syner planforslag, lyseblå syner tilbakeføring og mørkerosa syner utviding.*

## 7.1 Oppsummering avgrensing av innspel

Reduksjon i utstrekning er basert på anbefalingar frå KU og ROS-analysen. Negative verknader ved desse 11 innspela er dermed vesentleg redusert. Også risiko er redusert som følgje av at ein har gått vidare med reduserte areal. I den vidare delen av både KU og ROS-analyse der dei samla verknadene av planen vert vurdert, er det desse reduserte arealformåla som er lagt til grunn for vurderingane.

Høyring

# 8 Planvask

Samstundes med gjennomgang av nye areal, er det også gjort ein planvask av eksisterande areal. Planvask er ein systematisk gjennomgang av gjeldande planar for å sikre at dei er oppdaterte, relevante og i samsvar med dagens behov, regelverk og overordna mål. Gjennom planvask blir utdaterte eller motstridande planar identifiserte og reviderte, noko som bidreg til betre styring, meir effektiv ressursbruk og tydelegare prioriteringar i vidare planarbeid.

### Eksisterande areal

Samla sett så vert det på land tilbakeført 1833 dekar til LNF-formål frå gjeldande plan. Mykje av det tilbakeførte areala er konfliktområde med jordvern, naturmangfald og naturfare. På sjø så vert det tilbakeført 4407 dekar tilbake til sjøformål frå gjeldande plan. Mykje av det tilbakeførte areala er konfliktområde med havbruk, naturmangfald, naturfare og fiske. Totalt sett så vert tilbakeført 6240 dekar, og det vert vurdert at noverande areal er i tråd med lokale, regionale og nasjonale føringar.

### Reguleringsplanar

Samla sett så vert dei fleste gjeldande reguleringsplanane vurdert som gode styringsverkty. Det er i hovudsak tilstrekkelege føringar og plankart som sikrar den ynskja detaljstyringa som planane har som hovudformål. Det er nokre konfliktar med nye aktsemdsoner for skred og flaum, og desse områda vil krevje skredfarevurdering, som i dag. Nokre av planane har konflikt med strandsona og mangel på byggegrense, og desse får tilført byggegrense gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Samla sett så er det lite konfliktar med dei fleste naturtema og planane er bygd ut i tilstrekkeleg grad for å vidareførast. Utbyggingstempoet i kommunen statistisk sett relativt lågt, og byggetempoet vert vurdert relativt til det. Totalt sett så vert dei fleste planar vidareført, med unntak av to planar, der den eine vert tilbakeført til LNF og den andre døypt om til kombinerte føremål.

Tilbakeføring av areal.

| Namn | Tilbakeført frå | Areal (Daa) |
|---|---|---|
| Landareal | | |
| L1 | B1 | 117 |
| L2 | BFR4 | 101 |
| L3 | BFR10 | 27 |
| L4 | LSB2 | 41 |
| L5 | BFR9 | 39 |
| L6 | BFR8 | 53 |
| L7 | BFR11 | 21 |
| L8 | BFR16 | 10 |
| L9 | BFR5 | 5 |
| L10 | BFR5 | 1 |
| L11 | BFR1 | 38 |
| L12 | LSB1 | 93 |
| L13 | BFT1 | 40 |
| L14 | BF1 | 13 |
| L15 | BFR14 | 22 |
| L16 | BFT2 | 75 |

| | | |
|---|---|---|
| L17 | BFR19 | 188 |
| L18 | BFR20 | 827 |
| L19 | LSB4 | 22 |
| L20 | BFR26 | 37 |
| L21 | BFR28 | 21 |
| L22 | B8 | 7 |
| L23 | B3 | 10 |
| L24 | BIA1 | 16 |
| L25 | BIA1 | 17 |
| L26 | B5 | 2 |
| **Sum** | | **1833** |
| | | |
| Sjøareal | | |
| V3 | VA4 | 176 |
| V4 | VA5 | 1025 |
| V5 | VA6 | 572 |
| V6 | VA8 og VA9 | 700 |
| V7 | VA9 | 254 |
| V8 | VA10 | 194 |
| VA9 | VA11 | 940 |
| V10 | V10 | 185 |
| V11 | VA12 | 218 |
| V12 | VA13 | 143 |
| **Sum** | | **4407** |
| | | |
| **Totalsum** | | **6240** |

Høyring

# 9 Samla verknader av planframlegget

## 9.1 Verknad av samla areal

Førre kommuneplan var frå 2009. Som kommuneplanrevisjon legg planen opp til ein avgrensa mengde nytt byggeareal. Bustadområde vert forsterka med nye mindre felt i/tett på eksisterande sentre. Andre bustadbehov vert løyst som spreidd fortetting i grendene gjennom å nytte kombinerte formål. Dette gir eit potensiale for ein forsiktig folketalsauke, alternativ ei konsolidering av sentra ved at folk flyttar frå meir perifere strøk i kommunen og inn mot sentra. Noko landbruksareal går med til å stette bustadutvikling, men i avgrensa omfang og først og fremst knytt til inneklemde område som er vanskeleg å drive. Grunna topografi og at det skal fortettast rundt etablerte sentre, er det vanskeleg å unngå nedbygging av nokre landbruksområde.

Planen legg opp til ni nye næringsområde av avgrensa omfang. Eit av desse er ei utviding av eksisterande område, to vert lagt på område som alt er nedbygde og kor det er etablerte strukturar. Planen opnar ikkje for vesentleg ny næringsverksemd, men ei gradvis auke av arealreserve for å ha det tilgjengeleg ved behov. Det er elles opna for næring i sentrumsområda i kommunen, og det er føresett at all detaljhandel vert lagt her. Planen opnar opp for ein forsiktig utviding av areal til råstoffuttaksnæringa, men legg samstundes avgrensingar på uttaksområde knytt til landskaps og støy-verknader. Tre akvakulturanlegg vert opna for å flytte frå indre til ytre delar av Åfjorden og arealet vert i samband med dette utvida. Utvidinga er i tråd med endra krav i bransjen. Planen har eit område for fritids- og turistformål. På Nesje fort er dette ei verksemd som alt er etablert i eksisterande, tidlegare militære strukturar. Turismeverksemd er ei viktig næring i områda i ein sesong som stadig vert utvida. Samla sett legg planen opp til styrking av næring i kommunen, men tilpassa eit avgrensa behov, og utan å gå på akkord med vesentlege andre verdiar.

Planen legg også opp til nokre nye område for fritidsbustader. Desse er alle lagt til område med etablert infrastruktur og tener som forsterking og vidareutvikling av eksisterande område. Det vert vidare tilrettelagt for 10 småbåtområde og 6 naustområde for å stette behovet for båtplass og naust, og samle dette slik at arealbeslaget vert minst mogleg. Både fritidsbustader og småbåtanlegg er lagt til område med avgrensa verdiar.

Forslaga i planen råkar i liten grad registrerte verdiar knytt til kulturminne, kulturlandskap, landskap, friluftsliv, strandsone eller naturmangfald. Planen førar derimot med seg noko omdisponering av landbruksareal. Dei negative verknadene av planen er først og fremst knytt til dette punktet. Ombygginga er likevel søkt halde så låg som mogleg, gitt at ein samstundes legg opp til fortetting i etablerte strukturar. I planen er utbygging konsentrert og det er føresett at anna utbygging/tiltak ikkje fører til nedbygging av dyrka mark. Planen styrer dermed eventuell omdisponering av jordbruksareal frå dei gode og viktige landbruksområde og inn mot dei med avgrensa bruk, som alt har driftsulempe knytt til samlokalisering med andre føremål. Det er vurdert at dei negative verknadene vert vege opp av dei positive.

## 9.2 Samla verknad av kvart utgreiingstema KU og planvask

### 9.2.1 Dyrka mark og jordvern

Nye utbyggingsføremål slått saman med reduserte areal frå planvask er i utgangspunktet 10 daa fulldyrka mark, 27 overflatedyrka mark og -13 daa innmarksbeite. Dei fleste områda føresett at ein i høvesvis områderegulering og detaljregulering skal avgrense areal til byggeformål og ivareta dyrka mark. Dette betyr at praktisk omdisponering av dyrka mark truleg vil verte om lag halvert frå tala over. Estimert reell omdisponering er i vel 5 daa fulldyrka mark, 14 overflatedyrka mark og -26 daa innmarksbeite.

Kommunen har totalt 14,59 km2 jordbruksareal, av dette er 5,7 km2 fulldyrka (kjelde: SSB). For fulldyrka mark utgjer omdisponeringa i prosent av totalt fulldyrka mark i kommunen tilsvarande 0 % i utgangspunktet.

Høyringsutkast

Delar av det omdisponerte arealet er pr. i dag ikkje i aktiv bruk, og deler er ikkje eigna for maskinell hausting. Den omdisponeringa som vert gjort, er i hovudsak til å fortette etablerte sentre og grender i tråd med kommunal arealstrategi. Samla sett er konsekvensane av planen vurdert til nøytral for dyrka mark og jordvern.

### 9.2.2 Kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø vert i svært liten grad råka av forslag til ny arealbruk. Nokre få SEFRAK- registrerte bygg ligg innan nye byggeområde. Det vert føresett at desse vert ståande. Eit småbåtanlegg (SB3) ligg delvis i område for kvernsteinsbrota i Hyllestad, men grunna fylkesvegen er verneverdien på området redusert. Området med Nesje fort har verneverdi som militærhistorisk anlegg, desse verdiane er føresett ivareteke ved ny bruk av anlegget og sikra gjennom føresegner og omsynssone.

Planen legg elles omsynssoner på kjente kulturminner som er freda, verna, eller har regional/lokal verneverdi. I sum vert konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø ubetydelege til svakt negativ.

### 9.2.3 Klimagassutslepp og anna forureining

Det er landbruk og vegtrafikk som, etter kommunens stipulerte del av utslepp frå sjøfart, er dei to største utsleppskjeldene for klimagassar. Planen er ikkje vurdert å endre desse tilhøva vesentleg. Omdisponering av jordbruksareal er vanskeleg å vurdere som eit klimatiltak. Nye byggeformål legg i vesentleg grad opp til fortetting i etablerte sentre. Dette vil kunne redusere trong for biltrafikk i og med at det legg til rette for grøn mobilitet og stetter kollektivgrunnlaget. Fleire nye areal for fritids- og turistformål og fritidsbustader kan på si side auke vegtrafikk. Korleis ein skal vurdere det som ofte kan vere kortreiste hytteferier opp mot andre ferieformar er ikkje gitt. Det einaste tydelege biletet er knytt til at fortetting i etablerte sentre har ein positiv effekt på klimautslepp. Andre nye potensielle kjelder for forureining er det i liten grad opna for.

Småbåtanlegg kan ha noko lokale forureiningseffektar men av avgrensa omfang. Akvakulturanlegg er også potensielle kjelder til forureining. Dei tre nye anlegga ligg i område med relativt god resipientkapasitet og sett opp mot den samla betydelege reduksjonen av akvakulturareal, så er det i sum vurdert at planen ikkje har negative konsekvensar i høve til klimautslepp og ureining.

### 9.2.4 Landskap og grønstruktur

Endringar i planen har i liten grad innverknad på landskap og grønstruktur av spesiell verdi. Ingen kartlagde viktige område vert bygga ned. Dei fleste av dei nye byggeområda er lagt som fortetting eller i tilknyting til etablerte strukturar. Det er i liten grad nye tiltak som bryt med det generelle preget på landskapet. I samband med råstoffutvinning ved Listraumen (BRU2) vert landskap sikra i høve til eksisterande plan. Også tilbakeføring av området ved Nesje fort til sivilt føremål kan i større grad sikre landskapsverdiar. Planen er vurdert å ha ubetydeleg verknader for landskap og grønstruktur.

### 9.2.5 Naturmangfald

Planforslaget slik det er justert gjennom prosessen med KU og ROS-analyse råker i liten grad registrerte førekomstar av viktig naturmangfald. Byggeområda er i hovudsak trekt vekk frå kjende førekomstar og tilpassa desse. Nokre av dei nye byggeområda grenser til observasjonar av artar med forvaltingsmessig interesse. Nokre av observasjonane er angitt relativt grovt. Basert på lokalkjennskap, stadnamn og landskapsanalyser er det gjort kvalifiserte vurderingar som tydar på at desse registreringane er relevante for område godt utanfor byggeområda. Ein del av registreringane gjeld raudlisteartar, m.a. fiskemåke og stær, som i mindre grad er påverka av menneskeleg nærvær.

Småbåtanlegga i planforslaget grensar inn i gyteområde for fisk. Dette kan ha noko negativ effekt, denne er ikkje vurdert å vere av vesentleg negativt omfang, då det er lagt opp til å få samla småbåtar i eit felles anlegg kan det vere ei vinst i høve til å ha dei liggjande spreidd. Småbåtanlegga er tiltenkt bruk for eigedomar i nærområdet og ikkje som kommersielle marinaer. Akvakulturanlegg gir potensiell konflikt med vilt marint liv. Planen legg opp til 3 nye lokalitetar, med potensielt flytting av eksisterande anlegg lengre inne i fjorden ut til

Høringsutkast

dei to nye lokalitetane. To akvakulturområde er også teke ut av planen. Samla tal på akvakulturområde vert difor det same som før, men det totale areal er blitt betydeleg redusert i nytt planframlegg. Totalt er planforslaget vurdert å ha liten negativ konsekvens for naturmangfald.

### 9.2.6 Nærmiljø og friluftsliv

Planen har byggeområde som grenser til friluftsområde av lokal verdi, i desse tilfella gjeld det hovudsakleg område med etablerte strukturar og kor det i mindre grad er opna for særleg endring. Nærmiljøverdiar, turløyper og mykje nytta rekreasjonsområde vert ikkje råka av planforslaget. Planen går langt i å sikre nærmiljøverdiar i senterområda gjennom føresegnene. Samla er det vurdert at planen ikkje har negativ verknad på nærmiljø og friluftsliv.

### 9.2.7 Transport og infrastruktur

Alle nye byggeområde er knytt til eksisterande infrastruktur som ei forlenging/fortetting av eksisterande strukturar. Planen utløyser soleis ikkje krav til nye vegar anna enn eventuelle avkjørsle og mindre forlengingar. Planen kan i nokon grad auke kritisk masse som er nødvendig for oppjustering og kapasitetsauke på infrastruktur. Planen sin konsekvens for transportmengd er omtalt under klimagassutslepp. Planframlegget er ikkje vurdert til å ha negative konsekvensar knytt til transport og infrastruktur.

### 9.2.8 Sosial infrastruktur

Planframlegget råker ikkje eksisterande sosial infrastruktur, men legg heller ikkje opp til å tilføre ny sosial infrastruktur. Fortetting rundt eksisterande sentre sikrar kritisk masse til eksisterande sosial infrastruktur og det er tilgjengeleg kapasitet på barnehagar, skuler og helseinstitusjonar for å handtere dette. Planen er vurdert å ha noko positiv konsekvens for sosial infrastruktur.

### 9.2.9 Barn og unge sine interesser

Planframlegget legg ikkje opp til omdisponering av areal med registrert verdi for barn og unge. Fortetting i etablerte sentra kan vere med på å skape grunnlag for betre bumiljø og gi grunnlag for etablering av nye leikeområde, gang- og sykkelvegar, med meir. I føresegnene er det presisert ein rekke verdiar som skal sikrast i sentrumsområda som vil vere av verdi for barn og unge. Det er vurdert at planen kan ha noko positiv verknad for barn- og unge sine interesser.

### 9.2.10 Støy

Med nye byggeformål kan det verte noko auka vegtrafikk, jf. diskusjonen under klimautslepp. Dette gjeld i hovudsak fritidstrafikk. Mengdene er likevel svært avgrensa, og det er ikkje truleg at dette vil påverke støybiletet vesentleg. Omsynssone landskap på nordre delar av råstoffuttaket ved Listraumen (BRU2) vil sikre ein støybarriere mellom dette anlegget og busetnad langs Lifjorden. Nye akvakulturlokalitetar i ytre delar av Åfjorden kan gi noko støy, men i eit område utan vesentleg med bustader eller fritidsbustader. Områda er tiltenkt for flytting av anlegg frå indre delar av fjorden og utover og kan soleis vere med på å betre støybilete i indre delar av Åfjorden. Samla er planen vurdert til ikkje å ha negative verknader knytt til støy.

### 9.2.11 Folkehelse

Folkehelse er ikkje vurdert som særleg relevant i dei fleste av innspela i planen. Bustadfortetting i område med eksisterande kvalitetar vert vurdert som positivt. Her byggar ein på etablerte bumiljø med identitet og verdiar og forsterkar desse, også med moglegheit for eit meir differensiert tilbod. Også føresegnene for sentrumsområda i kommunen er utforma for i langt sterkare grad ta omsyn til nærmiljø og folkehelse. Eksisterande verdiar knytt til folkehelsa vert ikkje redusert som følgje av planen. Planen er vurdert som å gi positive verknader for folkehelsa.

## 9.3 Verknad av samla arealbruksendringar ROS

Høringsutkast

Planframlegget gir samla sett ei liten endring av risikobiletet og sårbarheit i kommunen. Dei konkrete endringane i planen er avgrensa av arealmessig storleik. Endringane legg ikkje til rette for verksemder eller aktivitet som ikkje alt er etablert på staden, det er heller ikkje framlegg til arealendringar som opnar for bygg som kan vere særskild sårbare, slik som institusjonar eller andre bygg i tryggleiksklasse tre. I alle hovudsak må planen lesast som ei forsiktig oppskalering av eksisterande mønstre og strukturar for arealbruk, typologiar og aktivitetar. Av same grunn gjer planen heller ikkje mykje for å redusere eksisterande risikoelement eller sårbarheit.

Dei sentrale risikoelementa er knytt til naturfare - først og fremst skred, men også i nokon grad flaum - ekstremvêr og havnivåstigning. Vidare er trafikktryggleik ei gjentakande utfordring. Deretter er det brot på infrastruktur og responstid for naudetatar.

Skredfaren i kommunen er stor om ein ser på aktsemdkarta. Det er likevel gjort relativt lite faktisk skredfarekartlegging i Hyllestad. Den reelle skredfaren er derfor ikkje kjend. Det har i planarbeidet ikkje lukkast å finne utbyggingsområde fri for aktsemdområde skred, men for dei områda som er peika ut er topografien slik at konkrete farevurderingar høgst sannsynleg vil avgrense skredfaren vesentleg. Det er då kravd sakkyndig skredfarevurdering som del av reguleringsplan og før tiltak kan settast i gang. Det same kravet om konkret farevurdering gjeld også der kor ein er i kontakt med aktsemdområde for flaum, eller i område med moglegheit for ustabil grunn. Byggeområde som er sett av er av tilstrekkeleg storleik til at det er mogeleg å avgrense utbygging om det vert avdekka konkret naturfare, eller eventuelt til at det kan etablerast sikringstiltak der dette er føremålstenleg. I dei kommunale sentra er det gjennomført skredfarevurdering og dei fleste områder er friskmeldt.

Trafikkfare er kopla til dels smale hovudvegar og avgrensa med tilbod til mjuke trafikantar for kryssing og ferdsle langs vegane. I ein kommune som Hyllestad er ikkje dette til å komme bort i frå. I og med at planen legg opp til fortetting i etablerte sentre og byggeområde, er ikkje risikoen vurdert som å auke vesentleg. Snarare vil det vere slik at nye byggeområde, gjennom auka kritisk masse og følgjande rekkjefølgjekrav til etablering av infrastruktur, kan vere med på å betre situasjonen i desse områda.

Risiko knytt til trafikktryggleik er vurdert som til stades, men akseptabel. Andre tiltak for å betre trafikktryggleik på generelt grunnlag må følgjast opp på anna måte.

Hyllestad er ein kommune med ein topografi som gjer at det tar tid å komme seg rundt i kommunen. Kombinert med relativt lågt folketal og tilhøyrande tenestedekning gjer dette at responstid for naudetatar og sårbarheit ved brot på infrastruktur er tilstades. I områder kor det berre er éin veg inn og kor det ikkje er sirkelforsyning av straum og vatn er sårbarheit større. I desse områda opnar planen i hovudsak berre opp for fritidsbruk, forsiktig reiseliv og næring med utgangspunkt i stadeigne ressursar eller etablerte strukturar. Planen legg ikkje opp til etablering av nye byggeområde for bustad eller anna sosial infrastruktur i slike område. Sårbarheit er på denne måte halde innanfor eit akseptabelt nivå.

## 9.4 Samla verknad av kvart utgreiingstema ROS

### 9.4.1 Ras/skred

Vesentlege delar av Hyllestad er bratt, også strekninga langs kysten kor den meste av aktiviteten finn stad. Store delar av kommunen ligg i område kor det er peika på aktsemdområde for skred av ulik art. Klimaframskrivingar legg til grunn at skredfare som følgje spesielt av kraftig regn vil auke framover. Det gjeld også fleire av dei nye byggeområda. Aktsemdområda er for ein stor del generert etter generelle parameter knytt til hellingsgrad og overordna klassifiserte grunntilhøve. Det er venta at faresonar etablert på grunnlag av feltarbeid/empiriske studiar vil vere av vesentleg mindre omfang arealmessig, og at det derfor er sannsynleg at brorparten av arealet i utbyggingsområda i hovudsak vil vere trygge å bygge på. Det er sett

Høyringsutkast

krav til konkret farevurdering for alle område som ligg innanfor aktsemdområde.

For delar av Lifjellet er det fare for fjellskred med utløpsområde i Åfjorden og påfølgjande fare for tsunami. Farsesonen for tsunamiområdet er teke inn i plankartet. Sannsyn for fjellskred er derimot lågt 1/1000 - 1/5000. Faresonen er derfor ikkje direkte til hinder for etablering av bygg i risikoklasse S1 og S2, også bygg i tryggleiksklasser S3 kan i visse tilhøve godkjennast i sona, jf. TEK17.

Gitt krav til utgreiing av konkret skredfare i aktsemdområda, samt eventuell sikring der dette er mogleg og nødvendig, er det vurdert at planen ikkje byggjer inn ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til ras/skred.

### 9.4.2 Flaum

Flaum er knytt til areal langs vatn, bekkar, elvar og vassdrag. Klimaframskrivingar legg til grunn av faren for regnflaumar vil auke framover. Nokre få av utbyggingsområda tangerer område med aktsemdområde for flaum. Her er det pålegg om konkret flaumfareutgreiing som del av reguleringsplan og før tiltak. Byggegrense mot vatn, bekkar, elvar og vassdrag er implementert i føresegnene. Flaum som følgje av overvatn er vurdert i samband med ekstremvêr, og er i liten grad vurdert som vesentleg risiko i utbyggingsområda. Gitt krav til utgreiing av konkret flaumfare i aktsemdområda, samt eventuell sikring om dette er mogleg og nødvendig, er det vurdert at planen ikkje byggjer inn ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til flaum.

### 9.4.3 Havnivå

Det er estimert at havnivået vil stige med påfølgjande risiko knytt til stormflo. Fleire av byggeområda er sjørelaterte og ligg til sjø. Anbefalte verdiar frå DSB (Se Havnivå) er teke inn i føresegnene knytt til krav ved etablering av tiltak. Ytterlegare tiltak skal gjerast dersom området er bølgjeutsett. Det er med dette vurdert at planen ikkje byggjer inn ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til havnivåstiging.

### 9.4.4 Høgspent

Det er ikkje sett av byggeområde med formål sensitive for elektromagnetisk stråling i område med høgspent. Planen legg heller ikkje opp til nye trasear for høgspent. I Staurdalen er det 22 og 66 kV linjer tett på og delvis over nytt næringsområde, men det er her føresett at næringsområdet vert utnytta slik at linjene ikkje går tett på bygg for opphald og at anbefalte tryggleiksavstandar vert overhalde. Eksisterande høgspentlinjer er lagt inn med faresone i plankartet med krav til vurdering før eventuell bygging. Det er med dette vurdert at planen ikkje byggjer inn ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til elektromagnetisk stråling frå høgspenningsanlegg.

### 9.4.5 Grunntilhøve

For fleirtalet av byggeområda er det trass i at dei ligg under marin grense ikkje særleg grunn til å anta at det er ustabbile grunntilhøve. Det er ikkje registrert kvikkleire i Hyllestad. Grunntilhøve bør i alle tilfelle undersøkast som del av byggemelding. For bustadområde ved Hyllestad sentrum er det sett krav til grunnundersøkingar som del av reguleringsplan. Området ligg i skrånande terreng, registrert som beståande av lausmassar. Gitt kravet til utgreiing av stabilitet for dette området, samt eventuell sikring dersom dette er mogleg og nødvendig, er det vurdert at planen ikkje byggjer inn ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til grunntilhøve.

### 9.4.6 Vind/ekstremvêr

Hyllestad er ei kystkommune som er relativt eksponert for vind og ver. Klimaframskrivingar varslar meir

Høyringsutkast

ekstremvêr i høve til regn, men ikkje nødvendigvis meir vind. Sentra i kommunen er lokalisert i meir skjerma område. Dei fleste av utbyggingsområda ligg relativt skjerma. Skrånande terreng med avgrensa harde flatar gir eit visst vern mot effektar av kraftig regn knytt til overvatn. Nokre av utbyggingsområda ligg eksponert mot relativt opne fjordstrekk og kan vere meir utsett for vind.

Eksponering mot ekstremvêr er likevel ikkje vurdert som å vere ein særleg risiko, gitt krav til byggverk som følgjer av TEK. Det er vurdert at planen ikkje byggjer inn vesentleg ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til vind og ekstremvêr.

### 9.4.7 Samlokalisering

Det er ikkje registrert uheldig samlokalisering som følgje av nye byggeområde.

### 9.4.8 Trafikk

Det er registrert 34 trafikkulykker i kommunen dei siste 20 åra, av desse er 7 av dei frå dei siste 5 åra. Gang- og sykkelvegnett er i avgrensa grad etablert i Hyllestad, og finnast ikkje utanfor etablerte sentre. Avkjørslar, kryssing av hovudvegane, samt ferdsel langs vegane er omfatta av potensiell risiko. Nye bustadområde er lagt knytt til eksisterande sentre kor det er etablert infrastruktur og gjeldande standardar for avkjørsleutforming skal følgjast for all tilknyting til offentleg veg. Rekkjefølgjekrav til etablering av fortau/gang- og sykkelveg må vurderast i påfølgjande reguleringsplanar. Gitt desse føresetnadene er det vurdert at planen ikkje bygger inn ny risiko. Gitt at planen opnar for utbygging vil dette kunne generere meir trafikk, dette er likevel av så avgrensa karakter at det er vurdert å ikkje auke eksisterande risiko.

### 9.4.9 Brot infrastruktur

Brot på infrastruktur kan kome på grunn av skred, flaum, ekstremvêr eller ulykke av anna slag. Til ein viss grad vil det vere pårekneleg med mindre brot av kortare varigheit. Nye byggeområde for bustad ligg i område med to tilkomstveger og hovudsakleg med noko redundans i anna infrastruktur. Gitt Hyllestad sin utstrekning og lokalisering er dette ikkje tilfelle i dei meir perifere delane av kommunen. Her vil brot i infrastruktur kunne få større konsekvensar. Andre tiltak enn dei nemnde bustadområda vert likevel lokalisert i område med etablert infrastruktur og er primært ei utviding av eksisterande strukturar, det er derfor vurdert at planen ikkje byggjer inn vesentleg ny risiko eller aukar eksisterande risiko knytt til brot på infrastruktur.

### 9.4.10 Responstid for utrykkingskjøretøy

Brann er lokalisert i Hyllestad sentrum, ambulanse på Lavik i Høyanger, og lensmann i Dale i Fjaler. Dette gir lang utrykkingstid til utkantane av kommunen, men ikkje lengre enn det som er påreknelig i kommunar som ligg mindre sentralt til. Nye bustadområde er lokalisert i etablerte sentre med relativt kort utrykkingstid. For fritidsformål er utrykkingstid til dels vesentleg lengre. Også etablert næring og strukturar som vert sett av til næringsformål ligg med relativt lang utrykkingstid. Gitt fordeling mellom arealformål og utrykkingstid er det vurdert at risiko ved nye tiltak er akseptabel og planen er ikkje vurdert å auke eksisterande risiko.

Høyringsutkast

# 10 Oppsummering

22 forslag til arealbruksendringar er vurdert. Gjennom arbeidet med KU og ROS-analysen og planvask er fleire av innspela redusert i omfang og det er innarbeidd ei rekkje avbøtande tiltak i føresegnene. Arealtabellen under syner den arealmessige utviklinga som følgje av at innspela vert teke inn i planen.

| Formål | Samla eksisterande | Samla ny KPA | Endring | Endring i % |
|---|---|---|---|---|
| Bebyggelse og anlegg | 136 | 0 | 136 | - |
| Bustader | 509 | 516 | 7 | 2 % |
| Fritidsbusetnad | 2019 | 1028 | -991 | -48 % |
| Sentrumsformål | 1436 | 1052 | -384 | -27 % |
| Fritids- og turistformål | 0 | 187 | 187 | - |
| Råstoffutvinning | 342 | 379 | 37 | 11 % |
| Næringsbebyggelse | 118 | 234 | 116 | 98 % |
| Idrettsanlegg (skytebane) | 83 | 53 | 37 | -36 % |
| Andre typer anlegg (Naust og vassforsyninganlegg) | 0 | 23 | 23 | - |
| Kombinert byggje- og anleggsformål (Bustad og næring) | 0 | 172 | 172 | - |
| Småbåthamn (Småbåtanlegg) | 0 | 152 | 152 | - |
| Akvakulturanlegg | 7685 | 5087 | -2504 | -33,8 % |

Samla sett er framlegg til ny kommuneplan vurdert å vere endringar tilpassa ein vedlikehaldsvekst av lokalsamfunnet. Innspela endrar ikkje på dei strukturelle tilhøva i kommunen på nokon måte. I all hovudsak må framlegg til endringar forståast som styrking av dei eksisterande strukturane som alt er etablerte. Bustader kjem som fortetting i eksisterande sentre, og LNF-spreidd vert nytta som forsterking av eksisterande grender. Fritidsføremål og turisme er også knytt opp mot område med utbygging og etablert infrastruktur. Eksisterande næringar vert styrka forsiktig tilpassa endringar i driftsformer og ønsket om forlenga drift. Planen legg til rette for forsiktig folkevekst og noko lokal sentralisering. Noko landbruksareal går med til å stette dette føremålet, men det er landbruksareal som i stor grad er utan aktiv drift og som ligg som inneklemde restar i etablerte sentre. Avvegingane mellom jordvern og fortetting er ikkje enkle, men det er likevel vurdert at planen har lagt til grunn ein fornuftig balanse.

Det overordna risikobiletet vert ikkje endra av planen. Nye risikofaktorar eller sårbarheit vert ikkje etablert i område kor dette ikkje er til stades i dag. Potensiell skredfare er gjennomgåande i kommunen. Her vil konkrete farekartleggingar før tiltak vert sett i gang avgjere om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje. Vegnettet med avkøyrsler er av varierande standard og er med på å prege den delen av risikobiletet som kanskje oftast hamner i gul sone. Ny utbygging får krav til å opparbeide avkøyrsler og eventuelt utbetre veg etter dagens standard. Slik sett kan nye tiltak vere med på å redusere talet på utrygge punkt, men dei vil samstundes gi noko auka trafikk på vegnettet. Dette er ein balansegang kjent frå store delar av landsdelen og let seg ikkje løyse i heilskap innan kommuneplanarbeidet, eller med det investeringspotensialet som utløysast gjennom planen.

Høring

Kommunehuset
Lifjordvegen 7
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no

[mnd] 2026

Utkast